




Kartlegging og verdsetting av

Naturtypar i Fitjar og Stord



Fitjar og Stord kommunar
Fylkesmannen i Hordaland
Høgskolen Stord / Haugesund
2008

MVA-rapport 2/2008

Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Fitjar og Stord

Fitjar og Stord kommunar
Fylkesmannen i Hordaland
Høgskolen Stord / Haugesund

2008

MVA-rapport 2/2008

Foto på framsida, frå toppen (Foto: Bjørn Moe):

1) Fitjarøyane, 2) Langøy i Fitjarøyane, 3) Frå kulturlandskapet i Fitjar, 4) Gammal furu i Store Tjødnadalen, 5) Vaniljerot i kalkfurskog på Huglo, 6) Tveitvatnet på Huglo, omgitt av edellauvskog og furuskog 7) Vestbøstادتjørn, våtmarkreservat i Fitjar

Ansvarlege institusjonar og finansiering Fitjar og Stord kommunar, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga og Høgskolen Stord/Haugesund (trykking).		Rapport nr: MVA-rapport 2/2008	
Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord.		ISBN: 978-82-8060-061-5 ISSN: 0804-6387	
Forfattarar: Bjørn Moe og Per Fadnes		Tal sider: 133	
Kommunalt prosjektansvarlege: Ove Gjerde (Fitjar) og Oscar Ingebrigtsen (Stord)		Dato: 05.05.2008	
Samandrag: Eit utval av naturtypar i Fitjar og Stord kommunar er kartlagt og verdisett i samsvar med DN-handbok 13 "Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold". Rapporten presenterer resultatane frå dette arbeidet, som i hovudsak er basert på eige feltarbeid frå 2003 til 2008, samt redigering av eksisterande data. I Fitjar og Stord er 27 av dei 56 naturtypene som er skildra i DN-handboka registrert. Alle dei sju hovudtypene er registrert. Totalt 99 lokalitetar er kartfesta og omtalt: 48 i Fitjar og 51 i Stord. Skog er den hovudnaturtypen som har flest registrerte lokalitetar, deretter følger kulturlandskap, ferskvatn/ våtmark, myr, kyst-/havstrand og kalkrike område i fjellet. I samsvar med DN-handboka er lokalitetane verdisette etter ein tredelt skala: A - svært viktige område (31 lokalitetar), B - viktige område (28 lokalitetar) og C - område med lokal verdi (40 lokalitetar). Kvar enkelt lokalitet er gitt ein eigen omtale ("faktaark") bak i rapporten og den geografiske plasseringa er vist på kart. Både områdeskildring og lokalitetane si geografiske avgrensing finst òg på digital form og er lagt inn i Naturbasen, www.naturbase.no . Rapporten inneheld òg ei oversikt over registrerte raudlisteartar innan gruppene karplanter, mosar, sopp og lav. Nokre av artane er presenterte med foto og ein omtale over dagens førekomst på Stord. Raudlista sopp i naturbeitemark er gitt ein noko fyldigare omtale, og alle artane er presenterte med foto og omtale. Det er utarbeidd oversikter over registrerte karplanter (595 taxa) og sopp (531 taxa).			
Referanse: Moe, B, & Fadnes, P. 2008. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord. – Fitjar og Stord kommunar, Fylkesmannen i Hordaland og Høgskolen Stord/Haugesund. MVA-rapport 2/2008: 1-133.			
Emneord: Biologi, botanikk, flora, sopp, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon			
Fitjar kommune Postboks 83 5418 Fitjar Tlf. 53458500 www.fitjar.kommune.no	Stord kommune Postboks 304 5402 Stord Tlf. 53496600 www.stord.kommune.no	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00 www.fylkesmannen.no	Høgskolen Stord/Haugesund Postboks 5000 5409 Stord Tlf: 53 49 13 00 www.hsh.no

Foto i rapporten:

Per Fadnes: Figur 11 (s. 21), trådbregne (s. 32), kvit skogfrue (s. 35), alle bilete av sopp unntatt sauevokssopp
Asbjørn Knutsen: Trollnype (s. 34), havburkne (s. 34), fuglereir (s. 37)
Arne Vatten: Soleigro (s. 31)
Bjørn Moe: Øvrige foto

1. FORORD

I Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling" vart det sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet på sitt areal innan 2003. I samband med dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok med ei oversikt over viktige naturtypar og ei rettleiing for korleis naturtypane skal kartleggast (DN-handboka 13 – 1999, revidert i 2006). Eit utval av naturtypar i kommunane Fitjar og Stord er no kartlagt og verdisett i samsvar med DN-handboka. Denne rapporten presenterer resultatata frå dette arbeidet og presenterer i alt 99 lokalitetar: 48 i Fitjar kommune og 51 i Stord.

Arbeidet har gått i rykk og napp over fleire år. Stord var med som prøvekommune i samband med utarbeidinga av DN-handbok 13, og starta opp med ei tidleg kartlegging like etter at DN-handboka vart utgitt i 1999. Arbeidet vart utført på dugnad gjennom dei botaniske miljøa i kommunen (særleg Høgskulen Stord/Haugesund og Norsk Botanisk Foreining avd. Sunnhordland). Etter kvart låg det føre svært mange lokalitetar, men mange med ei litt usikker avgrensing og ufullstendig omtale. Utvalet av lokalitetar var heller ikkje heilt i samsvar med metodikken i DN-handboka.

I 2003 vart Bjørn Moe kontakta av dåverande miljøvernleiar Oscar Ingebrigtsen i Stord for å gjere supplerande feltarbeid og å samanfatte kartleggingsarbeidet i ein skriftleg rapport samt å beskrive og verdisette lokalitetane i samsvar med DN-handbok 13.

I 2004 tok Ove Gjerde kontakt med Bjørn Moe for å få gjort eit tilsvarande arbeid i Fitjar. Det låg føre eit kommunalt kart over lokalitetar avmerka av lokalkjende, men utan nokon skriftleg omtale av lokalitetane. Dei fleste av desse områda vart undersøkte i felt på nytt i 2004. Etter at feltarbeidet var avslutta, vart det etter avtale mellom dei to kommunane og fylkesmannen bestemt at det skulle lagast ein felles rapport for Fitjar og Stord.

Feltarbeidet er utført i 2003 og 2004 med meir sporadiske suppleringar fram til 2007. Arne Vatten har deltatt i feltarbeidet saman med Bjørn Moe i 2003 og har gitt verdifulle opplysningar om både lokalitetar og artar.

Samtidig som den kommunale kartlegginga av naturtypar pågjekk, undersøkte Per Fadnes ved Høgskolen Stord/Haugesund soppfloraen på ei rekkje lokalitetar i Fitjar og Stord, særleg på naturbeitemark. Arne Vatten deltok på ein del av denne kartlegginga i Fitjar. Dei mange interessante funna frå dette arbeidet har blitt inkludert i den føreliggande rapporten for at denne i mest mogleg grad skal gi eit oppdatert bilete av dagens kunnskapsstatus for sopp- og planteartar og prioriterte naturtypar i Stord og Fitjar. Per Fadnes har skrive kapitlet om soppene, og har elles gitt viktig supplement til andre delar av rapporten, m.a. innspel til lokalitetar og opplysningar om artsførekomstar.

Den innleiande, generelle delen av rapporten omtalar bakgrunnen for prosjektet og er i hovudsak skreven av Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen har òg stått for digitalisering av kartmaterialet, layout og redigering av rapporten.

Høgskolen Stord/Haugesund har stått for trykking av rapporten.

April 2008

Bjørn Moe
Botanisk Utredning

Per Fadnes
Høgskolen Stord/Haugesund

2. INNHALD

1. FORORD	5
2. INNHALD	7
3. INNLEIING	9
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	9
BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD	9
KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?	9
4. KART OVER BIOLOGISK MANGFALD	10
KVA SKAL KARTLEGGAST?	10
KARTFRAMSTILLING	10
BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD	10
OPPDATERING OG REVISJON	10
5. NATURGRUNNLAGET I FITJAR OG STORD	11
GEOGRAFI OG AREALBRUK	11
LANDSKAP OG GEOLOGI	11
KLIMA OG VEGETASJONSSEKSJON	12
FLORA OG LITT HISTORIKK	13
6. NATURTYPAR	14
GENERELT	14
NATURTYPAR PÅ STORD	14
Myr (A)	15
Rasmark, berg og kantkratt (B).....	17
Kalkrike områder i fjellet (C)	18
Kulturlandskap (D)	19
Ferskvatn/våtmark (E).....	22
Skog (F)	24
Kyst og havstrand (G).....	27
7. RAUDLISTEARTAR	28
GENERELT	28
RAUDLISTA PLANTER OG SOPP PÅ STORD	28
SOPP I KULTURLANDSKAPET	40
8. NATURVERNOMRÅDE I STORD OG FITJAR	50
9. STATUS OG OPPFØLGJANDE KARTLEGGING	51
10. LITTERATUR	51
KART OG FAKTAARK	55
VEDLEGG 1. Floraliste (karplanter)	115
VEDLEGG 2. Fungaliste (sopp)	125

3. INNLEIING

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, arvestoffet til livsformene og det samspelet desse livsformene er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling planter og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald av økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tek vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har bestandane av fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområde rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir òg våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjør eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "*Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*" uttrykt ei politisk målsetting om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunen sitt areal innan år 2003. Som ei oppfølging av dette

gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-handbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen, men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er ofte svært mangelfullt. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønske at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar òg på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen (òg kalla Biodiversitetskonvensjonen) frå 1993 er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske og materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig for oss i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet mellom organismane, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om dei færraste av oss lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Eit stort biologisk mangfald kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar òg for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitetar.

Etiske argument: Nokon meiner at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

4. KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999, revidert internettutgåve 2007)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001, revidert internettutgåve 2007)
- Førekost av raudlisteartar (Artsdatabanken, Kålås mfl. 2006)

Denne rapporten omhandlar naturtypar, flora og raudlista plante- og soppantar. Stord og Fitjar har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde (Steinsvåg & Overvoll 2004).

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen framstiller samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men òg anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartlegginga av naturtypar er ikkje fullstendig, og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap, er det viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

5. NATURGRUNNLAGET I FITJAR OG STORD

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Stordøya er fordelt på kommunane Fitjar i nord-vest og Stord i søraust. Areala er ganske like, med Stord på 144 km² og Fitjar på 145 km² (Nøttveit 2006). I tillegg til hovudøya er det ei rekkje små og nokre ganske store øyar i dei to kommunane, frå dei talrike Fitjarøyane i nord-vest, Huglo og Storsøy i aust og Føyno og Nau-tøy i sør.

Fitjar er eit øyrike med heile 376 små og store øyar (Helland-Hansen 2004). Øyane høyrer til strandflata og er eit lågtliggende landskap i nær kontakt med havet (Figur 1). Landet stig gradvis mot aust, til det høgaste punktet i Fitjar, Litlasåto, 676 m o.h. Morenejorda som breen la etter seg etter siste istid dannar grunnlaget for ganske store jordbruksområde, og omlag 7 % av kommunen sitt areal er jordbruksareal. Men arealet med lågproduktiv utmark er òg høgt (77 %). Det meste av dette arealet er skrinn lyngmark, grasmark, myr og impediment, både ved kysten og i fjellet. Produktiv skog dekker om lag 10 % av arealet, ferskvatn 5 % og tettstader 1 % (Helland-Hansen 2004).

Stord kommune ligg i større grad på næringsrik berggrunn. Her utgjer lågproduktiv utmark berre 45 % av arealet, og 37 % av kommunen sitt areal er produktiv skog. Andelen dyrka jord og ferskvatn er omlag som i Fitjar, høvesvis 7 og 4 %. Busetnad og næringsverksemd er i stor grad konsentrert i sørlege del av kommunen, rundt kommunesenteret Leirvik, og omlag 7 % av kommunen sitt areal er definert som tettbygd område. Fjellområda på Stordøya er nokså likt fordelt mellom dei to kommunane. Det høgaste punktet Medhamarsåto (749 m o.h.) ligg i Stord.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Fitjar og Stord viser gradientar, frå havet og det låge øyriket i vest, til fjellplatået på Stordøya som er ganske høgt til å ligge såpass nær kysten. På austsida av Stordøya går landskapet bratt ned mot fjorden. Huglo ligg på grensa mellom Langenuen, Husnesfjorden og Hardangerfjorden. Det er ikkje utan grunn at Stordøya har blitt kalla for eit "Noreg i miniatyr".

Berggrunnen på Stord er svært variert og ei viktig årsak til den store variasjonen av naturtypar. Fitjarøyane er for det meste bygd opp av granitiske bergartar som vitrar dårleg og gir grunnlag for surt jordsmonn og mykje impediment. Granitten dominerer òg langs vestsida av Stordøya. I nordaust er det eit stort felt med omdanna gabbro som strekker seg sør til Grønafjellet. Saman med grønstein gir den grunnlag for rikare vegetasjon der fjellet er litt oppsmuldra og gruset, gjerne i bratte skrentar og bekkekløfter (Figur 8). På fjellet er det òg svært harde bergartar av granitt og kvartskeratofyr. Spesielt Huglo er dominert av den sure kvartskeratofyren, og har stadvis mykje impediment og svært lite vegetasjon, men langs vest- og austsida av øya er det kalkspatmarmor (omdanna kalkstein) som gir grunnlag for uvanleg rik og frodig vegetasjon.

Låglandet i Stord kommune ligg på bergartar frå kambrosilur. Desse næringsrike bergartane ligg i eit breitt belte som held fram mot Tysnes i nordaust og mot Bømlo i sørvest. Bergartane søraust på Stordøya inneheld m.a. fyllitt og grønstein/grønskifer og ligg inn mot ei forkastingsone som går i nordaustleg/sørvestleg retning. På den andre sida av forkastninga er det harde og sure bergartar. Det er dette som har gitt opphav til det



Figur 1. Fitjarøyane sett frå Fonno (forgrunn) og vestover. Vegetasjonen på øyane er svært varierende og kan skiljast i tre kategoriar: 1) open lynghei i god hevd, 2) ung skog og kratt etter naturleg attgroing og 3) planta skog.



Figur 2. Fjellheia på Stordøya har i hovudtrekk ein oseanisk heivegetasjon med mykje storbjønnskjegg (biletet) og andre kystplanter, men mindre område med alpine artar som reinrose, fjellsmelle og dvergbjørk finst òg (sjå Figur 8). Fotoet er tatt mot søraust frå Grønafjellet, med Storsøy, Huglo og Skorpo i bakgrunnen.

skarpe skjiljet mellom det frodige låglandet på Stord og dei karrige fjellområda frå Kattnakken og vidare mot nord. Næringsrike bergartar i kombinasjon med morenejord, marine avsetjingar og andre lausmassar gir grunnlag for ein rik og fordig vegetasjon i låglandet sør på Stordøya.

KLIMA OG VEGETASJONSSEKSJON

Frå Fitjarøyane i vest til Huglo og Storsøy i aust er det ein nokså sterk klimagradiant. Både nedbør og temperatur viser store forskjellar mellom ulike målestasjonar. Slåtterøy vest i Bømlø har ein normal årsnedbør på 1209 mm, under halvparten av Børveit på austsida av Stord, som har 2661 mm. Nedbøren på Børtveit er svært høg i forhold til andre stasjonar i tilsvarande avstand frå kysten. Dette blir forklart med at fjella på Stordøya ikkje er høge nok til å danna regnskugge på austsida, og nedbøren blir høgare på austsida enn på vestsida av fjellet.

For Slåtterøy er forskjellen i middeltemperatur for årets kaldaste månad (februar 1,9 °C) og varmaste månad (august 14,6 °C) berre 12,7 °C. Dette er eit typisk oseanisk fenomen, og skuldast at havvatnet held lenge på varmen utover hausten og vinteren. Dette reduserer risikoen for tidleg nattefrost om hausten. Vekstsesonen blir dermed lang, sjølv om den ikkje er særleg varm. Aust i Stord er nok temperaturforskjellane større, og det er grunn til å rekne med at somrane er

varmare, særleg i lune bergveggar der lokalklimaet er gunstig.

På grunnlag av klima og topografi er Fitjar og Stord delt inn i tre vegetasjonsseksjonar (Moen 1998):

Fitjarøyane og vestsida av Stordøya høyrer til *O3t, sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon*. Denne er karakterisert av vegetasjon som er særleg kjenslevar for frost, og finst berre i låglandet (i boreonemoral sone) innan dei mest vintermilde delane av landet. Kystlynghei med mykje purpurlyng er typisk.

Austsida av Stordøya høyrer til *O3h, sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon*. Denne er karakterisert av vestlege vegetasjonstypar og artar med krav til høg luftfukt. Dei alpine sonene er artsfattige ved at dei manglar ei rekkje fjellartar som krev relativt kalde, stabile vinterforhold. På austsida av Stordøya finst det fleire fjellartar, men dei er sjeldne. Det er lokalt mykje dvergbjørk, noko som er uvanleg for denne sona på Vestlandet. Hinnebregne og mange andre oseaniske artar er karakteristiske.

Huglo og Storsøy kan truleg reknast til *O2, klart oseanisk seksjon*. Vestlege vegetasjonstypar og artar pregar òg denne seksjonen, men til forskjell frå O3, inngår svakt austlege trekk, noko som delvis heng saman med lågare vintertemperatur og høgare sommartemperatur i O2 enn i O3. At

Huglo og Storsøy høyrer til O2 er rimeleg ut frå innslaget av meir eller mindre varmekrevjande artar knytt til edellauvskog og rikare furuskog. Den store førekomsten av purpurlyng på Huglo stemmer rett nok ikkje, sidan denne arten blir brukt til å skilje O3 frå O2 (Moen 1998).

FLORA OG LITT HISTORIKK

Store gradientar i klima frå aust til vest og eit spenn over tre vegetasjonsseksjonar, er ei viktig årsak til at floraen i Fitjar og Stord er artsrik. I tillegg kjem baserik berggrunn som gir grunnlag for mange kalkkrevjande artar, særleg i Stord kommune. Det har lenge vore kjent at Stord har eit rikt planteliv, og floraen er difor godt undersøkt. Miljøet knytt til Høgskulen har i lang tid vore sentral for utforskinga av plantelivet, og kunnskapen om både botanikarane og plantelivet på Stord er skildra av Kristen Sørheim i "Floraen på Stord" (1969).

I "Floraen på Stord" presenterer Sørheim ei oversikt over alle karplantene som er registrert på Stord. Sidan floraen er i endring, både fordi bruken av utmarka har endra seg og fordi klimaet har blitt mildare, er det behov for ein revisjon av denne ca. 40 år gamle floralista. I samband med kartlegginga av naturtypar har det difor blitt laga ein ny floraliste for Fitjar og Stord (vedlegg 1).

Floralista inneheld 595 taxa, eit høgt tal for eit såpass lite areal som Fitjar og Stord kommunar. Dei oseaniske artane er i klart fleirtal, med ei lang rekkje artar som i Noreg er knytt til kyst- og fjordstroka (Fægri 1960). Desse artane er i større eller mindre grad kjenslevare for frost og avhengige av eit mildt vinterklima, og for mange artar er det avgjerande at vekstsesongen er lang. Purpurlyng og havburkne er to døme på hyperoseaniske artar som berre veks på ytre Vestlandet, men dei er registrert såpass langt aust som til Huglo. Artar som bergflette og blodstorkenebb (Figur 3) er sørlege kystartar som veks i kyststroka nord til Sunnhordland. Begge kan reknast som litt varmekrevjande. Varmekrevjande (sør-austlege) artar er ikkje vanleg på Stordøya fordi sommartemperaturen er for låg, og slike artar er helst knytt til Austlandet og indre Vestlandet (Fægri & Danielsen 1996). Nokre finst likevel på Stord, slik som vårrublom og sølvmore som veks sparsamt på strandberg. Fjellplatået på Stordøya ligg godt over skoggrensa og er såpass stort at det er forhold for rik fjellvegetasjon der det er baserik berggrunn. Stordøya har vestlege utpost-lokalitetar for reinrose og fjellburkne, som begge er alpine artar (Gjærevoll 1990).



Figur 3. Blodstorkenebb er ein sørleg oseanisk art som veks i kyststrok frå Oslofjorden til Sunnhordland. Den veks helst på kalkrike strandberg og i kalkfuruskog der det er gode lysforhold.

6. NATURTYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 67 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13). 50 av desse naturtypene finst òg i Hordaland. Naturtypene som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriteria som er brukte ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er truga, ofte ved at veksestaden eller leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og kulturlandskap med gamle, ugjødsle beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med det potensialet som finst i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er sprøytoner frå fossar, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan

ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

Kriteria for verdisetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar

Skala for verdisetting:

- A: Svært viktig
- B: Viktig
- C: Lokal verdi

NATURTYPAR PÅ STORD

På Stord er det registrert 27 naturtypar av dei 67 som er skildra i DN-handbok 13. Naturtypene er fordelte på alle dei sju hovudtypene. Totalt 99 lokalitetar er kartlagde, med totalt 137 naturtypeeiningar. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypene går fram av Tabell 1. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 3. Kvar enkelt lokalitet er skildra på eigne "faktaark".

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturtypene og førekosten av desse i Fitjar og Stord. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypene viser ein til Fremstad (1997) og Direktoratet for naturforvaltning (1999, 2006).

Tabell 1. Kartlagte naturtypar i Fitjar og Stord fordelt på naturtype og verdi

Hovudtype (tal førekomstar*)	Undertype	Kode	Verdi			Total*	
			A	B	C		
Myr (12)	Rikmyr	A05		3	1	4	
	Kystmyr	A08	1	4	3	8	
Rasmark, berg og kantkratt (10)	Sørvendt berg	B01	2	1		3	
	Kantkratt	B02	2	1		3	
	Nordvendt kystberg	B04	1	3		4	
Fjell (5)	Kalkrike område i fjellet	C01	1		4	5	
Kulturlandskap (37)	Slåttemark	D01		1		1	
	Naturbeitemark	D04	8	5	2	15	
	Beiteskog	D06	2	3	2	7	
	Kystlynghei	D07	3	4	5	12	
	Skrotemark	D15			1	1	
	Gruver	D16			1	1	
Ferskvatn/våtmark (19)	Mudderbank	E02	4	1	1	6	
	Viktig bekkedrag	E06			1	1	
	Rik kulturlandskapssjø	E08	5	1	6	12	
Skog (43)	Rik edellauvskog	F01	4	5	5	14	
	Gammal, fattig edellauvskog	F02		1		1	
	Kalkskog	F03	5	1	1	7	
	Rikare sumpskog	F06	1	3	2	6	
	Gammal lauvskog	F07	1			1	
	Gammalskog	F08		1		1	
	Bekkekløft	F09			2	2	
	Brannfelt	F10		1	1	2	
	Kystfuruskog	F12	2	2	5	9	
	Kyst og havstrand (11)	Strandeng og strandsump	G05	3	1	3	7
		Rike strandberg	G09	2	1	1	4
	Totalt*			47	43	47	137

* Det er kartlagt 137 naturtypeførekomstar fordelt på 99 lokalitetar (sjå tabell 2 og kart 2 bak i rapporten). Nokre av lokalitetane inneheld meir enn ein naturtype, og difor er talet på naturtypeførekomstar høgare enn talet på lokalitetar.

Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. På slike stader blir det mangel på oksygen, og nedbrytinga av dødt organisk materiale stoppar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestane, og det blir danna organisk jord eller torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på, m.a. etter danningmåte, hydrologi, utforming og vegetasjonstypar (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999).

Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin, som vern mot flaum og som naturlege reinseanlegg.

I heile Hordaland er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Men i kyststrok, der det er høg luftfukt, hyppig nedbør og relativt kjølige somrar, kan det lettare bli danna myr på fast

grunn enn lenger inne i landet. Dette heng saman med at det heilt ute ved kysten er lite skog som kan suge opp vatnet frå jorda, dermed blir jorda fuktigare. Myr som blir danna i skrånningar i kupert terreng blir kalla terrengdekkande myr. Dette er ein type kystmyr som på Stord først og fremst finst i i fjellområda og i den skoglause lyngheia i Fitjarøyane. Det er registrert restar av denne myrtypen på Hanøy og andre øyar, men det er lite att av den i Fitjar i dag. Dei terrengdekkande myrane hadde ei vidare utbreiing tidlegare, men gjennom lang tid har mennesket skore torv til brensel, og restane av jorda og torva er seinare vaska vekk. Mange stader der det i dag berre er nakent berg, har det tidlegare vore torvdekke. Ei stor og fint utvikla terrengdekkande myr ligg ved Heia, eit område med lokalt høg nedbør (jf. Børtveit klimastasjon) og med typisk lokalisering i overgangen mellom skogen og fjellet. På dei høge tuene er vegetasjonen ombrotrof, dvs. at plantene får all næringa frå regnvatnet (Figur 4).



Figur 4. På Heia (lok. 52) sør for Kattnakken ligg det ei stor terrengdekkande myr med tjukke torvlag og høge ombrogene parti. Myra ligg i skrånande terreng, i overgangen mellom skogen og fjellet. Terrengdekkande myr blir danna i fuktig klima med høg nedbør.



Figur 5. Ved Rognabekken (lok. 59) sør for Haugland ligg denne store myra, med fine gradientar frå tuer i kanten av furuskogen og ut til blaute parti der det tidlegare låg eit tjørn (attgroingsmyr). Vegetasjonen er intermedjær med litt innslag av rikmyr.

Fuktig klima dannar grunnlag for myrdanning i skråningar (bakkemyr) opp til ei viss helling. Dei fleste bakkemyrane ligg i dalsøkk eller slake skråningar, gjerne på litt høgare nivå. Torva er minerogen og blir ikkje like tjukk som den terengdekkande myra.

I Fitjar og Stord er det mykje attgroingsmyr, eller blautmyr som ofte ligg i tilknytning til små tjørn. Langs vatnet vekst det flytande matter som gradvis fyller tjørnet med torv. I slike tjørn kan det vekse svært sjeldne artar, som t.d. storak i Iglatjørn myrreservat. Dersom tjørnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodd og forsvinne. For storakbestanden i Iglatjørn kan dette på sikt bli eit problem. Mange myrar ligg inntil kanten av tjørn og er eit resultat av attgroing med torv i vatnet (limnisk myr). I naturtypekartlegginga kan mindre område med limnisk myr i kanten av vatn, vere inkludert i naturtypen rike kulturlandskapssjøar (E08), t.d. som ved Tveitvatnet og den klassiske lokaliteten med storak.

Nokre stader der det ligg tett torv på ei jamn myroverflate, har det vore eit eller fleire tjørn tidlegare. Døme på dette er ved Rognabekken som er ei intakt låglandsmyr, berre 60 m o.h. (Figur 5). Myrområde med slik storleik er sjeldne i låglandet, og i Stord er mange av dei truga av grøfting, drenering og skogplanting.

Myrvegetasjonen på minerogene myrar er eit resultat av påverknad frå baserike bergartar. Slike rikmyrar har ein vegetasjon med mange kravfulle artar som myrsaulauk, breiull, brunskjene, blåstorr, loppestorr og engstorr. Myr med den sjeldne brunskjene finst ved Ulvatjørn og ved Iglatjørn, og det er i furuskogsområda her vi finn dei rikaste myrane på Stordøya. Elles finst det mindre område med rikmyr på Huglo.

Ytst mot ope vatn er lausbotn og mjukmatte dei dominerande myrstrukturane. Dikesoldogg og gytjeblererot, samt den meir sjeldne nøkkesiv er karakteristiske artar.


Vegetasjonen på dei fattige myrane er meir einsarta og består av nøysame artar som torvull, duskull, klokkelyng, rome og storbjønnskjegg. Slik myr er vanleg både i lyngheia ved kysten og i fjellområda. På fjellet vekst det dvergbjørk på nokre av myrane, noko som er uvanleg i kyststroka i Hordaland. Førekomsten av dvergbjørk her kan vere ein relikvt frå seinglasial tid (like etter istida).

Rasmark, berg og kantkratt (B)

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen

mellom skog og opne habitat, på bergknausar, tørre steinete bakkar og skrentar. Det er først og fremst areal under skoggrensa som er interessante, men fleire rasmarker ligg i overgangssona mellom skogen og fjellet. Naturtypen dekkjer generelt nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, opne stader.

Fleire forhold gjer at rasmarker er nøkkelhabitat for planter: Sør- og austvendte rasmarker har ofte eit varmare lokalklima med god innstråling og høgare temperatur enn områda rundt. Bratt topografi og lite jordsmonn gjer lokalitetane lysopne, og rørsler i lausmassane og skredaktivitet opnar for gode forhold for pionérsamfunn. Også nordvendte rasmarker kan vere interessante, med førekomst av hardføre fjellartar. I Fitjar og Stord er større rasmarker ikkje særleg utbreidd fordi høgdeforskjellane vanlegvis er små, og snøskred er ikkje nokon viktig økologisk faktor i dette snøfattige området. I mindre målestokk kan likevel rasmark vere viktig i skogområde under berghamrar med innslag av finkorna forvitingjord blant grovare materiale av stein og blokker. Breiflangre og bergfaks kan vere typiske på slike stader.



Figur 6. Huglahammaren (lok. 89) på sørspissen av Huglo er eit sørvendt berg med gunstig lokalklima, godt verna mot frost. I dei kalkhaldige bergsprekkene vekst det havburkne.



Figur 7. I denne bergveggen på Føyno (lok. 85) veks den sjeldne skjelporelaven. Lokalitetar med raudlista lavartar er ofte knytt til slike sørvendte, skifrigge berg med gunstig lokalklima. Kristtorn på berghyller er typisk i slike område.

I rasmark på Stord kan det vekse buskar og kratt med dvergmispel, roser, rogn og asal. Slike kratt finst òg som kantsoner i skog, i kulturlandskapet og langs vegkantar. Kantkratt kan òg finnast i strandområde, innanfor strandeng eller strandberg, særleg på baserik berggrunn. Strandberg kan vere artsrike habitat, og inneheld gjerne ein fargerik flora av blodstorkenebb, strandlauk, strandsmelle og rundskolm som grensar til ei sone med kantkratt innanfor.

Der bratte klipper er eksponert mot ope hav finst spesielle habitat med sjeldne artar, der særleg havburkne er karakteristisk. Denne vintergrøne bregna veks i sprekkar i vertikale strandberg som er avhengig av at noko søllyss slepp inn. Difor er sprekkene den veks i alltid vendt mot sør eller vest. Berg med havburkne ligg like over flomålet, og arten veks i tuer, godt skjerma under overheng. Den største førekomsten av havburkne i Stord og Fitjar ligg på Huglohammaren, på sørspissen av Huglo (Figur 6). Arten har òg ein mindre førekomst på Eidøya i Fitjar. Elles har øyane i Fitjarskjergarden ofte ikkje høge nok bergveggar til at havburkne kan vekse der, sjølv om klimaet skulle passe bra.


Vertikale bergveggar og store blokker er òg habitat for hinnebregne og fleire artar av mosar og lav. Nokre lokalitetar på Stord er "hot spots" der

fleire raudlista lavartar finst på same lokalitet. Døme på slike artar er skjelporelav, kystblåfiltlav, kystprikklav og randprikklav. Desse artane finst gjerne på lune stader som ligg verna mot nordavind. Bergveggane eller blokkane dei veks på ligg gjerne i skog, helst edellauvskog og rikare furuskog, og oftast nært sjøen. Under naturtypekartlegginga er enkelte område med sjeldne lavartar difor plassert i naturtypen skog. Nokre av artane er meir knytt til habitat med høg luftfukt, i naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark (B04).

Kalkrike områder i fjellet (C)

Fjell er definert som område over den klimatiske skoggrensa. Som økosystem er fjellet sårbart, fordi ein her nærmar seg yttergrensa for kor det er mogleg å leve. Sjølv om mange fjellområde tilsynelatande er urørte, er store område likevel påverka når vi reknar med beiting frå husdyr. Regulering av vatn, kraftlinjer, vegar og eit planlagt steinbrot er aktuelle typar påverknad i fjella på Stordøya.

Langvarig snødekke, låg temperatur og kort vekstsesong gjer at fjellet kan vere sårbart sjølv for små endringar i klimaet. Varmare klima og høgare skoggrensa kan føre til meir vegetasjon i fjellet, dermed blir det hardare konkurranse og mindre tilgjengeleg areal for fjellplantene. For



Figur 8. På Grønafjellet, Tindane (lok. 44) er det rik fjellvegetasjon i gjel og bergskårer på gabbro. Her veks reinrose, fjellsmelle og andre fjellplanter som er sjeldne på kystfjella.

fjellplantene på Stordøya er mildare klima ei aktuell problemstilling sidan fjella er såpass låge at det på lengre sikt vil bli mindre areal å vekse på dersom skoggrensa kryp oppover.

Plantene sin tilgang på næring er ein annan viktig økologisk faktor i fjellet. Mange fjellplanter er mineraljordsplanter som krev skifrige bergartar som forvitrar lett. Dette fordi jordsmonnet i fjellet ofte er dårleg utvikla med lite lausmassar, og fjellplantene må vekse i bergsprekker, ofte rett på steingrunnen. På Stordøya kan bergartar som grønstein, grønskifer og gabbro stadvis gi grunnlag for rik fjellvegetasjon, men slik vegetasjon er sjeldan her (Meyer 1983). Mindre område med rik fjellvegetasjon finst likevel i enkelte bratte bergskrentar og bekkekløfter både i Fitjar og Stord.

Den einaste lokaliteten for reinrose på Stordøya er på gabbroen på Grønafjellet i Fitjar (Figur 8). Reinrose er ein god indikator for kalkkrevjande fjellvegetasjon, og på Grønafjellet veks den saman med m.a. dvergbjørk, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel og svarttopp. Dette er vanlege fjellplanter i fjella lenger aust i fylket, men her på kystfjella er slik vegetasjon sjeldan. Talet på fjellplanter minkar dess nærmare kysten ein kjem (Moe 1995). Grønafjellet er den vestlegaste lokaliteten for reinrose i Hordaland, og kan hende er fjellplantene her reliktar frå ein tidleg pionervegetasjon frå tida like etter siste istid (Helland-Hansen 2004). Vegetasjonen i Stordafjellet er elles dominert av oseanisk heivegetasjon med mange kystplanter (Figur 2).

Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket. Dette gjeld eigentleg svært mykje av naturen omkring oss, men i denne samanhengen bruker ein omgrepet "kulturlandskap" på naturtypar der menneska har hatt og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og utvalet av artar. Dette gjeld først og fremst jordbrukslandskapet. Gjennom ulike bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt utforma mange ulike leveområde for planter og dyr i kulturlandskapet. For mange av artane er det truleg dei gode lysforholda, som ei følgje av slått og beiting, som er spesielt viktige.

Områda som er aktuelle i naturtypekartlegginga er først og fremst restar av landskap drivne etter gamle, småskala driftsformer. Mange slike område har blitt dreve på same måten over svært lang tid, og kan ha ein stor diversitet av artar som er tilpassa ulike former for forstyrning (beite og slått). Etter kvart som dei gamle driftsformene forsvinn, blir fleire av artane som i dag er knytt til slike område stadig sjeldnare. Det er spesielt to årsaker til at mange artar i det tradisjonelle kulturlandskapet har gått tilbake: Intensiv drift med kunstig gjødsling og attgroing av område som ikkje lenger er i drift. I område under attgroing vil engartar kunne klare seg ei stund, kanskje i nokre tiår, men dei blir gradvis sjeldnare, og dei sluttar å bløme før dei endeleg blir heilt borte.

I Fitjar og Stord har det som på resten av Vestlandet skjedd ei attgroing av mange gamle, tradisjonelle kulturlandskap. Mykje av arealet som



Figur 9. Skumsnes (lok. 30) er eit interessant område med kystlynghei og naturbeitemark. Delar av området er relativt nyleg brent. Brenning er ein effektiv måte å fjerne eineren på og å få att ung lyng. Fotoet viser tydeleg grensa mellom brent og ubrent mark.



Figur 10. Etter brannen står det att restar av den gamle, forvæda lyngen, men ny lyng kjem raskt opp, både frå røter og frå frø i jorda. Dei nye lyngplantene er grønne og mjuke og har høg beiteverdi.



Figur 11. Hovaneset (lok. 58) er eit område med artsrik naturbeitemark som har vore driven på tradisjonelt vis, utan gjødsling, i lang tid. Ingen andre stader på Stord er det funne så mange raudlista artar av beitemarksopp som her.

tidlegare var utmarksbeite, gror til med skog av furu, bjørk, hassel og andre lauvtre. Ein omfattande bruk av kunstgjødsel har redusert mangfaldet i mange av dei områda der marka er i bruk til slått og beite. Artar knytt til det gamle, tradisjonelle jordbruket har difor blitt sjeldne eller heilt borte. Det er òg blitt planta mykje gran og buskfuru i dei gamle kulturlandskapa.

Kystlynghei (D07)

Ein kulturlandskapstype det framleis finst mykje att av i Fitjar er kystlyngheia. Lyngheilandskapet er meir eller mindre dominerande langs heile vestkysten av Noreg, og er eit resultat av langvarig hevd med lyngbrenning og husdyrbeiting. Sidan røsslyngen har verdi som beiteplante også om vinteren, kan beitedyra gå ute heile året i det milde klimaet. Lyngheidrifta har vore ein måte å bruke den skrinne jorda på, og dermed fekk ein utnytta områda som var ueigna til å dyrke opp.

I lyngheia i Fitjarøyane veks det lokalt mykje purpurlyng, heistorr, kystmaure, kystmyrklegg og ei rekkje andre karakteristiske artar som er bundne til vestkysten av fylket. Fleire av øyane har fine utformingar av purpurlynghei, og dette er eit av hovudområda for denne naturtypen i Noreg.

I Fitjarøyane har kystlyngheia vore driven på tradisjonelt vis i mange hundreår. Det har vore fast busetting på 40 av øyane (Nøttveit 2006), men på 1960-talet var det stor fråflytting. Tidlegare var det knapt buskar og tre på øyane, men i dag er tilstanden varierende (Figur 1). På fleire av øyane er lyngheia framleis i bra stand, og dei siste åra har det vore aukande interesse for å ta opp att drift med utegangarsau. Under feltarbeidet i samband med naturtypekartlegginga vart det fleire stader registrert spor av nyare brenning (Figur 9 og 10). To av øyane, Dyrholmen og Langøya har vore med i ei tidleg kartlegging av kystlynghei (Fremstad et. al 1991). I seinare tid er det blitt utført ei meir detaljert kartlegging av tilstanden til kystlyngheia i Fitjarøyane og resten av Sunnhordland (Nøttveit 2006).

Kystlynghei blir rekna som ei truga naturtype i Noreg pga. attgriing (Fremstad & Moen 2001). Også mange av Fitjarøyane har mist sin verdi som kystlynghei som følgje av skogplanting eller langt framskriden attgriing. Kystlyngheia på dei attgrodde Fitjarøyane er i dårleg stand med mykje høg, forveda og grovvaksen røsslyng. Slik lyng er ueigna som beiteplante. Spesielt på lune stader har eineren breidd om seg til tette kratt. På deler av Fonno er terrenget nesten uframkommelig pga. tett og høgvaksten eineren. Det krev omfattande hogst, brenning og andre tiltak der-

som dei mest attgrodde øyane skal setjast i stand. Det føreligg konkrete planar om skjøtsel i eit større pilotprosjekt, slik at Fitjarøyane på sikt vil kunne framstå som det tradisjonelle kulturlandskapet det var for 50-60 år sidan.

Naturbeitemark (D04)

Naturbeitemark som blir halden i hevd er ein annan prioritert naturtype. Medan kystlyngheia berre finst i Fitjar, er naturbeitemark registrert i begge kommunane. I naturbeitemark dominerer gras og urter, medan lyng manglar eller berre inngår spreidd. Fleire urter som er knytt til naturbeitemark har blitt sjeldnare eller er heilt borte. Solblom var tidlegare kjend frå fleire gardar (Sørheim 1969) i Stord og Fitjar, men er i dag nesten heilt borte. Den einaste kjende førekomssten av solblom i dag er i ein bergsprekk ved elva på Børtveit (lok. 50). Solblom og andre kulturmarsartar som bakkesøte, kvitkurle, marinøkkel og brudespore forsvinn der marka blir gjødsla eller gror att.

Enkelte beitemarker er artsrike og spesielt interessante, ikkje berre fordi dei er haldne i hevd, men òg fordi berggrunnen inneheld kalk, som t.d. på Hovaneset på Stord (Figur 11). Grasartar som hjartegras og kamgras er typiske på kalkrike enger saman med vill-lin, blåstorr og engstorr. Mangfaldet av soppar på beitemark er uvanleg høgt på Hovaneset, med ein rekkje sjeldne og raudlista artar av gruppene vokssopp, raudskive-sopp og jordtunger. Også beitemarksoppene står i fare for å forsvinne når det skjer endringar i det tradisjonelle kulturlandskapet.

Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drive jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. regulering, drenering, attfylling, oppmuring, bekkelukking, bekketretting og forureining.

Vassdraga på Stordøya er talrike, men små, sidan det er kort avstand frå fjellet til låglandet og sjøen. Større elvar, fossar og delta manglar, men det er mange vatn og tjørn her. Dei fleste er næ-

ringsfattige, som vanleg på våre kantar, men i låglandet ligg det fleire næringsrike vatn.


Rike kulturlandskapssjøar er innsjøar i område med aktivt jordbruk, der tilsig frå landbruket påvirkar næringsrikdommen i vatnet. Vatn som ligg under marin grense kan òg ha frodig vegetasjon pga. næringsrik leire på botnen. I jordbruksområda i Fitjar ligg det to næringsrike ferskvatn med frodig sumpvegetasjon (Rimbareidtjørn og Vestbøstادتjørn). Sidan vatna er våtmarksreservat (sjå Odland 1992) er dei ikkje nærmare undersøkt i samband med naturtypekartlegginga. Takrøyr er ein karakterart i desse tjørna, og arten finst òg i enkelte andre kulturlandskapssjøar på Stordøya. Takrøyra kan bli opp til 3 m høge, og dannar ofte tette bestand med lite plass til annan vegetasjon. Små grunne tjørn kan bli heilt attgrodde med takrøyr.

Ådlandsvatnet ligg berre 6 m o.h. og er blant dei største innsjøane på Stordøya (Figur 13). Her veks nokre svært sjeldne og raudlista vassplanter som soleigro, trådbregne og bustsivaks. I Tveitavatnet veks dei raudlista artane storak og evjestorr (Figur 12). Desse vatna har altså ein interessant flora av artar som er svært sjeldne på landsbasis, i tillegg kjem regionalt sjeldne artar som t.d. kjevlestorr.

I enkelte ferskvatn er det gode vilkår for vegetasjon på mudderbankar, skjerma strandsoner og gruntvassområde på fint substrat (leire, mudder, silt og finsand). Her veks det kortskotsplanter som tjønngas, botnegras, evjesoleie og krypsiv. Desse artane veks på strender med grunt vatn som er utsett for å tørke ut. På slike stader er vilkåra for høge sumpplanter dårlege, og dei små plantene unngår dermed konkurranse. Periodar med låg vasstand er ei gunstig tid for bløming/reproduksjon hos soleigro, trådbregne, bustsivaks og andre små vassplanter.

Basiske bergartar gir god bufferevne mot forsur-ing, og vasskvaliteten i områda med gunstig berggrunn på Stordøya har truleg hatt stabilt god vasskvalitet over lang tid. Dette kan vere noko av forklaringa på den store diversiteten av vassplanter på Stordøya.

Fleire av dei nemnde vassplantene har nord-grensa si på Stord.



Figur 12. I Tveitavatnet (lok. 79) veks storak i eit stort bestand på sørsida av ei lita halvøy (Kalverumpa). Arten er ein varmetidsrelikt og har kanskje stått her så lenge som i 9000 år. Storaken i Tveitavatnet vart oppdaga i 1922, og lenge var dette den einaste kjende førekomsten på Vestlandet.



Figur 13. Bestand av kjempepiggnopp i Ådlandsvatnet. Kjempepiggnopp er ei nokså vanleg sumpplante, men Ådlandsvatnet er òg veksestad for fleire svært sjeldne artar på finkorna botn mellom steinar og grus.

Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande. Nest etter høgfjell er skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Om lag 37 % av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet i landet er ca. 55 % barskog og 45 % lauvskog. Desse tala stig etter kvart som utmarka gror att.

Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi, og dannar dermed ei lang rekkje ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte i Noreg, er knytt til skogen. Mange raudlistearter, både dyr og planter, lever i dette økosystemet. Dei fleste tilhøyrer artsrike grupper som insekt og sopp.

Produktiv skog utgjør 37 % av arealet i Stord og 10 % av arealet i Fitjar (Helland-Hansen 2004). Vekstforholda for skogen er generelt gode, men særleg i Fitjar er det produktive skogarealet lågt fordi utmarka er eller har vore mykje brukt til beiting. I dag er skogen i ekspansjon etter kvart som utmarksareala gror att, og mykje av skogen er difor av første generasjon. I enkelte heiområde har det skjedd ei kraftig attgroing med einer. Tette einerkratt gjer det vanskeleg for andre treslag å kome opp, og i slike område tek det difor lang tid før skogen klarar å etablere seg.

Skogen veks opp på nye stader både på øyane og opp mot fjellet, særleg i Fitjar. Skoggrensa ligg ca. 400 - 450 m o.h., men er ofte lågare der det framleis er beitetrykk eller krattvegetasjon av einer. I Stord har skogen fyllt opp det potensielle skogarealet i større grad enn i Fitjar. I Stord kan vi òg finne meir gammal skog enn i Fitjar, og enkelte tre, særleg der ein kjem i litt høgde over havet, kan truleg vere opptil 300 år gamle (Figur 14). Men for begge kommunane er hovudregelen at det var langt mindre skogdekning før, og at svært mykje skog har vakse opp etter ca. 1860-talet.

Som elles i fylket vart det planta ein god del skog i Stord og Fitjar på 1950- og 60-talet. Dette er særleg iaugnefallande på enkelte av Fitjarøyane, der buskfuru veks heilt ut mot strandberga. Det ser ut til at skogplantinga skjedde samtidig med stor fråflytting frå øyane.

Furu er det dominerande treslaget i Fitjar og Stord, men det veks òg opp mykje bjørkeskog på gammal kulturmark. Bjørka er òg vanleg i høgarliggende område, men noko klart belte med fjellbjørkeskog finn vi ikkje på Stordøya. Furu går opp til skoggrensa på låge kystfjell, og denne grensa ligg her på ca. 400 m o.h. (Moen 1998).



Figur 14. I Store Tjødnadalen (lok. 49) finst det gammal furuskog med store og grovvaksne tre. Slike område er sjeldne i kyststroka. I bakgrunnen ligg Storsøy, Huglo og Skorpo.



Figur 15. I Storedalen (lok. 67) ligg det ein stor og rik edellauvskog med innslag av furu. Skogen har eit rikt mangfald av treslag, og enkelte individ er relativt gamle, slik som dette greinfagre lindetreet.



Figur 16. Svartorskog veks på fuktig leirjord fleire stader søraust i Stord, m.a. ved Midthaugen nord for Digernes (lok. 82). Slakkstorr er ein karakterart for rik svartorsumpskog.

Rik edellauvskog (F01)

Rik edellauvskog er skog med varmekjære lauvtr . P  landsbasis er edellauvskog ein sjeldan naturtype som er knytt til kyst- og fjordstr k i S r-Noreg (utgjer omlag 1 % av skogarealet i heile landet). P  Stord ya er ask, hassel, alm, lind, eik og svartor dei viktigaste edellauvtr a. Hassel er spesielt vanleg, og finst i mange andre habitat, som i kanten av kulturlandskapet og spreidd i furuskogen. Hassel er det edellauvtr slaget som er best tilpassa klimaet og terrengformene p  Stord. Alm er sv rt sjeldan i Fitjar.

Edellauvskog er ein gr derik og artsrik skog med krav til relativt varmt sommarklima, lite vinterfrost og lang vekstsesong. Den st r helst p  djup jord i omr de med n ringsrike bergartar, og ofte p  rasmateriale og forvittringsjord under bratte bergveggar. Difor er edellauvskogen best utvikla i Stord kommune, der det er fleire bratte lier med lausmassar i l glandet, under h ge, s r- og s raustvendte fjellsider, som ved foten av den markerte forkastinga i Storedalen (Figur 15). Mange edellauvskogar er sm , og ligg lokalt i tilknytning til bratte bergskrentar, s rleg s raust p  Stord og aust p  Huglo der det er gr nstein, fyllitt eller kalkspatmarmor.

Bl minga startar tidleg i edellauvskogen, i god tid f r lauvsprett. Karakteristiske artar i det tidlege v raspektet er v rk l, v rmarihand, kusymre og skjelrot. I byrjinga av juni er skogbotnen ofte dominert av ramslauk. Det sjeldne grasets bergfaks finst p  steinete stader, ofte under berghamarar. Elles finst ei lang rekkje artar som stortveblad, myske, skogbingel, lundgr naks, skogsvingel, falkbregne og skogstorr.

Ofte har edellauvskogen spor av styving og beiting (DN 1999). Innslag av gamle stuvar finst der edellauvskogen har relativt lang kontinuitet, men er likevel sjeldne i edellauvskogen p  Stord, noko som tyder p  at lauving ikkje har vore like vanleg som lenger inne i fjorden, som t.d. i Etne og Kvinnherad.

Edellauvskogen kan nok mange stader vere av f rste generasjon. Fleire stader er edellauvskogen eit resultat av opph yr av kulturp verknad. S rleg hassel og eik er i spreiding p  stader der utmarka er i attgroing. Eika har ein fordel framfor dei andre edellauvtr slaga fordi den ikkje er s  avhengig av djup, n ringsrik jord som t.d. alm og ask. Difor veks det ofte fram eikeskog i kanten av kulturlandskapet. Grasdominerte eikeskogar med s lvbunke, engkvein og gulaks tyder p  beiting og annan kulturp verknad, og sj lv om beitinga mange stader har opph yrt, kan grasvegetasjonen halde seg i lang tid.

Kystfuruskog (F12)

Naturskog med furu er utbreidd p  heile Stord ya. Feltsjiktet i furuskogen er for det meste lyngdominert, anten bl b erskog eller r sslyng-blokkeb erskog. S rleg r sslyng-blokkeb erskog kan vekse p  stader der det er lite lausmassar, og der skogbotnen er dekt av tjukke lag med r humus. R sslyng-blokkeb erskog er ein vanleg skogtype, dominert av ulike lyngartar som r sslyng, blokkeb er, klokkelyng og tytteb er. Graset bl topp er viktig og lokalt dominerande.

Ei spesiell oseanisk utforming av furuskog inneheld mykje purpurlyng. Den veks helst i s rvendte skr ningar der jorda er t rr og veldrenert og lokalklimaet om sommaren relativt varmt. Purpurlyng-furuskog er ein sjeldan naturtype som i Noreg har si hovudutbreiing i B mlo (Moe 2003). Klimatisk skulle typen kunne finnast p  Fitjar yane, sidan purpurlyng er vanleg p   yane. Men her er skogen for ung til   vere interessant som naturtype. Furuskog med purpurlyng er sv rt sjeldan p  Stord ya, men det finst meir av den p  Huglo, s rleg der det er ope tresjikt slik at skogbotnen f r mykje lys. Slik skog finst best utvikla p  kvartshaldig berggrunn sentralt p  Huglo. Der veks det ganske mykje purpurlyng b de i den opne heia og i furuskogen.

Kalkskog (F03)

P  kalkhaldig berggrunn er furuskogen rik p  urter og gras, slik som kusymre, sanikel, skogfredlaus, lundgr naks, v rmarihand, raudflangre og breiflangre. Snau vaniljerot er ein karakteristisk, men sjeldan art i kalkskog. Blant treslaga er hassel typisk i eit l gare tresjikt under furukrone. Elles f rekjem kristorn spreidd, medan bergflette klatrar i fjellveggar, p  bakken og i furustammene. Lokalt finst kristorn og bergflette i mengder, og begge artane er med p    gi skogen eit s rpreg. Furuskog med stort innslag av desse artane er difor skilt ut som ei vestnorsk type av kalkskog (Bj rmdalen & Brandrud 1989). Rikare l gurtskog eller kalkskog finst fleire stader i Stord, og den er s rleg fint utvikla i naturreservatet p  Stors y. Elles finst fleire omr de med kalkskog p  austsida av Huglo.

Rikare sumpskog (F06)

Svartor er karakteristisk for fuktige stader og dannar sumpskog p  d rleg drenert jord, i kantsoner mot vatn, strender og langs bekkar (Figur 16). Svartora trivst godt p  finkorna leirjord. Svartorskogen i Hystadmarka er kjend som ein stor og sv rt godt utvikla skog, og er difor verna som naturreservat (Figur 17). Medan svartor er eit vanleg treslag p  Stord, er gr ora sjeldan. Gr ora har ei meir austleg utbreiing i fylket, og dette treslaget veks bare nokre f  stader p  Stord (S rheim 1969).

Kyst og havstrand (G)

Kyst og havstrand omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, inkludert nokre habitat under vatn i svært grunne område. Områda mellom land og hav byd på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som kan vere sjeldne. Eit stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei mest interessante stredene, slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep der. Vegetasjonen på stredene i Fitjar og Stord er kjend frå ei tidlegare kartlegging, og fleire område har høg verneverdi (Lundberg 1992).

Fitjar og Stord er øykommunar med lang strandline i forhold til landarealet. I dei mange buktene finst det strandvegetasjon på lausmassar av grovt materiale av grus og stein eller meir finkorna leire, silt og sand. Dei fleste lausmassestredene på Stord er små, men store område med leire i strandsona er karakteristisk nord for Leirvik og på Huglo. Fitjarøyane har ganske lite lausmassar, og her er kystlinja dominert av strandberg som ligg eksponert mot open sjø. Strandvegetasjon førekjem i enkelte bukter, og stadvis med regionalt sjeldne artar som strandarve, sandstorr og blodtopp.

Rike strandberg er ein naturtype som finst fleire stader i Stord der berggrunnen er baserik. I bergsprekker veks bregnen murburkne saman med urter som rundskolm, gulmaure, vill-lin, strandlauk og knavel. Bergflette kan finnast på dei meir skjerma lokalitetane. Av og til finst òg fjellplanter som raudsildre og gulsildre på strandberg. Nokre stader veks blodstorkenebb ut over

strandberga. Denne arten kan danne ein overgang mot naturtypen kantkratt.

På holmar og strandberg vest i Bømlo og Fitjarøyane finst det døme på fuglegjødsla vegetasjon. Slik vegetasjon er typisk særst frodig, med store og kraftige individ av artar som skjørbuksurt, strandbalderbrå, strandsmelle og fjørkoll. Slike plantesamfunn er fargerike, men mangfaldet av planter treng likevel ikkje vere spesielt høgt, fordi gjødsla blir for kraftig for mange artar. Dei fleste guano-øyane ligg truleg i dei viktigaste sjøfuglområda (Steinsvåg & Overvoll 2003), men desse områda vart ikkje nærmare undersøkt under naturtypekartlegginga.

I dei godt skjerma buktene er det ofte finare sediment av leire, silt og sand. Her finst det strandvegetasjonen med meir samanhengande plantedekke. På mange slike strandenger kan ein finne artar som er relativt sjeldne på Vestlandet, slik som knortestorr, bogestorr, grisnestorr og skjoldblad.

I enkelte trange pollar eller i vatn som er i kontakt med sjøen gjennom ein tidevasskanal, er det utvikla brakkvassmiljø. Ved Straumen i Hystadmarka er det eit slikt brakkvatn med store mengder havsivaks. På leirstredene i rolege strandbukter i dette reservatet, og ved Sævarhagsvikjo litt lengre nord, veks det dvergålegras i tidevasssona. Den største førekomsten av denne svært sjeldne arten på Stord finn ein på Leiro på Huglo. Dette er kjent som den nordlegaste veksestaden for dvergålegras i verda.



Figur 17. Den største svartorskogen på Stordøya ligg i naturreservatet i Hystadmarka. Her veks skogen heilt ut til fjørsteinane. I tidevasssona veks den sjeldne arten dvergålegras.

7. RAUDLISTEARTAR

GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, med ei vurdering av risikoen for at arten skal dø ut i framtida, både på kortare og lengre sikt. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister.

KATEGORIER I DEN NORSKE RAUDLISTA 2006

RE Regionalt utdødd (Regionally Extinct)

Ein art er Regionalt utdødd når det er svært liten tvil om at arten er utdødd frå aktuell region (her Noreg). For at arten skal bli inkludert i denne kategorien må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

CR Kritisk truga (Critically Endangered)

Ein art er Kritisk truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for Kritisk truga er oppfylt. Arten har då ekstremt høg risiko for utdøing (50 % sannsynligheit for utdøing innan 3 generasjonar, minimum 10 år).

EN Sterkt truga (Endangered)

Ein art er Sterkt truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for Sterkt truga er oppfylt. Arten har då svært høg risiko for utdøing (20 % sannsynligheit for utdøing innan 5 generasjonar, minimum 20 år).

VU Sårbar (Vulnerable)

Ein art er Sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for Sårbar er oppfylt. Arten har då høg risiko for utdøing (10 % sannsynligheit for utdøing innan 100 år).

NT Nær truga (Near Threatened)

Ein art er Nær truga når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstillast nokre av desse kriteria no eller i nær framtid.

DD Datamangel (Data Deficient)

Kategorien Datamangel blir brukt når det ikkje kan gjerast ei gradert vurdering av risiko for utdøing, men det samtidig blir vurdert som svært sannsynleg at arten ville blitt med på Raudlista dersom ein hadde tilstrekkeleg informasjon.

Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken (Kålås m.fl. 2006). Enkelte Fylkesmenn har utgitt fylkesvise (regionale) raudlister for å rette fokus på artar som er truga regionalt

og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etter kvart som kunnskapen om artane aukar, og artane får endra status i forhold til dei ulike trugsmåla. Situasjonen for enkelte artar kan endre seg relativt raskt. Denne rapporten byggjer på *Norsk rødliste 2006* (Kålås m.fl. 2006). Den forrige norske raudlista kom i 1999 (Direktoratet for naturforvaltning 1999) og den neste er planlagt i 2010.

I førre raudliste (1999) og i forvaltningssamanheng har ein tidlegare brukt omgrepet *ansvarsart*, men denne er ikkje med i lista frå 2006. Ein ansvarsart er ein art som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar. Omgrepet kan òg nyttast regionalt og lokalt, der t.d. eit fylke eller ein kommune har ein stor del av den nasjonale bestanden av ein art.

Kriteria som blir nytta ved vurdering raudlistekategori er (Kålås m.fl. 2006, s. 23-25):

- A: Populasjonsreduksjon
- B: Geografisk utbreiing
- C: Liten populasjon og pågåande bestandsreduksjon
- D: Svært liten eller arealmessig svært avgrensa populasjon
- E: Kvantitativ analyse av risiko for at arten skal dø ut

RAUDLISTA PLANTER OG SOPP I FITJAR OG STORD

Karplanter

30 av i karplantene på den norske raudlista frå 2006 er òg registrerte i Fitjar og Stord. Fleire av dei er borte i dag, men framleis kan Stordøya skilte med eit ganske høgt tal raudlisteartar. Stord kan reknast som eit "hot spot" med raudlisteartar representert i fleire ulike habitat. Alle dei 30 raudlisteartane er funne i Stord kommune, medan berre tre (havburkne, purpurlyng og alm) er funne i Fitjar.

Av sterkt truga artar (EN) er åtte funne på Stord. Av desse er i alle fall pusleblom, soleigro, bustsivaks, trådbregne og dvergålegras registrert i nyare tid. Artane har små og spreidde populasjonar, og negativ påverknad kan føre til at artane forsvinn både lokalt og nasjonalt. Av sårbare artar (VU) er ni funne på Stord. Av desse kan tre reknast for utgått: hjortetunge, skoghøymole og kvitkurle. Av artar i kategorien nær truga (NT) er 13 funne på Stord.

For nokre av dei sterkt truga artane (t.d. soleigro og dvergålegras) og sårbare artane (t.d. storak), har Stord kommune blant dei største populasjonane i Noreg, og dermed eit særskilt ansvar for ta vare på dei. For dei nær truga artane finst det

relativt store bestandar (t.d. purpurlyng), anten i Sunnhordland eller i andre deler av landet. Elles kan det vere verdt å merke seg at relativt vanlege artar som alm og barlind har fått raudlistestatus pga. negativ bestandsutvikling.

Tabell 2. Funn av raudlista planter og sopp i Stord og Fitjar, basert på den norske raudlista frå 2006 (Kålås m.fl. 2006). Kjelder: Eigne funn, Sørheim 1969, Artsdatabanken, Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Norsk Mosedatabase, Bergen Museum.

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus	
Karplanter (30)	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	Strandberg	EN	
	Solblom	<i>Arnica montana</i>	Kulturlandskap	VU	
	Havburkne	<i>Asplenium marinum</i>	Strandberg	NT	
	Hjortetunge	<i>Asplenium scolopendrium</i>	Gammal kjellar	VU	Utgått
	Soleigro	<i>Baldellia repens</i>	Ferskvatn	EN	
	Vanleg marinøkkel	<i>Botrychium lunaria</i>	Kulturlandskap	NT	Truleg utgått
	Bergfaks	<i>Bromopsis ramosa</i>	Rik edellauvskog, berg	NT	
	Evjestorr	<i>Carex bergrothii</i>	Ferskvatn, sump	VU	
	Prikkstorr	<i>Carex punctata</i>	Strand	NT	Utgått
	Kvit skogfrue	<i>Cephalanthera longifolia</i>	Rik edellauvskog	NT	
	Stortrollurt	<i>Circaea lutetiana</i>	Rik edellauvskog	EN	
	Storak	<i>Cladium mariscus</i>	Ferskvatn	VU	
	Purpurlyng	<i>Erica cinerea</i>	Lynghei	NT	
	Bakkesøte	<i>Gentianella campestris</i>	Kulturlandskap	NT	Truleg utgått
	Blankstorkenebb	<i>Geranium lucidum</i>	Rik edellauvskog	NT	Usikker
	Brudespore	<i>Gymnadenia conopsea</i>	Kalkfuruskog	NT	
	Skjoldblad	<i>Hydrocotyle vulgaris</i>	Havstrand	NT	
	Bustsivaks	<i>Isolepis setacea</i>	Ferskvatn	EN	
	Lodneføyblom	<i>Leontodon hispidus</i>	Kulturlandskap	EN	
	Fuglereir	<i>Neottia nidus-avis</i>	Edellauvskog	NT	
	Ormetunge	<i>Ophioglossum vulgatum</i>	Fukteng	VU	
	Trådbregne	<i>Pilularia globulifera</i>	Ferskvatn	EN	
	Granntjønnaks	<i>Potamogeton pusillus</i>	Ferskvann	EN	Truleg utgått
	Kvitkurle	<i>Pseudorchis albida</i>	Kulturlandskap	VU	Truleg utgått
	Trollnype	<i>Rosa pimpinellifolia</i>	Kulturlandskap, skog	VU	
	Skoghøymol	<i>Rumex sanguineus</i>	Skog	VU	Truleg utgått
	Brunskjene	<i>Schoenus ferrugineus</i>	Rikmyr	NT	
	Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Skog	VU	
	Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Edellauvskog	NT	
	Dvergålegras	<i>Zostera noltei</i>	Havstrand	EN	
Mosar (7)	Holtannvrangmose	<i>Bryum calophyllum</i>		VU	
	Kantknollvrangmose	<i>Bryum riparium</i>	Bergsprekk	VU	
	Oddsåtemose	<i>Campylopus brevipilus</i>	Lyngmark	VU	
	Torvsåtemose	<i>Campylopus pyriformis</i>	Torvsåtemose	VU	
	Strykmose	<i>Cinclidotus fontinaloides</i>	Kalkberg	CR	
	Kalkveggmose	<i>Eucladium verticillatum</i>	Kalkberg	VU	
	Glansteppemose	<i>Porella obtusata</i>	Berg	EN	
Sopp (37)	Knippesøtpigg	<i>Bankera violascens</i>		NT	
	Stanknarrevokssopp	<i>Camarophyllopsis foetens</i>	Naturbeitemark	VU	
	Gubrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Naturbeitemark	NT	
	Ametystkantarell	<i>Cantharellus amethysteus</i>	Barskog Naturbeitemark	NT	
	Oransjekantarell	<i>Cantharellus friesii</i>	Skog	EN	
	Svartnende kantarell	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	Skog	NT	
	Røykkølesopp	<i>Clavaria fumosa</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Clavaria purpurea</i>	Naturbeitemark	NT	
	Fiolett greinkølesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Naturbeitemark	NT	
	Grå duftraudskivesopp	<i>Entoloma ameides</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	Naturbeitemark	NT	
	Ravneraudskivesopp	<i>Entoloma corvinum</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Entoloma cf. dichroum</i>	Naturbeitemark	VU	
	Melraudskivesopp	<i>Entoloma prunuloides</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Entoloma scabropellis</i>	Naturbeitemark	VU	
	Dynejordtunge	<i>Geoglossum cookeanum</i>	Naturbeitemark	NT	
	Sumpjordtunge	<i>Geoglossum cf. uliginosum</i>	Naturbeitemark	EN	
	Gyllen vokssopp	<i>Hygrocybe aurantiosplendens</i>	Naturbeitemark	NT	
	Brun engvokssopp	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	Naturbeitemark	VU	
	Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Naturbeitemark	NT	
	Raudnande lutvokssopp	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Naturbeitemark	NT	
	Skifervokssopp	<i>Hygrocybe lacmus</i>	Naturbeitemark	NT	

Tabell 2. Forts.

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus
	Sauevokssopp	<i>Hygrocybe ovina</i>	Naturbeitemark	VU
	Raudskivevokssopp	<i>Hygrocybe quieta</i>	Naturbeitemark	NT
	Russelærvokssopp	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	Naturbeitemark	NT
	Raud honningvokssopp	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Naturbeitemark	NT
	Gul slimvokssopp	<i>Hygrocybe vitellina</i>	Naturbeitemark	VU
	Rutebroddsopp	<i>Hymenochaete corrugata</i>	Lauvskog	NT
	Vrangjordtunge	<i>Microglossum atropurpureum</i>	Naturbeitemark	NT
	Rundmorkel	<i>Morchella esculenta</i>	Edellauvskog	DD
	Kreimbarkhette	<i>Mycena alba</i>	Lauvskog	NT
	Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Lauvskog	VU
	Drueblå kremle	<i>Russula azurea</i>	Barskog	NT
	Aniskjuka	<i>Trametes suaveolens</i>	Lauvskog	EN 1886
	Vranglodnetunge	<i>Trichoglossum walteri</i>	Naturbeitemark	VU
	Bittermusserong	<i>Tricholoma acerbum</i>		EN 1886
	Beisk kastanjemusserong	<i>Tricholoma batschii</i>	Furuskog	NT 1886
Lav (20)	Piggtrøllskjegg	<i>Bryoria smithii</i>	Bergvegg	VU
	Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Bergvegg nær sjøen	NT
	Praktlav	<i>Cetrelia olivetorum</i>	Bergvegg	VU
	Kystblåfiltlav	<i>Degelia atlantica</i>	Bergvegg og trestammer	VU
	Eikelav	<i>Flavoparmelia caperata</i>	På eikestamme	NT
	Kastanjefiltlav	<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Bergvegg	VU
	Gul buktrinslav	<i>Hypotrachyna sinuosa</i>	Stamme: svartor og rogn	EN
	Hodeskoddelay	<i>Menegazzia terebrata</i>	Trestamme	EN
		<i>Petractis clausa</i>	Kalkrikt berg	DD
	Gulprykklav	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	Bergvegg	VU
	Randprykklav	<i>Pseudocyphellaria intricata</i>	Bergvegg	EN
	Kystprykklav	<i>Pseudocyphellaria norvegica</i>	Bergvegg	EN
	Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Trestamme	NT
	Kystsaltlav	<i>Stereocaulon delisei</i>	Bergvegg	VU
	Skjelporelav	<i>Sticta canariensis</i>	Bergvegg og blokker	EN
	Stjernerurlav	<i>Thelotrema macrosporum</i>	På hassel	EN
	Hornstry	<i>Thelotrema petraetoides</i>	På hassel	EN
	Ringstry	<i>Usnea cornuta</i>	På furu	VU
	Kyststry	<i>Usnea flammea</i>	Bergvegg og trestamme	VU
		<i>Usnea fragilescens</i>	På furu	VU

Omtale av raudlista karplanter i Fitjar og Stord



Pusleblom *Anagallis minima* (EN)

Pusleblom er ei ørlita plante som veks på strender, særleg i bergsprekkar og der det er litt open, finkorna jord. Planta er utsett for å bli skugga ut der stranda gror att med gras og annan vegetasjon. Det er grunn til å tru at arten har blitt sjeldnare der strendene ikkje lenger blir beita. Tråkk og beiting er gunstig for at frøet til denne eittårige planta skal spire. Planta vil likevel ha god sjanse til å overleve i sprekkar på svaberg, der attgroing ikkje er noko trugsmål. Pusleblom vart funnen i dette habitatet på Hovaneset i 2004.



Soleigro *Baldellia repens* (EN)

Soleigro er ei svært sjeldan sumpplante i Noreg og berre kjend frå Hordaland og Rogaland, i til saman fire innsjøar: Ådlandsvatnet og Tveitvatnet (Huglo) i Stord, Vevvatnet i Tysnes og eit vatn i Klepp på Jæren. I Tveitvatnet har den ikkje vore attfunnen sidan 1936, og status der er difor usikker. I Ådlandsvatnet derimot førekjem soleigro i gode bestand i dei fleste grunne vikene i heile innsjøen. Dette er konklusjonen etter grundige registreringar i 2005 og 2006 (Fadnes 2007). Planta veks heilt ned til 4 m djup, men trivst best mellom 0,5 og 1 m (Sørheim 1969). Skal den bløme må vasstanden vere låg, og i 2002 var det uvanleg god bløming (Fadnes 2007). Soleigro veks helst på finkorna sandbotn mellom steinar, og toler ikkje konkurranse frå store sumpplanter, men klarer seg bra saman med flaskestorr.


Stortrollurt *Circaea lutetiana* (EN)

Stortrollurt veks i rik edellauvskog, og er funnen i Gullberg (Sørheim 1969). Det er usikkert om arten framleis finst der, for det har ikkje blitt gjort grundige søk etter den i seinare tid. Arten er i tilbakegang, særleg på Sørøstlandet, men årsaka er ikkje kjent.



Bustsivaks *Isolepis setacea* (EN)

Arten har ei sørvestleg utbreiing i Noreg, og finst i kyststrok av Hordaland og Rogaland. I Hordaland er den i nyare tid funnen i Bømlø (2002), men dei fleste lokalitetane ligg i Stord. Arten har vore kjent frå Ådlandsvatnet sidan 1896, og har i dag tre kjende førekomstar i vatnet. Ein ny, ganske stor lokalitet vart funnen i særleg del av Landåsvatnet i 2006 (Fadnes 2007). Planta er ørlita, og utsett for konkurranse frå annan vegetasjon i vasskanten. Den er eittårig og avhengig av gode spireforhold. Trakk og beiting er truleg gunstig for frøspiringa. Arten veks på finkorna sandbotn i vasskantar, og er tilpassa store svingingar i vasstanden. Slike habitat har gjerne lite vegetasjon, og dette er avgjerande for at arten overlever der.



Lodnefølblom (EN)

Leontodon hispidus

Lodnefølblom er sørvestleg og har ei svært lita utbreiing i Noreg, avgrensa til Sunnhordland og Karmøy (Fægri 1960). Arten er knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet og har ei rekkje lokalitetar i Stord kommune. Dei er alle av eldre dato, og denne sårbare arten har gått dramatisk tilbake. Den er kjend frå Huglo og Storsøy (Vevle 1981), der kalkhaldig grunn truleg er eit gunstig habitat. Lodnefølblom veks i nedlagde kalkbrot på Moster (Moe 2003), og den finst framleis fleire stader på Karmøy (Lundberg 1998). Status for Stordøya er usikker i dag.



Trådbregne *Pilularia globulifera* (EN)

Trådbregne har i Noreg ei sørvestleg utbreiing og er kjend frå kyststrok på Sørlandet, Jæren og i Hordaland, der einaste lokalitet er Ådlandsvatnet. Arten har vore omtalt som vanleg i Ådlandsvatnet (Sørheim 1969), men i seinare tid har den blitt sjeldnare både her og elles i Sør-Noreg. Etter 1990 er arten berre funnen på fem lokalitetar i Noreg (Fadnes 2007). Status for trådbregne i Ådlandsvatnet var lenge usikker. Mulege forklaringar er regulering av vatnet og tilsig frå jordbruk. Då Arne Vatten fann arten att i 2002, var den ikkje registrert på fleire tiår. Etter grundig leiting kjenner ein i dag fleire lokalitetar i Ådlandsvatnet: Ved Sageneset, Grønvikjo, Stuvavika og ved utløpet til Lønningbekken. Planter med sporekapslar vart funne ved Sageneset etter ein lang tørkeperiode med lågt vatn i juni 2008 (foto). Dette er ei første registrering av fertile planter på fleire tiår.

Granntjønnaks *Potamogeton pusillus* (EN)

Dette er ei vassplante som er vanskeleg å skilje frå den nærståande og meir utbreidde småtjønnaks (*P. berchtoldii*), og kva som faktisk er funne i Ådlandsvatnet er ikkje heilt klart. Granntjønnaks er belagt i herbaria som *P. pusillus* frå Ådlandsvatnet, men i Lid og Lid (2005) er utbreiinga i Hordaland ikkje nemnt, og det kan tyde på usikker bestemming. Arten har gått sterkt tilbake i heile landet. Ikkje funnen i Ådlandsvatnet i nyare tid (Fadnes 2007).



Dvergålegras *Zostera noltei* (EN)

Dvergålegras finst i to område i Sør-Noreg: eit i aust ved Oslofjorden og eit i sørvest frå Rogaland til Sunnhordland. Arten veks på leirbotn i strandsona, særleg langgrunne brakvassviker der planta blir tørrlagt ved fjøre. Den veks i dag i Hystad naturreservat og i Sævarhagsvikjo, men den største førekomsten ligg på Leiro på Huglo. Dvergålegras finst i Hordaland truleg berre i Stord, fordi den ikkje er attfunnen på gamle lokalitetar i Bømlo, Kvinnherad og Kvam. Arten har altså gått tilbake, både der det har skjedd inngrep i strandsona og der stranda tilsynelatande ikkje er påverka. Dette stadfester at dvergålegras er sterkt truga.



Solblom *Arnica montana* (VU)

Solblom veks i gamle kulturlandskap, særleg i naturtypane slåttemark og naturbeitemark. Planta er ekstremt følsam for attgroing og sluttar raskt å bløme når vegetasjonen blir for tett. Bruk av kunstgjødsel fører raskt til at solblom blir borte. Sidan gjødsling og attgroing er utbreidd i dagens kulturlandskap, har solblom hatt ein kraftig tilbakegang i heile fylket. Sørheim (1969) nemner fleire stader på Stord der solblom vaks tidlegare (Kattetveit, Lønning, Tveita, Solhaug), men det har ikkje lukkast å finne arten att på desse gardane. Men på Børtveit veks den i ein bergsprekk nær elva (men ikkje lenger i beitemarka der den vaks før). Førekomsten er den einaste kjende på Stordøya i dag, og er svært liten og sårbar, og det er høgst usikkert kor lenge solblomen kan overleve som bergplante på Børtveit.

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (VU)

Hjortetunge vart i 1998 funnen på eit golv med leirjord i ein gammel blindkjellar på Rommetveit skule. Den trivst godt på denne kuriøse vekseplassen, og fertile planter produserte sporar som spirte til nye individ (Haug & Fadnes 2000). Normalt veks hjortetunge i steile berghamrar under overheng, gjerne på skuggefulle stader, ikkje heilt ulikt blindkjellaren. Veksestadene er alltid godt verna mot frost. Etter ombygging av blindkjellaren forsvann denne førekomsten, og denne sjeldne bregnen har i dag ingen kjende lokalitetar på Stordøya.

Ormetunge *Ophioglossum vulgatum* (VU)

Ormetunge er kjend frå ein lokalitet på Huglo, der den veks i eit fuktig sig i skogen søraust på øya. Habitatet er atypisk etter som ormetunge vanlegvis veks nær stranda i fuktig grasmark. Den er kjend frå slike veksestader i Hordaland, men berre som eldre innsamlingar, og om dei framleis finst er lite truleg. Ormetunge har gått tilbake pga. attgroing, og det er grunn til å tru at lokaliteten i skogen på Huglo er ekstra sårbar.



Evjestorr *Carex bergrothii* (VU)

Eit vanskeleg taxon som er skilt ut som eigen vestlandstype (vestleg evjestorr). Kjend frå Tveitavatnet og fleire stader i Stord kommune, særleg søraust på øya. Arten veks i kanten av tjørn, gjerne i fuktig torv der den er knytt til rikmyr og intermediærmyr.



Storak *Cladium mariscus* (VU)

Arten er funnen på berre seks lokalitetar i landet, derav to i Stord kommune. Funnet i Tveitavatnet i 1922 var første funn på Vestlandet (Holmbøe 1924). I 1979 vart den funnen i Iglatjønn. Dei to andre lokalitetane på Vestlandet ligg i Bømlo, der det vart gjort funn i 1986 og 2002 (Moe 1994, 2003). Arten er ein relikv frå varmetida, med etablering i Tveitavatn i borealtid (Hafsten 1965). Dei siste åra har det vore fin bløming i Tveitavatnet (Fadnes 2007). Tilstanden i Iglatjønn er meir variert og (nesten) utan fertile planter enkelte år. Men som i Tveitavatn var 2007 eit godt år òg i Iglatjønn, og det vart telt ca. 120 fertile strå (Fadnes 2007). Storak er sårbar for endring i vasstanden, og i tjørn som gror til med torv, kan arten bli "kvelt" og forsvinne på lengre sikt. Det siste gjeld spesielt myra ved Iglatjønn, der det er særleg grunn til å følgje med populasjonen. Bløming hos storak er truleg ein god miljø- og klimaindikator.

Kvitkurle *Pseudorchis albida* (VU)

Orkidéen kvitkurle veks i utmarksområde som har vore beita og slått, ikkje ulikt habitata til solblom og lodnefølblom. Kvitkurle er m.a. kjend frå Kattetveit, Lønning, Eskeland og Agdestein (Sørheim 1969). På same måte som solblom har arten gått sterkt tilbake, og er ikkje funnen på Stord i nyare tid. Truleg utgått.



Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (VU)

Trollnype er ein særleg art som veks langs kysten, nord til Sunnhordland. Her er den lokalt vanleg, og arten har tyngdepunktet i Noreg på Bømlo. Arten er langt sjeldnare på Stord og er ikkje kjend frå Fitjar kommune. I Stord kommune finst den m.a. på Digernes og på Nautøy (Moe m.fl. 1996). Trollnype veks i ulike habitat, i kulturlandskapet, i skogkantar, i kantkratt ved strand og langs vegar. Arten krev gode lysforhold, og vil kunne gå tilbake der veksestadane gror til med skog. På den andre sida vil den kunne ekspandere den første tida når gamle beitemarker gror att.

Skoghøymole *Rumex sanguineus* (VU)

Skoghøymole har ei sørvestleg utbreiing og veks i frodig lauvskog og bergsprekkar. Kjend frå området mellom Leirvik og Gullberg, og sist innsamla i 1979. Den er søkt etter i nyare tid, men ikkje attfunnen. Truleg utgått.

Barlind *Taxus baccata* (VU)

Barlind veks i kyst- og fjordstrok i Sør-Noreg, og har mange førekomsttar i Hordaland, særleg i Sunnhordland og innover langs Hardangerfjorden. Barlind blir sterkt beita av hjort, og både dette og kanskje andre grunnar gjer at rekrutteringa er svak. Arten er òg truga av skogbruk, både hogst og granplanting. Det er difor grunn til å følgje med populasjonane, og sjå til at dei ikkje blir reduserte. I Stord veks barlind særleg i edellauvskog, ofte som enkeltstående tre, gjerne ved foten av bergveggar. Barlind veks òg i rikare furuskog. Austsida av Huglo har blant dei største barlindskogane i heile landet.



Havburkne *Asplenium marinum* (NT)

Havburkna veks oftast nær havet, spesielt i klipper som vender mot sør og vest. Her får den konstant drev av fuktig havluft. Denne vintergrøne bregna veks alltid under overheng, der den er godt verna mot frost. Havburkne er kjend frå ein lokalitet i Stord kommune: På Huglahammaren der den vart funnen for første gong i 1930. Her står arten framleis med mange tuer. Førekomsten på Huglo ligg uvanleg langt aust, og normalt er den å finne på ytterkysten mot havet. Første funn i Fitjar vart gjort i ei bratt klippe vest på Eidøya (Fitjarøyane) i 2004. Dei ekstreme veksestadene i strandklipper gjer at det ikkje er spesielle trugsmål mot arten, under dagens klimaforhold.

Vanleg marinøkkel *Botrychium lunaria* (NT)

På Stord er marinøkkel svært sjeldan, og berre kjent frå Haga og Hystadmarka (Sørheim 1969). Fordi funna ligg langt tilbake i tid er det usikkert om arten framleis finst der. Mange stader, både i Hordaland og elles i landet, har arten blitt borte frå kulturlandskapet. Arten er litt austleg, og vanlegare i seterområde og i høgfjellet lenger aust og nordover i landet. Sjeldnare i kyststrok på Vestlandet, men er funnen i Bømlo og Sveio i nyare tid.



Bergfaks *Bromopsis ramosa* (NT)

Bergfaks er eit stort gras som veks i rik edellauvskog og kalkfuruskog. Planta krev lune habitat og trivst best oppunder sørvendte berghamrar og i rasmark mellom stein og grove blokker. Bergfaks krev eit klima med både milde vintrar og relativt varme somrar, og difor er det i Sunnhordland og inn til midtre Hardanger det finst mest av den i heile landet, særleg på kalkhaldig grunn. Funnen i Stord i Storedalen (2004) og søraust på Huglo (2003), men er og kjend frå Storsøy.

Prikkstorr *Carex punctata* (NT)

Funnen på strandeng eller strandberg på Eldøyane i Stord kommune, men har for lengst gått tapt i industriutbygging.



Kvit skogfrue (NT)

Cephalanthera longifolia

Den einaste kjende lokaliteten for kvit skogfrue er på Digernes lengst sør på Stordøya. Den veks i ein type kalkskog med eik og furu i ein nokså bratt skråning nær sjøen. Denne sjeldsynte orkidéen har vore kjend herfrå sidan slutten på 1980-talet, og populasjonen har vore stabil med om lag 20 individ kvart år heilt fram til i dag. Kvit skogfrue krev eit klima med både milde vintrar og relativt varme somrar, og den veks difor i bratte lier med gunstig lokalklima, oftast eksponert mot sør og aust. Lokalitetane i Hordaland ligg frå midtre Hardanger og ut til vestgrensa på Digernes. Arten manglar lengre vest truleg pga. for låge sommartemperaturar.



Purpurlyng *Erica cinerea* (NT)

Purpurlyng har si hovudutbreiing i kystlynghei på ytre Vestlandet. Arten krev milde vintrar og relativt god solvarme, og er difor vanleg og stadvis dominerande i sørvendte parti framom bergveggar, men er fråverande frå dei mest forblåste øyane lengst vest. Arten er vanleg på mange av Fitjarøyane og finst på "fastlandet" ved Skumsnes og på Færøya nord-aust i Fitjar. I Stord kommune veks den frå Sagvåg og nordvestover mot Fitjar (Sørheim 1969), men har truleg blitt sjeldnare der. Dette kan skuldast attgroing, noko som er rekna som eit trugsmål mot arten. Purpurlyng er vanleg på Huglo der den veks i mager heivegetasjon, og pga. berglendt terreng og lite jordsmonn er den ikkje så utsett for attgroing der. Huglo har den beste førekomsten av oseanisk purpurlyngfuruskog i Stord og Fitjar.

Bakkesøte *Gentianella campestris* (NT)

På Stord er bakkesøte svært sjeldan og berre kjent frå Rommetveit (1930) og Føyno (1935) (Sørheim 1969). Den er ikkje registrert i nyare tid, og har mest truleg gått ut. Mange stader, både i Hordaland og elles i landet, har bakkesøte forsvunne frå kulturlandskapet. Arten er austleg, og vanlegare i seterområde og i høgjellet lenger aust og nordover i landet. Sjeldnare i kyststrok på Vestlandet, men er funnen i Bømlo og Sveio i nyare tid.

Blankstorkenebb *Geranium lucidum* (NT)

Arten veks helst i berg og på steinblokker i edellauvskog i kyst- og fjordstrok, helst i midtre og indre strok og sjeldnare i Sunnhordland. Frå Stord er det berre registrert eit enkeltfunn frå 1933 (Sørheim 1969). Arten er eittårig og opptretr sparsamt og tilfeldig utanfor hovudpopulasjonane (i Hardanger). Arten er sjeldnare no enn før, kanskje pga. generelt tettare vegetasjon og dårlegare forhold for spiring.



Brudespore *Gymnadenia conopsea* (NT)

Nokså vanleg orkidé på kalkgrunn både i lågare og høgareliggjande strok austpå og nordpå. Sjeldnare på Vestlandet, men veks også her i fjellområde og i tørr furuskog på kalkgrunn. Kjend frå Lønning og Vikanes (Sørheim 1969), men er truleg utgått i dag. Førekomst av brudespore i kulturlandskap i låglendet har blitt stadig sjeldnare over heile landet. I nyare tid (2003) er arten registrert på Huglo der den veks i kalkfuruskog. Også kjent frå Storsøy (Vevele 1981).



Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris* (NT)
Skjoldblad veks på havstrand, særleg fuktig strandeng ovanfor tidevassona (epilittoral sone). Den veks i ytre strok av Hordaland, særleg i Øygarden, Sotra og Bømlo. Ikkje kjend frå Stordøya, men funnen på Spissøy og Nautøy (Moe et al. 1996). Skjoldblad er generelt noko sjeldnare no enn før, kanskje pga. attgroing etter færre beitedyr på stranda.



Fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT)
Arten er knytt til baserike område, særleg rik edellauvskog med god moldjord, og veks fleire stader frå midtre Hardanger og sørvest til Sunnhordland. I Stord er arten berre kjend frå Haukanes på Huglo som truleg har det beste sommarklimaet i kommunen. Fordi fuglereir er ein saprofyttisk orkidé med eit langlevd rotsystem, kan arten leve i fleire år utan å vere synleg over jorda. Difor er det sannsynleg at arten kan finnast i andre område med edellauvskog i kommunen, men så langt er den ikkje funnen på Stordøya.



Brunskjene *Schoenus ferrugineus* (NT)
Arten er ein god indikator på ekstremrik myr, og finst i enkelte kalkområde i kyst- og fjordstrok nord til Nordland. Eit av områda er på Sørvestlandet frå Jæren til Sunnhordland. På Stord finst arten i Iglatjønn myrreservat og ved Ulvatjønn lenger nede i vassdraget. Ekstremrik myr i låglandet er generelt utsett for grøfting og drenering, men det er usikkert om førekomst av brunskjene har gått tapt av slike grunnar på Stord. Arten er sikra mot inn-grep i reservatet, medan myra ved Ulvatjønn ligg nær ei skytebane.

Alm *Ulmus glabra* (NT)

Alm er eit ganske vanleg treslag i dei fleste områda med edellauvskog i Stord kommune, men sjeldnare i Fitjar. Alm er raudlista pga. "almesjuke". Sjukdomen skuldast ein sopp som drep treet, og som har spreidd seg raskt i heile Europa og er under spreing i Noreg. I fleire land er alm nær utrydda. I Noreg har spreinga (på Austlandet) vore langsam samanlikna med Danmark og Sverige, og almesjuke er så langt ikkje påvist på Vestlandet. Det er forventet at sjukdomen vil dukke opp, og at dette kan føre til ein farleg situasjon for alm i framtida. Inntil almesjuke skulle vise seg, er det ikkje grunn til at arten skal gå tilbake, men lokalt kan beiting frå hjort gjere skade på almen.

Mosar

Opplysningar om raudlista mosar er henta frå Norsk mosedatabase, og i tillegg Moe m.fl. (1996). Datagrunnlaget for mosar er generelt dårleg, og fleire av funna ligg svært langt tilbake i tid. Det er registrert ein kritisk truga art (CR), ein sterkt truga (EN) og fem sårbare artar (VU).

Holtannvrangmose *Bryum calophyllum* (VU)
Ikkje funnen på Stord sidan 1897, og det er difor svært usikkert om arten framleis finst her. Pionerart i område med næringsrik berggrunn, gjerne knytt til vassdragsmiljø. Lite kjent art (Artsdatabanken).

Kantknoppvrangmose *Bryum riparium* (VU)
Funnin i vegkant ved Leirvik, men ikkje samla sidan 1967. Lite kjent art. Knytt til fuktige miljø med lågt kalkinnhald (Artsdatabanken).

Oddsåtemose *Campylopus brevipilus* (VU)
Einaste raudlisteart som i følge databasen er funnen i Fitjar. Samla frå lynghei på Sør-Fonno. Typisk art i ung lynghei. Vanskelig bestembar art som er lite kjent (Artsdatabanken).

Torvsåtemose *Campylopus pyriformis* (VU)
Registrert sør for Leirvik i 1895. Pionermose på forstyrra torvjord og i ung lynghei, typisk på mineralblanda torv eller humusjord, òg i skog (Artsdatabanken).

Strykmose *Cinclidotus fontinaloides* (CR)
Stor, karakteristisk art som er knytt til vassdrag i låglandet med høg pH (Artsdatabanken). På Storsøy vart arten funnen på eit kalksteinsberg i 1973. Sidan Storsøy er freda og habitatet intakt, er det grunn til å tru at den framleis finst der.

Kalkveggmose *Eucladium verticillatum* (VU)
Sjeldan art knytt til berg i strandnær edellauvskog på Vestlandet (Artsdatabanken). På Stord er arten funnen ved Gullberg i 2003 og på Huglo i 1980.

Glansteppemose *Porella obtusata* (EN)
Vestleg art som veks på næringsrike berg i strandområde. Arten er funnen på Storsøy (1972) og Steinsholmen (1995).

Sopp

Av raudlista sopp er det funne 37 artar i Fitjar og Stord. Sopp har vore dårleg kartlagt i vårt distrikt, og dei fleste raudlista artane er funne i nyare tid. Dei fleste av desse veks i kulturlandskapet, nærare bestemt ugjødsla naturbeitemark (sjå s. 40). Av sterkt truga sopp (EN) er det blitt funne fire artar, der sumpjordtunge er registrert i nyare tid. Åtte artar høyrar til kategorien sårbar (VU), 24 er nær truga (NT) og ein art manglar datagrunnlag for vurdering (DD).

Lav

Det er registert 20 raudlista lavartar på Stord: Seks sterkt truga (EN), ti sårbare (VU), tre nær truga (NT) og ein art som er uplassert pga. datamangel. Enkelte lokalitetar på Stord er kjende som "hot spots" pga. stort mangfald av artar, t.d. Sandvikvåg, Digernes og Gullberg.

Piggtrøllskjegg *Bryoria smithii* (VU)
Arten er funnen på Raunholm i Fitjar i fuktig bergvegg.

Kystkorallav *Bunodophoron melanocarpum* (NT)
Arten er funnen på berg og blokker ved Sandvikvåg og eit par andre lokalitetar nord i Fitjar. Den veks alltid nær sjøen.

Praktlav *Cetrelia olivetorum* (VU)
Funnin på berg ved Raunholm i Fitjar og på eikestamme ved Agdestein i Stord.

Eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT)
Eikelav er funnen på eikestamme ved Sandvikvåg i Fitjar.

Kastanjejittlav *Fuscopannaria sampaiana* (VU)
Arten har lokalitetar ved Sandvikvåg og Færøysundvatn i Fitjar og ved Agdesteinsbrunene i Stord.

Gul buktrinslav *Hypotrachyna sinuosa* (EN)
Frå Stord er arten berre kjent frå Hystad der den veks på svartorstammar. Her kan den vere truga av skugge i den tette skogen.

Hodeskoddellav *Menegazzia terebrata* (VU)
Arten har lokalitetar ved Sandvikvåg og Raunholm i Fitjar og sør i Stord på Hystad og ved Digernes. Den veks oftast i fuktig skog, gjerne på stammar av svartor i sumpskog.

Petractis clausa (DD)
Arten veks på kalkstein i skyggefulle habitat. Lite kjent art med berre tre funn i Noreg, m.a. eitt på Storsøy.

Gul pærelav *Pyrenula occidentalis* (NT)
Arten har lokalitetar på trestammar av hassel og ask og funnen på Huglo, ved Gullberg og nord for Sagvåg i Fitjar.

Kystsaltlav *Stereocaulon delisei* (VU)
Arten er kjent frå Årskog i Fitjar og nær sjøen ved det gamle ferjeleiet i Sagvåg, Stord.

Thelotrema macrosporum (EN)
Denne sjeldne arten har berre ein lokalitet på Stordøya, ved Rutle på austsida av Dyviksåta. Veks på hassel i oseanisk furuskog.

Stjernerurlav *Thelotrema petractoides* (EN)
Denne sjeldne arten har berre ein lokalitet på Stordøya: ved Rutle på austsida av Dyviksåta. Veks på hassel i oseanisk furuskog.

Hornstry *Usnea cornuta* (VU)
Hornstry veks på furu og har fleire lokalitetar i Stord kommune, m.a. nord for Leirvik, ved Gullberg, Digernes og sør for Sagvåg.

Ringstry *Usnea flammea* (VU)
Arten veks på fuktig bergvegg og er kjent frå Sandvikvåg i Fitjar, og fleire stader rundt Leirvik, samt Gullberg, Digernes og Føyno.

Kyststry *Usnea fragilescens* (VU)
Kyststry veks på furu og er kjent frå fleire lokalitetar i Leirvikområdet.

Gulprikkjav *Pseudocyphellaria crocata* (VU)
Arten har lokalitetar i bergvegg ved Sandvikvåg og Stokksneset nord i Fitjar, men er ikkje funnen der i nyare tid. Og kjent frå Fitjarøyane (Hans H. Blom pers. medd.).


Randprikkjav *Pseudocyphellaria intricata* (EN)
Randprikkjav har ein lokalitet i bergvegg ved Sandvikvåg i Fitjar, og dessutan ved Gullberg og Digernes, men er ikkje attfunnen der i nyare tid (Tønberg et al. 1996). Status er difor usikker for heile Stordøya.



Kystblåfittlav (VU)

Degelia atlantica


I Fitjar er arten kjent frå ein bergvegg ved Sandvikvåg, men er ikkje funnen i nyare tid (Tønsberg et al. 1996). Den finst på fleire lokalitetar i Stord kommune: Huglo, Grov, Gullberg, Sagvåg, Føyno og Steinsholmen.



Kystprikklav (EN)

Pseudocyphellaria norvegica

Kystprikklav er funnen i ein bergvegg ved Sandvikvåg i Fitjar og på Huglo i Stord.



Skjelporelav (EN)

Sticta canariensis

Denne sjeldne arten er i Noreg berre funnen i Sunnhordland (Stord, Bømlo og Austevoll kommunar). Habitatet er skifrige (kalkrike) berg og blokker, oftast i edellauvskog. Gullberg var lenge den einaste kjende lokaliteten på Stord, men i 2007 vart arten funnen på Føyno (lok. 85). Også nyleg funnen på Spissøy i Bømlo.

SOPP I KULTURLANDSKAPET

Mange tenkjer på skog som beste veksestad for sopp, og det er riktig at ein finn dei fleste soppartane i skogen. På den andre sida er ein stor del, mellom 20 og 25% av alle kjente soppartar, knytt til kulturlandskapet. Dersom ein ser på oversikta over raudlista sopp som er funne i Stord og Fitjar, går det klart fram at dei aller fleste funna er av artar som lever i kulturlandskapet, nærare bestemt ugjødsla naturbeitemark. At så mange av soppene i kulturlandskapet er raudlista, er ein indikasjon på at kulturlandskapet er i endring, og at naturbeitemark blir ein stadig sjeldnare naturtype. Dei fleste raudlista soppene i naturbeitemark har vist ein tilbakegang på mellom 15 og 30 % dei siste 20 åra.

Mange av beitemarksoppene er sjeldne i heile Europa, og enkelte er berre kjent frå Nordvest-Europa. Årsaka til tilbakegangen er at driftsformene i jordbruket har endra seg dei siste tiåra. Beitetrykket er redusert eller har opphørt, og gamle beitemarker blir gjødsla eller jorda blir tilverka på annan måte. Trass i dette har Skandinavia generelt sett relativt mange førekomstar av sjeldne beitemarksopp. Det ser ut til at mange artar finst i regionar med mykje utmarksbeite slik som i Skandinavia og Storbritannia.

Naturbeitemark er ein naturtype som er karakterisert med eit trelaust/trefattig landskap rikt på gras og urter og rikelig med mose i botnsjiktet. Vegetasjonen blir beita, og det blir ikkje brukt noko form for gjødsel utanom den dyra sjølv legg att. Artsrike beitemarker har lang kontinuitet, dvs. at dei har vore brukt på same måte gjennom mange generasjonar.

Forhold i jordsmonnet ser ut til å ha stor innverknad på trivselen til beitemarksoppene. Mange artar har stor toleranse når det gjeld pH, sjølv om det hos oss kan verke som om kalkrike område har dei rikaste førekomstane. Ein teori går på at beitemarksopp er tilpassa lågt fosforinnhald i jorda, og at dette er ei av årsakene til at gjødsling har negativ verknad på soppene (Nitare, 1988). I baserik jord blir fosfor sterkt bunde og kan på den måten gjerast utilgjengeleg. Det at soppene trivst på baserik jord, kan dermed heller vere ein måte å tilpasse seg fosformangel på enn eit krav til kalk. Gamle, sure beitemarker vil òg ha lågt fosforinnhald, noko som kan forklare at tilsynelatande kalkkrevjande beitemarksopp òg dukkar opp på sure beitemarker.

Beiting er ein klar føresetnad for at beitemarksopp skal trivast, og opphøyr av beite vil ganske fort redusere mangfaldet. Soppmycelet kan tru-



Figur 18. Naturbeitemark frå Skumsnes, Fitjar (lok. 30). Innfelt representantar for dei fire hovudgruppene av beitemarksopp: Skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata* og svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*.

leg overleve mange år i jorda etter at beitet er opphøyr. Om ein difor tar til med beiting igjen, kan dette få soppen til å fruktifisere på nytt. Gjødsling, derimot, er eit mykje meir øydeleggjande og irreversibelt inngrep. Mosedekket som er ein viktig fuktregulerande faktor for soppen, vil endre karakter og etter kvart forsvinne. Dei aller fleste beitemarksopp sluttar å fruktifisere allereie året etter at ein har starta å gjødsle med kunstgjødsling (Arnolds 1989). Dersom ein sluttar å gjødsle etter ei tid, er det lite sannsynleg at soppen kjem tilbake (Vesterholdt m.fl.1990).

Beitemarksopp har stor verdi som indikator for gamle og verdifulle kulturlandskap. Mangfaldet av beitemarksopp og førekomsten av sjeldne og raudlista artar gir ein god indikasjon på alder og kontinuitet i kulturlandskapet. Berre beitemarker som har blitt haldne i hevd gjennom generasjonar, utan jordtilverking og kunstig gjødsling, vil kunne oppvise eit stort mangfald av beitemarksopp. På denne måten vil sopp kunne vere ein betre indikator på verdifulle kulturlandskap enn karplanter. Karplanter vil normalt ha størst mangfald på kalkrike lokalitetar, medan sopp kan vise stor artsrikdom òg på gamle og sure beitemarker.

Undersøkingar frå Nederland viser at endring i soppfloraen skjedd raskare enn endringar i

karplantefloraen etter at ein hadde starta med gjødsling. Dette er igjen ein indikasjon på at sopp er ein god indikator på endringar i jordbottilhøva i beitemarker (Arnolds 1989). Av mange sjeldne beitemarksopp i Hordaland er det gjort flest funn i Sunnhordland (Norsk Soppdatabase). Dette kan sjølv sagt skuldast at det her er gjort grundige undersøkingar, men òg samanlikna med kommunar der det er føretatt eigne undersøkingar av beitemarksopp, for eksempel Austrheim, er talet på funn langt større i Sunnhordland.

Mange av dei artene som er funne i Stord og Fitjar er òg sjeldne i landsmålestokk. Kommunar i Sunnhordland har difor eit spesielt ansvar til å ta vare på dei områda som har dette store mangfaldet. Den viktigaste måten å oppretthalde mangfaldet på, er at driftsformene på dei aktuelle lokalitetane held fram slik dei har vore i generasjonar, med beitetrykk og utan gjødsling og jordtilverking.

For sopp er det registrert 37 raudlista artar, medrekna artar som ikkje er funne i nyare tid. Dei fleste artane tilhøyrer kategorien NT (nær truga med 24 artar). Fire artar er sterkt truga (EN), medan åtte er vurdert til sårbare (VU). Mange sjeldne soppar er knytt til tradisjonelle kulturlandskap, særleg naturbeitemark med lang kontinuitet.



Gulbrun narrevokssopp (NT)

Camarophyllopsis schulzeri

Denne soppen veks i naturbeitemark og andre grasmarker, men er òg funnen i edellauvskog. Mange funn er frå område med kalk eller anna baserik jord. Han blir omtala som den vanlegaste av narrevokssoppene, men det er berre gjort fem funn i Hordaland, deriblant eitt i Stord (Lønning) og eitt i Fitjar (Levåg).



Stanknarrevokssopp (VU)

Camarophylloopsis foetens

Dette er ein sjeldan art som både veks i beitemark og edellauvskog med relativt få funn i Noreg (ca 25). Soppen er ganske unnsleg men har ei markant vond lukt. Den er karakterisert som kalkkrevjande og er truleg ein god indikator for artsrike beitemarker, sjølv om dei fleste funn er gjort i slåttenger. I Stord er arten funnen på tre lokalitetar (Hovaneset, Lønning og Børtveit), og dette er dei einaste kjente funna i Hordaland. Forutan to funn i Møre og Romsdal, er dei òg dei einaste kjente funna på Vestlandet.



Røykkøllesopp (NT)

Clavaria fumosa

Dette er ein sjeldan fingersopp/køllesopp som normalt er knytt til kalkrike område. Det er berre gjort sju funn i Hordaland. Han er funnen både i Stord (Lønning) og i Fitjar (Skumsnes).



Grå duftraudskivesopp (NT)

Entoloma ameides

Denne soppen veks i kalkrik beitemark, grasmark og lauvskog. Han har ei karakteristisk anisliknande lukt. Av dei fem funna som er gjort i Hordaland er fire frå Sunnhordland, derav eit frå Stord (Sponavikjo).



***Entoloma atrocoeruleum* (NT)**

Arten ser ut til å ha si hovudutbreiing i naturbeitemark. Den liknar mykje på ravneraudskivesopp, men kan m.a. skiljast mikroskopisk frå denne. Alle funn i Hordaland er frå Sunnhordland, derav to i Fitjar (Levåg, Rydland) og eitt frå Stord (Sponavikjo).



Ravneraudskivesopp (NT)

Entoloma corvinum

Dette er ein relativt sjeldan raudskivesopp som i hovudsak er knytt til naturbeitemark, men er òg funnen i edellauvskog, kalkrik lynghei og sanddyner. Den veks vanlegvis på lokalitetar med ei rekkje andre raudlista beitemarksopp. Alle funn av nyare dato i Hordaland er frå Sunnhordland, derav eitt i Stord (Hovaneset) og eitt i Fitjar (Øvrebygda).



***Entoloma dichroum* (VU)**

Dette er ein sjeldan raudskivesopp som veks i moldrik lauvskog og beitemark. Han er funne på ein lokalitet i Hordaland (Levåg, Fitjar) der den veks i moldrik svartorskog i tilknytning til beitemark.



Mjølraudskivesopp (NT)

Entoloma prunuloides

Mjølraudskivesopp er ein stor og karakteristisk raudskivesopp. Den er beskriven som sterkt knytt til kalkrike naturbeitemarker og andre grasmarker, og ofte ein karakterart for artsrike beitemarker. Den er relativt sjeldan, og alle funn i Hordaland med unntak av eitt, er frå Sunnhordland. Den er funne på ein lokalitet i Fitjar (Levåg) og ein i Stord (Sponavikjo).



***Entoloma scabropellis* (VU)**

Denne raudskivesoppen er svært sjeldan med berre 10 kjente lokalitetar på landsbasis. Den er berre beskriven frå Skandinavia og er mest sannsynleg ein indikatorart for verdfulle og artsrike naturbeitemarker. Dei to lokalitetane i Hordaland er begge frå Sunnhordland, ein i Stord (Sponavikjo) og ein i Fitjar (Levåg).



Sumpjordtunge (EN)

Geoglossum uliginosum

Sumpjordtunge er ein av våre sjeldnaste jordtunger. Han høyrer til slekta *Geoglossum*, som er den største og vanskelegaste slekta blant jordtungene. Han veks vanlegvis i sure, magre og litt fuktige beitemarker – ofte blant torvmose. Han er berre kjent frå Noreg, Sverige og Storbritannia, og er funne på totalt ni lokalitetar i Noreg, derav to i Hordaland (Bergen, Stord). Lokaliteten på Stord er fuktige område på Hovaneset.



Gyllen vokssopp (NT)

Hygrocybe aurantiosplendens

Gyllen vokssopp er berre kjent frå Europa der den er ein svært sjeldan beitemarksopp. Han finst ofte på kalkrike, artsrike lokalitetar. Den er berre kjent frå fem lokalitetar i Hordaland, derav tre i Sunnhordland. Eitt funn i Fitjar (Rydland).



Brun engvokssopp (VU)

Hygrocybe colemanniana

Dette er ein sjeldan og kalkkrevjande vokssopp. Arten synest å vere kravstor og veks ofte på lokalitetar med mange andre raudlista soppar ("hot spots"). Han blir difor rekna som ein god indikator på artsrike beitemarker. Soppen veks på to ulike plasser på Hovaneset som var første funn i Hordaland. Den er sidan funne på to lokalitetar i Bømlo.



Gulfotvokssopp (NT)

Hygrocybe flavipes

Denne arten er vanlig i Europa. Den liknar skifervokssopp, men skil seg lett frå den på den gule fargen på stilkbasis. Han veks i naturbeitemark, ofte i lokalitetar med mange andre artar. Det er gjort relativt mange funn i Hordaland, men alle med unntak av to er i Sunnhordland, derav tre i Fitjar (Levåg, Skumsnes, Øvrebygda).



Rødnande lutvokssopp (NT)

Hygrocybe ingrata

Dette er ein sjeldan vokssopp som veks i gamle naturbeitemarkar, mest på kalkrik jord. Han har karakteristisk lukt og anløper i raudfarge i brot, noko som gjer arten lett gjenkjenneleg. Han er vidt utbredt i Europa, men sjeldan. Han veks oftast på artsrike lokalitetar. Det er berre 5 funn av soppa i Hordaland, derav to i Stord (Lønning og Sponavikjø) og tre i Bømlo.



Skifervokssopp (NT)

Hygrocybe lacmus

Dette er ein beitemarksopp som er funne på ei rekkje lokalitetar i Hordaland, dei fleste i Sunnhordland. I Danmark blir den rekna som svært sjeldan, men er elles vidt utbredt i Europa. Den er ikkje blant dei vanlegaste beitemarksoppaane på Stordøya, med berre eitt funn i Stord (Børtveit) og eitt i Fitjar (Levåg).



Sauevokssopp (VU)

Hygrocybe ovina

Sauevokssopp veks i mager og ofte heiprega beitemark og slåtteng. Det er ein svært kravstor og sjeldan beitemarksopp som i dei fleste land blir rekna som ein av dei beste indikatorane på verdifullt kulturlandskap. Den veks ofte på lokalitetar med høgt innslag av andre raudlisteartar ("hot spots"). Sauevokssopp er funne på Hovaneset i Stord og på Nedre Levvåg i Fitjar. Forutan Stord og Fitjar er einaste funn i Hordaland gjort i Bømlø (4), Kvinnherad (1) og Sveio (2).



Raudskivevokssopp (NT)

Hygrocybe quieta

Denne soppen har sin hovudførekomst i naturbeitemark, men er òg funnen i skog. Den er normalt lett gjenkjenneleg på sine raudlege skiver. Alle funn i Hordaland med unntak av eitt, er frå Sunnhordland, derav tre i Stord (Hovaneset, Lønning, Børtveit) og eitt i Fitjar (Skumsnes).



Russelærvokssopp (NT)

Hygrocybe russocoriacea

Denne soppen kan ved første augnekast bli forveksla med den langt vanlegare kritt vokssoppen, men skil seg frå denne med ei karakteristisk lukt av eier. Han ser ut til å trivast best i kalkrike beitemarker. Alle funn i Hordaland er frå Sunnhordland, derav eitt i Fitjar (Øvrebygda) og to på Stord (Hovanaset, Digernes).



Raud honningvokssopp (NT)

Hygrocybe splendidissima

Dette er ein karakterart for gamle heiprega kystbeitemarker ofte med stort innslag av mose. Soppen har sitt viktigaste leveområde på vestkysten av Noreg, Sverige, Danmark og dei britiske øyane, og er mest sannsynleg suboseanisk i utbreiinga. Han veks ofte på lokalitetar med stort innslag av andre raudlista beitemarksopp ("hot spots"). Soppen var før 1999 berre kjent frå to lokalitetar i Hordaland (Austrheim, Voss). Han er seinare funne på ei rekkje lokalitetar både i Fitjar, Stord og Bømlo som i dag har dei fleste funna i Hordaland.



Gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (VU)

Denne sjeldne soppen er berre funnen ytst på kysten av Vestlandet, og blir rekna som sterkt oseanisk. Dei fleste funna er frå Møre og Romsdal, men i 2007 vart det gjort tre funn av soppen i Fitjarøyane (Eggøy og Hanøy).



Vrangjordtunge (NT)

Microglossum atropurpureum

Vrangjordtunge høyrer til jordtungene (Geoglossaceae) som inneheld ei rekkje artar fordelt på fleire slekter. Dei kan vere vanskelege å artsbestemme, og ein må som oftast mikroskopere. Vrangjordtunge er ein relativt kravfull art, og ofte ein karakterart for kalkrike og svært gamle beitemarker. Han veks ofte på "hot spots", dvs. lokalitetar med mange raudlista beitemarksopp. Alle funn i Hordaland er frå Sunnhordland, deriblant tre i Stord (Lønning, Børtveit, Hovaneset) og ein i Fitjar (Skumsnes).

Vrangjordtunge er ein av 33 artar som er foreslått til Bernkonvensjonen (Dahlberg og Croneborg 2003). Tre av desse artane er funne i Sunnhordland, og av desse er vrangjordtunge den mest sjeldne i Europa.



Vranglodnetunge (VU)

Trichoglossum walteri

Dette er ein sjeldan og kravfull art som høyrer til den slekta av jordtungar som er tett dekkja av små hår (setae) og er lett å bestemme mikroskopisk. Den veks ofte på "hot spots" dvs. lokalitetar med mange raudlista beitemarksopp. Alle 10 funna i Hordaland er frå Sunnhordland, deriblant fire frå Fitjar (Hanøy, Øvrebygda, Skumsnes og Levåg) og eitt frå Stord (Hovaneset). Andre funn er i Bømlo (3) og Sveio (2).

8. NATURVERNOMRÅDE I STORD OG FITJAR

Under naturtypekartlegginga er det ikkje gjort registreringar i naturreservat (NR) og landskapsvernområde (LVO), sidan desse områda er sikra gjennom naturvernlova. Men fordi verneområda kan omfatte vegetasjonstypar med sjeldne artar, blir det gitt ei kortfatta oversikt over dei enkelte områda. Lokalisering av verneområda er vist på kart 1.

STORD

Seks område i Stord er verna etter Lov om naturvern. Fem av desse områda er naturreservat (strengaste verneform), eit er landskapsvernområde. I tillegg har kommunen ein del av eit verna vassdrag i fjellet. Naturvernområda dekker eit areal på 1225 dekar, som er noko meir enn arealet av Ådlandsvatnet og ca. 0,85 % av samla landareal i kommunen.

1. Storsøy NR var det første området i kommunen som vart verna. Det skjedde i 1977 då øya fekk status som landskapsvernområde. I 1999 vart Storsøy gjort om til naturreservat gjennom verneplan for barskog. Kalkfurskog dominerer, men det er også innslag av edellauvskog. Kalkhaldig grunn gir stort artsmangfald av planter og virvellause dyr. Reservatet omfattar heile den 220 daa store øya.

2. Iglatjødno NR er eit av to naturreservat (myrreservat) som vart verna i 1983. Dette er ei rik, flat attgroingsmyr med fleire svært sjeldne karplanteartar. Spesielt må nemnast raudlistearten storak (*Cladium mariscus*). Reservatet dekkjer eit areal på 125 daa.

3. Sjoalemyro NR er det andre myrreservatet i Stord. Myra er ei såkalla atlantisk høgmyr og rik jordvassmyr med fleire til dels sjeldne planteartar. Det er òg dokumenter ein rik og variert edderkoppfauna her. Reservatet er på 160 daa.

4. Hystad NR vart oppretta i 1984, og er eit edellauvskogsreservat (Figur 17). Reservatet omfattar ein godt utvikla, stor og variert svartorsumpskog med stor verdi for undervisning og forskning. Dette er ein av dei største svartorsumpskogane i landet. Ein brakkvasspoll (Straumen) har ein stor førekomst av havsivaks. Melkevikjo har ein førekomst av dvergålegras, som har status som sterkt truga (EN) på raudlista frå 2006. Området omfattar òg kulturminne: Freda bronsealdergraver og Kolerakyrkjegard. Storleiken på reservatet er 200 daa.

5. Bleikjo NR er eit lite sjøfuglreservat. Reservatet ligg nord for Tveitøyane, på austsida av Huglo. Det er særleg raudnebbterner som har hekka i reservatet, noko varierende tal fuglepar frå år til år.

6. Brandvik LVO er eit landskapsvernområde med plantelivsfredning av barlind og kristtorn. Området vart verna i år 2000 og er med sine 518 daa det største verneområdet i kommunen. Området ligg på austsida av Huglo, mot Hardangerfjorden. Om lag to tusen barlindtre på over 0,5 m veks over eit samanhengjande område. Det store innslaget av kristtorn gjer forekomsten enno meir spesiell. Lokaliteten har vitskapeleg og pedagogisk verdi og bestandet av barlind inneheld viktige genressursar. Det er tillatt for grunneigarane å klyppa og hausta barlind og kristtorn for sal.

Røydlandsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i Verneplan IV for vassdrag i 1993, som døme på eit mindre kystvassdrag. Vassdraget ligg med øvste delen i Stord kommune og nedste delen i Fitjar. Røydlandselva renn ut i Storavatnet i Fitjar.

FITJAR

I Fitjar er fire område verna som naturreservat. Det samla arealet er mindre enn 0,4 km². Områda er verna gjennom verneplan for sjøfugl i 1987 og verneplan for våtmark i 1995, mest på grunnlag av eit rikt fugleliv.

7. Vestbøstadjørna NR er ein rik kulturlandskapssjø som vart verna i 1995 som ein del av våtmarksverneplanen. Arealet er 86,2 daa.

8. Rimbareidtjørn NR ligg òg ved dyrka mark i Fitjar og er ein rik kulturlandskapssjø, verna under våtmarksverneplanen i 1995. Arealet er 89,3 daa.

9. Eggholmen NR ligg langt vest i Fitjarøyane og vart verna som sjøfuglreservat i 1987.

10. Tangbleikjo NR er ein liten holme sør for øya Ålforo som vart verna som sjøfuglreservat i 1987.

9. STATUS OG OPPFØLGJANDE KARTLEGGING

Gjennom denne kartlegginga har det ikkje vore mogleg å rekke over heile arealet i Stord og Fitjar. Ein har difor, naturleg nok, konsentrert seg om å dekke område der det er størst sjanse for å finne aktuelle naturtypar og verdifulle område, først og fremst område i låglandet. Ei rekkje førekomstar av sjeldne og raudlista artar har vore kjend på Stord i lang tid, og å få undersøkt dagens status for desse førekomstane har òg vore ei prioritert oppgåve.

Floraen i Fitjar kommune er dårlegare undersøkt enn i Stord, og det finst få botaniske og mykolo-

giske publikasjonar frå kommunen. Ved supplerande kartlegging er det difor truleg størst sjanse for å gjere nye funn i Fitjar, både av karplanter og kryptogamar.

Gjennom denne kartlegginga er både Stord og Fitjar rimeleg godt dekkja med tanke på førekomst av naturtypar, og ved hjelp av både feltregistreringar og litteratur har ein fått god oversikt over karplantefloraen. Det er gjort mange registreringar av sopp i nyare tid, og sjeldne lavartar er godt kartlagt i delar av både Stord og Fitjar.

10. LITTERATUR

- Arnolds, E. 1989 The influence of increased fertilization on the macrofungi of a sheep meadow in Drenthe, the Netherlands. *Opera Botanica* 100; 7-21
- Artsdatabanken 2007. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/> – Artsdatabanken og GBIF-Norge.
- Bjørndalen, J. E. & Brandrud, T. E. 1989. Verneverdige kalkfuruskooger. Landsplan for verneverdige kalkfuruskooger og beslektede skogstyper i Norge. I. Generell del. – DN Rapport 10: 1-148.
- Boertman, D. 1995 Vokshatte. Nordeuropas svampe – bind1. Foreningen til svampekundskapens fremme. Danmark
- Dahlberg, A. & Croneborg, H. 2003. 33 threatened fungi in Europe. Complementary and revised information on candidates for listing in Appendix I of the Bern Convention. A document compiled for EU DG Environment and the Bern Convention.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. – DN-notat 2000-5.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. – DN-håndbok 13 - 2. utgave (nettversjon).
- Fadnes, P. 2007. Status for fire rødlistede karplanter knyttet til ferskvann i Stord kommune. – *Blyttia* 65: 260-269.
- Fadnes, P., Haug, A. & Vatten, A. 2000. Stor forekomst av havburkne *Asplenium marinum* registrert på Huglohammaren i Stord kommune. – *Blyttia* 58: 22-24.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. – NINA Utredning 029: 1-172.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H. 1997. truga mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. - Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian plants. I. The coast plants. Univ. i Bergen. Skrifter 26.
- Fægri, K. & Danielsen, A. 1996. Maps of distribution of Norwegian plants. III. The southeastern element. Fagbokforlaget, Bergen.
- Gjærevoll, O. 1990. Maps of distribution of Norwegian plants. Vol. II. Alpine plants. K. Norske Vidensk. Selsk. Tapir, Trondheim.
- Gaarder, G. & Moe, B. 2000. Steinbrudd på Raunholm. Konsekvensutredning på tema dyre- og planteliv. Miljøfaglig Utredning, rapport 2000 (6): 1-26.
- Hafsten, U. 1965. The Norwegian *Cladium marsicus* communities and their post-glacial history. – Universitetet i Bergen. Årbok. Matem. Natur vit. serie 4: 1-55.
- Haug, A. & Fadnes, P. 2000. Kuriøst funn av hjortetunge *Asplenium scolopendrium* på Stord. – *Blyttia* 58: 160-161.
- Helland-Hansen, W. 2004. Naturhistorisk vegbok for Hordaland. Bergen museum – Nord 4.

- Holmboe, J. 1924. *Cladium mariscus* R. Br. og dens utbredelse i Norge nu og i ældre tid. – Bergen Museum Aarbok 1922-23, Natur vit. r. 2: 1-15.
- Ihlen, P. G. 1996. Floraregistreringer langs vegstrekningen Jektevik – Boravik på Stord (Hordaland). – Univ. i Bergen. Botanisk inst. Rapp.: 1-26 (upubl.).
- Jordal, J.B. 1997. Sopp i naturbeitemarker I Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i europeisk perspektiv. DN-rapp. 1997-6.
- Knutsen, A. 1992. Ei skogfagleg vurdering av brannen på Utslettefjellet i tida 2. til 4. juni. Rapp. (upubl.).
- Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway. 416 s.
- Lid, J. & D. T. Lid. 2005. Norsk flora. 7. utgåva v/Reidar Elven (red.). – Det Norske Samlaget. Oslo.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Lundberg, A. 1998. Karmøys flora. Biologisk mangfald i eit kystlandskap. – Fagbokforlaget.
- Meyer, O. B. 1983. Fjellflora og –vegetasjon på Stord og Tysnes. – Univ. i Bergen. Botanisk inst. Hovedf. oppg. (upubl.).
- Moe, B. 1994. Storak, *Cladium mariscus*, på Bømlø i Sunnhordland. – Blyttia 52: 55-60.
- Moe, B. 1995. Vernet edelløvskog i Hordaland; tilstand, fastruteanalyser, floraoversikt og skjøtselsbehov 20 år etter registreringene. – MVA-rapp. nr. 5/95: 1-36.
- Moe, B. 1995. Studies of the alpine flora along an east-west gradient in central Western Norway. - Nord. J. Bot. 15: 77-89.
- Moe, B., Heegaard, E. & Ihlen, P. G. 1996. Botaniske registreringer i det planlagte "Trekantsbandet" i Sunnhordland. – Univ. i Bergen. Botanisk inst. Rapp.: 1-21 (upubl.).
- Moe, B. 2001. Inventering av verneverdig barskog i Hordaland. - Fylkesmannen i Hord. MVA rapp. 2/2001: 1-68.
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Bømlø. – Bømlø kommune og Fylkesmannen i Hordaland. – MVA-rapport 17: 1-107.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. - Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Nitare, J. 1988. Jordtugor, en svampgrupp på tilbakagång i naturliga fodermarker; Svensk botanisk tidsskrift, 82; 341-368
- Noordeloos, M.E. 1992. Entoloma s.1 Fungi Europaei vol 5. Saronno, Italia.
- Noordeloos, M.E. 2004. Entoloma supplement. Fungi Europaei vol 5a, Saronno, Italia
- Nøttveit, Aa. 2006. Kystlynghei i dei ytre kommunane i Sunnhordland: Sveio, Bømlø, Stord, Fitjar og Austevoll.
- Odland, A. & Fremstad, E. 1989. Verneplan IV for vassdrag. Botaniske undersøkelser i Hordaland og Rogaland. – NINA Oppdragsmeldning 19: 1-81.
- Odland, A. 1992. Skjøtsel av våtmarkreservat i Hordaland. – NINA Oppdragsmeldning 172: 1-37.
- Olsen, S. 1986. Jordtunger I Norge. Agarica 7(14): s. 120.
- Salvesen, P. H. 1995. Norsk botanisk forening. Ekskursjon til Gullberg og Hystad på Stord. – Blyttia 53: s 116.
- Steinsvåg, M. & Overvoll, O. 2004. Viltet på Stord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. Stord og Fitjar kommunar og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3-2004: 1-59.
- Sørheim, K. 1969. Floraen på Stord. – Eige forlag. Haugesund.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway - 1995. - Sommerfeltia 23: 1-258.
- Vevle, O. 1981. Om flora og vegetasjon i landskapsvernområde Storsøy, Stord, Hordaland. – Telemark distriktshøgskole, Bø. Skrifter 67: 1-54.
- Vesterholt, J. & Knudsen, H. 1990. Truede storsvampe I Danmark – en rødliste. Foreningen til svampkundskapens fremme, København.
- Vesterholt, J. 2002. Fungi non deleineati. Contribution to the knowledge of species of *Entoloma subgenus Leptonis*. Liberia Mycoflora, Alassio.

SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfald. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- MD sitt rundskriv til kommunane (T-937) ”Tenke globalt - handle lokalt”
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

AKTUELLE INTERNETTADRESSER

Miljøverndepartementet	www.odin.dep.no/md
Direktoratet for naturforvaltning	www.dirnat.no
Fylkesmannen	www.fylkesmannen.no
Miljøstatus i Norge	www.miljostatus.no
Naturbasen	www.dirnat.no/nbinnsyn
Artsdatabanken	www.artsdatabanken.no
Norsk Karplantedatabase	www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/kar/nkd_b.htm
Norsk Lavdatabase	www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/lav/nld_b.htm
Norsk Mosedatabase	www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm
Norsk Soppdatabase	www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm
Norges Sommerfugler	www.toyen.uio.no/norlep
Norsk Soppforening	www.nhm.uio.no/botanisk/nsf
Norsk Botanisk Forening Vestl.avd.	www.uib.no/bot/nbfv
Norsk Botanisk Forening	www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm
Norsk Entomologisk Forening	www.entomologi.no

Kart og faktaark

Tabell 3. Kartlagte naturtypelokaliteter i Fitjar og Stord kommunar.


Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (daa)	Verdi
1	Klamsøy	Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	239,4	C
2	Hanøy	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	513,0	A
3	Eidøysanden	Sørvendt berg (B01)	1,9	A
4	Eidøyvågen	Strandeng og strandsump (G05)	3,8	B
5	Eggøy	Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	180,8	B
6a	Siglo	Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	416,5	C
6b	Litlasiglo	Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	82,0	
7	Torsdagsøy	Kystlynghei (D07)	490,8	C
8	Langøy	Kystlynghei (D07)	218,0	B
9	Grunnevågen (Tranøy)	Strandeng og strandsump (G05)	2,4	C
10	Dyrholmen - Porsholmen	Kystlynghei (D07)	185,6	A
11	Ivarsøy nord	Strandeng og strandsump (G05)	2,1	C
12	Ivarsøy sør	Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)	1085,2	C
13	Store Eldøy	Strandeng og strandsump (G05)	7,0	C
14	Nordfonno	Kystlynghei (D07)	1300,8	B
15	Ramnaberget	Sørvendt berg og rasmark (B01)	19,1	B
16	Fonno aust	Rik edellauvskog (F01)	55,6	C
17	Storevikvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	19,3	C
18	Midttjørn-Nordretjørn	Rik kulturlandskapssjø (E08)	64,0	C
19	Rydland vest	Naturbeitemark (D04)	70,6	A
20	Rydland	Rik edellauvskog (F01)	4,6	C
21	Øvrebygda	Naturbeitemark (D04)	89,2	A
22	Tveita sør	Rikmyr (A05)	8,8	C
23	Tveita	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	107,3	B
24	Tveita vest	Naturbeitemark (D04), slåttemark (D01), beiteskog (D06)	69,0	B
25	Hellandsneset	Rik edellauvskog (F01)	22,5	C
26	Gåsakjelda	Mudderbank (E02)	13,3	C
27	Åsen	Naturbeitemark (D04)	29,0	C
28	Gamle Tjødnamyra	Rik kulturlandskapssjø (E08)	23,4	C
29	Landa	Naturbeitemark (D04)	60,2	B
30a	Skumsnes	Kystlynghei (D07), naturbeitemark (D04)	241,6	A
30b	Geitahaugane	Naturbeitemark (D04)	72,4	
31	Tuftalandstjørn	Rik kulturlandskapssjø (E08)	49,5	A
32	Tuftaland	Rik edellauvskog (F01)	9,6	C
33	Sandvikvåg	Rik edellauvskog (F01)	8,7	C
34	Sandvikvåg aust	Nordvendt kystberg (B04)	1,1	A
35	Færøya	Kystlynghei (D07), naturbeitemark (D04)	60,8	C
36	Nordre Levåg - Klårneset	Naturbeitemark (D04)	85,7	A
37	Storeklubben	Nordvendt kystberg (B04)	3,5	B
38	Vodlane	Rikare sumpskog (F06)	6,8	B
39	Rishaugen sør	Nordvendt kystberg (B04)	12,8	B
40	Rishaugen søraust	Nordvendt kystberg (B04)	9,7	B
41	Raunholmselva	Bekkekløft (F09)	30,4	C
42	Hageelva	Bekkekløft (F09)	13,8	C
43	Gjæsene	Kystfuruskog (F12)	113,2	C
44	Tindane	Kalkrike område i fjellet (C01)	433,2	A
45	Svartavatnet sør	Kalkrike område i fjellet (C01)	13,0	C
46	Klovskardfjellet aust	Kalkrike område i fjellet (C01)	4,6	C
47	Klovskardfjellet nord	Kalkrike område i fjellet (C01)	16,4	C
48	Melsåta	Brannfelt (F10)	399,1	B
49	Store Tjødnadalen nord	Kystfuruskog (F12), gammalskog (F08)	190,1	A
50	Børtveit	Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)	65,7	A
51	Agdestein	Rik edellauvskog (F01)	38,8	B
52	Heia	Kystmyr (A08)	371,4	B
53	Rusta - Låvadalen	Gammal lauvskog (F07), kystfuruskog (F12), rikare sumpskog (F06)	369,6	B
54	Botnabrotet	Kalkrike område i fjellet (C01)	108,7	C
55	Eskeland	Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)	44,7	B
56	Nordre Tveita	Beiteskog (D06)	4,2	C
57	Nordre Tveita sør	Beiteskog (D06)	23,4	C

Tabell 3. Forts.


Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (daa)	Verdi
58	Hovaneset - Sævarhagen	Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06), strandeng og strandsump (G05), rikt strandberg (G09)	71,1	A
59	Rognabekken	Kystmyr (A08), rikmyr (A05)	36,7	B
60	Vatna	Beiteskog (D06)	19,6	B
61	Ådlandsskogen	Kystfuruskog (F12)	42,9	C
62	Ådlandsvatnet - Sageneset	Mudderbank (E02), rik kulturlandskapssjø (E08)	15,7	A
63	Ådlandsvatnet - N. Lønning	Mudderbank (E02), rik kulturlandskapssjø (E08)	14,9	A
64	Ådlandsvatnet - Grønevika	Mudderbank (E02), rik kulturlandskapssjø (E08)	2,6	A
65	Lønning	Naturbeitemark (D04)	5,0	A
66	Holmedalsvatn	Kystfuruskog (F12)	160,8	C
67	Storedalen	Rik edellauvskog (F01), kalkskog (F03)	191,0	A
68	Stuvasetraåsen	Rik edellauvskog (F01), gammal, fattig edellauvskog (F02)	31,3	B
69	Ulvatjørn	Kystmyr (A08), rikmyr (A05)	57,4	B
70	Dalaelva (Osastykket)	Viktige bekkedrag (E06)	11,6	C
71	Utslettefjellet	Brannfelt (F10)	936,6	C
72	Utslettefjellet sør	Kalkskog (F03), kystfuruskog (F12)	16,8	C
73	Limbuvik	Rik edellauvskog (F01)	3,5	B
74	Vasspollen	Rik kulturlandskapssjø (E08)	1,7	C
75	Nestjødn	Rik kulturlandskapssjø (E08), mudderbank (E02), rikare sumpskog (F06)	38,3	B
76	Hestatjørn	Rik kulturlandskapssjø (E08)	51,5	C
77	Landåsen	Kystfuruskog (F12)	35,4	C
78	Landåsvatnet	Mudderbank (E02)	0,4	A
79	Tveitvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	4,3	A
80	Sponavikjo	Strandeng og strandsump (G05)	3,3	A
81	Gullberg	Rik edellauvskog (F01), kalkskog (F03)	20,3	A
82	Midthaugen N	Rikare sumpskog (F06)	13,0	A
83	Digernes	Kalkskog (F03)	5,4	A
84	Steinsholmen	Kantkratt (B02), rikt strandberg (G09)	3,4	A
85	Føyno	Rik edellauvskog (F01)	7,9	A
86	Korsvikane	Rikt strandberg (G09)	10,5	C
87	Leiro	Strandeng og strandsump (G05)	103,4	A
88	Ørevik	Rikare sumpskog (F06)	12,8	C
89	Huglahammaren	Sørvendt berg (B01), kantkratt (B02)	6,9	A
90	Kuhidervika	Rik edellauvskog (F01), kystfuruskog (F12)	28,0	A
91	Vassvika	Rik kulturlandskapssjø (E08), rikare sumpskog (F06)	33,8	C
92	Tveitmarka	Kalkskog (F03)	23,5	B
93	Kvernahaugen	Kalkskog (F03)	29,4	A
94	Tveit gruver	Skrotemark (D15), gruver (D16)	4,7	C
95	Tveitbrota	Rik edellauvskog (F01)	9,4	B
96	Litla Brandvikneset	Kalkskog (F03)	77,4	A
97	Store Brandvik	Rikt strandberg (G09), kantkratt (B02)	5,5	B
98	Haukanes	Rik edellauvskog (F01), naturbeitemark (D04)	91,8	B
99	Kaldedalen	Kystfuruskog (F12), rikmyr (A05)	461,6	B


Kart 1: Arealbruk

-  Lauvskog
-  Bar- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Naturvern



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk / Geovekst





0 1 2 3 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk / Geovekst


Kart 2b: Prioriterte naturtyper i Stord

- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokal verdi



0 1 2 3 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk / Geovekst



Lokalitet 1 Klamsøy

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 239 daa

Undertype Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Klamsøya er den vestlegaste øya i Fitjar-skjergarden. Den ligg mellom Selsøy (i Bømlø) og Hanøy og er eksponert mot opent hav i nordvest. Ingen busetnad eller skogplanting. Terrenget er svært kupert og berglendt med kløfter og små dalsøkk mellom forblåste knausar. Store forskjellar i vegetasjonen etter lokalklimaet og jordsmonnet. Øya har relativt høg dekning med lyng. Røsslyngen er lågvaksen og lite forveda i dei eksponerte partia, men storvaksen og grov i lesidene. Det går ingen beitedyr på øya i dag, og attgroinga har resultert i oppslag av einer, bjørk, rogn og furu, ofte opptil 1,5 m høge buskar. Eineren dannar ikkje tette kratt. I dalsøkk er det stadvis mykje einstape og sauetelg. Forutan røsslyng finst klokkeløng i fuktige parti, medan mjølbbær og krekling er typiske i tørre sørskrånningar. Purpurlyng er ikkje registrert. Heistorr finst i store mengder på øya, og elles lokalt ein del av grasa raudsvingel, smyle og blåtopp. Nordskrånningar har oseaniske samfunn på berg med hinnebregne og kysttvebladmose, medan blankburkne helst veks i sørvendte bergsprekkar.

På kollar i søraust er det parti med terrengdekkjande torv og spor etter torvtekt.

Noterte artar

Klokkelyng *Erica tetralix*, mjølbbær *Arctostaphylos uva-ursi*, krekling *Empetrum nigrum*, heistorr *Carex binervis*, kornstorr *C. panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, grønstorr *C. demissa*, stjernestorr *C. echinata*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, blåtopp *Molinia caerulea*, smyle *Avenella flexuosa*, raudsvingel *Festuca rubra*, finnskjegg *Nardus stricta*, storfrytle *Luzula sylvatica*, heisiv *Juncus squarrosus*, rome *Narthecium ossifragum*, tepperot *Potentilla erecta*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, sauetelg *Dryopteris expansa*,

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Øya har godt potensiale for restaurering med brenning. Buskar bør eventuelt hoggast.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 2 Hanøy

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 513 daa

Undertype Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07), kystmyr (A08)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Hanøy ligg vest i Fitjar-skjergarden og er eksponert mot ope hav i nordvest. Ein klassisk lokalitet, tidlegare omtalt som kystgard og blir rekna blant eit av dei mest verdifulle kulturlandskapa i Hordaland. Garden, tunet og hamna ligg i le av berghamarar på søraustsida av øya. Tunet har eit intakt og velhaldt bygningsmiljø frå 1800-talet, og innmarka ligg mellom bergknauar innanfor. Innmarka er hardt nedbeita, og i kanten veks det platanlønn og ein frukthage er inkludert. Stein er rydda og lagt i røyser og steingard.

Storparten av Hanøy er utmark dominert av lyng- og grashei. Lyngen har ikkje vore brent i nyare tid, men er likevel i god stand grunna kontinuerlig og hard beitepåverknad. Utmarka har vore slått i eldre tid. Her er ingen teikn til attgroing, og det lille som finst av einer har ein låg og beitetilpassa vekseform. Naturbeitemark er også vanleg på Hanøy, med gulaks, finnskjegg, dvergsmyle og ei lang rekkje beitemarkplanter, som kystmaure, heiblåfjør m.fl. Det meste av utmarka ser ut til å ha god beiteverdi, basert på tradisjonell drift gjennom lang tid.

Høge bergveggar er ikkje så vanleg på Hanøy, men det finst nordvendte bergknauar med hinnebregne og oseaniske mosar.

Midt på øya ligg det parti med terrengdekkjande myr, men mykje av torva er truleg skåre vekk og hausta til brensel. Det veks molte på myra i nordvest.

Hanøy har om lag 25 vinterføra sauer som beiter på inn- og utmarka heile året. Så lenge dette held fram, vil Hanøy kunne oppretthalde status som ein kystgard med verdifull naturbeitemark og kystlynghei.

Noterte artar

Klokkelyng *Erica tetralix*, dvergsmyle *Aira praecox*, geitsvingel *Festuca vivipara*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, finnskjegg *Nardus stricta*, storfrytle *Luzula sylvatica*, heisiv *Juncus squarrosus*, ryllsiv *J. articulatus*, harestorr *Carex leporina*, kornstorr *C. panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, heistorr *C. binervis*, loppstorr *C. pulicaris*, grønstorr *C. demissa*, kystmaure *Galium saxatile*, kattedot *Antennaria dioica*, tepperot *Potentilla erecta*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, fjørekoll *Armeria maritima*, rosenrot *Rhodiola rosea*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, sylarve *Sagina subulata*, augnetrøst *Euphrasia* sp., tiriltunge *Lotus corniculatus*, bjønnekam *Blechnum spicant*
Gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (VU)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål
Spreiing av platanlønn.

Litteratur

Fylkesmannen i Hordaland 2000.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 22.06.2004

Lokalitet 3 Eidøysanden

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,9 daa

Undertype Sørvendt berg (B01)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Eidøy ligg mellom Hanøy og Eggøy, med eksponering mot ope hav i nordvest. Ved Eidøysanden nordvest på den sørlege delen av øya stikk det ut eit nes med ein ca. 20 m høg, loddrett bergvegg. Berget har eit overheng i øvste delen og eksponering mot vest-sørvest. Om lag 4 m horisontalt inne i dette overhengenget og 15 moh. veks det 3 små tuer av havburkne djupt inne i ein bergsprekk. Bestandet er lite, totalt ca. 50 x 50 cm. Berget omkring er glatt svaberg med klipperagg, fjørekoll og strandsmelle i sprekkar. Bergarten er sur granodioritt, men kvite utfellingar i sprekkar indikerer innslag av kalk.

Havburkne er tidlegare ikkje kjend frå Fitjar, og dette er den einaste lokaliteten i kommunen. Habitat med høge, vertikale strandklipper er sjeldan i Fitjar-skjergarden. Lokaliteten på Eidøya er svært liten og derfor sårbar. Berre tilgjengeleg frå sjøsida med båt.

Noterte artar

Havburkne *Asplenium marinum* (NT), strandsmelle *Silene uniflora*, fjørekoll *Armeria maritima*, følblom *Leontodon autumnalis*, klipperagg *Ramalina siliquosa*, svaberglav *Anaptychia fusca*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 4 Eidøyvågen

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 3,8 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Innanfor vågen som bind dei to delane av Eidøy saman ligg det eit interessant strandområde med grense til sjøen både i nordvest og i søraust. Grunnlaget for den litt særleine vegetasjonen er lausmassane av skjelsand og grus i blanding med grovare materiale av stein og blokker. Sandstorr og strandarve er knytt til sandstrand, og begge er nokså sjeldne artar i fylket. Strandsona i begge vikene går gradvis over i gammal kulturmark som har vore slått og beita i eldre tid. Framleis finst kulturmarksplanter som småengkall, markfrytle og fleire grasartar, men mykje av vegetasjonen har utvikla seg til ein høgstaudevegetasjon med mjøduert, hundekjeks og andre typiske staudar. Svartknoppurt dannar tett bestand i ei rydningsrøys midt mellom dei to strendene. I nisjer mellom steinar finst det blodtopp. Delar av området har karakter av fukteng/strandsump dominert av soleihov, hanekam og slåttstorr.

Eit variert område med stort mangfald og regionalt sjeldne plantesamfunn og artar.

Noterte artar

Sandstorr *Carex arenaria*, slåttstorr *C. nigra*, kornstorr *C. panicea*, dunhavre *Avenula pubescens*, markfrytle *Luzula campestris*, strandrug *Leymus arenarius*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, englodnegras *Holcus lanatus*, strandkjempe *Plantago maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, fuglevikke *Vicia cracca*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, engsoleie *Ranunculus acris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, soleihov *Caltha palustris*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, strandarve *Honkenya peploides*, strandsmelle *Silene uniflora*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, raudkløver *Trifolium pratense*, småengkall *Rhinanthus minor*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystmaure *Galium saxatile*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, jordnøtt *Conopodium majus*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Sitkagran, ca 20 tre i området.

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge ut sitkagran.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 23.06.2004

Lokalitet 5 Eggøy

Hovedtype Kulturlandskap. Myr

Areal 181 daa

Undertype Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Eggøy er blant dei ystste øyane i skjergarden, der den nordvestlege delen ligg eksponert mot ope hav. Denne delen er naturleg skilt frå resten av Eggøy med eit kulturlandskap i eit dalsøkk. Utmarka nordvest på Eggøy er gammal lynghei. Denne vart brent i 2003 og 2004. Brannen var flekkvis og sterkast i nordvest, der nye spirer av røsslyng kjem tilbake. Ujamm brenning skuldast mykje impediment og fuktige parti med myr. Øya har såleis mange suksesjonsstadium etter korleis vegetasjonen er påverka av lyngsviing. Øya vart sist brent på 1960-talet. Attgrodde parti med grov røsslyng og einer bør brennast. Triviell vegetasjon med røsslyng og klokkelyng som dei dominerande lyngartane. Purpurlyng vart ikkje registrert.

Ein stor flate midt i lokaliteten har terrengdekkande myr med tydelege spor etter torvtekt. Restar av ein gammal trerot i torva viser at det har vakse skog der.

Det var i 2004 villsaudrift på Eggøy. Saueeigaren har leigeavtale og driv skjøtsel/beiting i samarbeid med grunneigar. Velhalden kystgard som hadde fast busetnad til 1970-talet. I dag brukt til sommarbustad.

Noterte artar

Klokkelyng *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, tranebær *Oxycoccus microcarpus*, kornstorr *Carex panicea*, slåttestorr *C. nigra*, heistorr *C. binervis*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, heisiv *Juncus squarrosus*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmaure *Galium saxatile*, lusegras *Huperzia selago*, tepperot *Potentilla erecta*, bjønnekam *Blechnum spicant*, skogstjerne *Trientalis europaea*
Gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (VU)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 23.06.2005

Lokalitet 6 Siglo

Hovudtype Kulturlandskap. Myr

Areal 417 daa

Undertype Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Siglo ligg midt i den nordlege Fitjar-skjergarden, eksponert mot Selbjørnsfjorden. Utmarka i nordvest har det største og finaste området med lynghei på øya. Terrenget er svært kupert med mange knausar og bergskrentar. Røsslyngen er grovvaksen og det er mykje einer og spreidd furu på opp til 2 m høge tre. Eieren er ofte i same høgde som røsslyng (0,5 m) og brer seg utover i tette kratt i dalsøkka. I skuggefulle berg veks hinnebregne. Purpurlyng er vanleg i sørvendte skråningar.

Den sørvestlege delen av området er nyleg brent, og unge spirar med røsslyng og klokkelyng kjem opp. Etter brannen står det att mykje tørre stammar av lyng og einer. Ujamm brenning kan skuldast mykje impediment og fuktige pari med myr. Øya har såleis mange suksesjonsstadium alt etter etter korleis vegetasjonen er påverka av lyngsviing. Det er stort behov for brenning av dei mest attgrodde partia. Det er mindre parti med terrengdekkande myr i mosaikk med lyngheia. Sauebeiting i 2004.

Litle Siglo er ikkje undersøkt, men er inkludert i lokaliteten fordi den frå avstand ser den ut til å vere i bra stand, og utan tre.

Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *E. tetralix*, heistorr *Carex binervis*, slåttestorr *C. nigra*, kornstorr *C. panicea*, stjernestorr *C. echinata*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, rome *Narthecium ossifragum*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, bjønnekam *Blechnum spicant*, tepperot *Potentilla erecta*, lusegras *Huperzia selago*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *S. acre*, tiriltunge *Lotus corniculatus*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Buskfuru er planta i eit ca. 30 x 50 m stort parti midt i området.

Aktuelle forvaltingstiltak

Tilhøva for sauebeiting vil bli betre om dei attgrodde områda blir rydda og brent. Buskfuru og sitkagran bør hoggast ut.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 23.06.2005

Lokalitet 7 Torsdagsøy

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 491 daa

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Torsdagsøy ligg i den midtre delen av skjergarden. Her var det tidlegare to gardsbruk. Etter å ha ligge brakk sidan 1970-talet er det nyleg gjort tiltak for å setje gamle kulturlandskap i stand. Lyngområde blir svidd og lauvskogen i enkelte attgrodde område i nord har blitt hogd. I sør har det kome opp spreidd furu i lyngheia, og sjølv etter brenninga i 2004 står det framleis mange tre att. Flekkvis brenning kan skuldast kupert terreng og mykje impediment. Øya er best brent lengst i sør. Mange suksessjonsstadium er representert her. Stadvis fin purpurlynghei med mykje mjølbær i sørvendte skråningar. I nybrente parti veks det mykje bråtestorr, knegras og tepperot. Kristorn førekjem i små dalsøkk. Området blir beita av sau.

Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), kristtorn *Ilex aquifolium*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*, bråtestorr *Carex pilulifera*, heistorr *C. binervis*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, kystmaure *Galium saxatile*, rome *Narthecium ossifragum*, flekkmarhand *Dactylorhiza maculata*, tepperot *Potentilla erecta*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med furu. Buskfuru er blitt planta.

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge ut tre og brenne dei områda som står att. Plan for istandsetting føreligg.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 8 Langøy

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 218 daa

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Langøy ligg midt i Fitjar-skjergarden, mellom Ivarsøy og Torsdagsøy. Gammal busetnad med innmark ligg i sør, medan utmark med lynghei dekker stort sett resten av øya. Lyngmarka går over i bratte berg langs sjøen på vestsida. Mykje av lyngheia er i god hevd med lågvaksen røsslyng av ein tørr type røsslynghei. Purpurlyng førekjem, men er sjeldan. Langøy har villsaudrift, og delar av øya vart svidd i 2000. Skjøtsel og langvarig tradisjonell drift gjer at øya er i bra stand og nesten utan buskar og tre.

Fleire fine steingardar og oppmura steinmurar.

Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), slåtestorr *Carex nigra*, kornstorr *C. panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, stjernestorr *C. echinata*, bjønnekam *Blechnum spicant*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Halde fram med sauebeitinga.

Litteratur

Fremstad et al. 1991.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 9 Grunnevågen (Tranøy)

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 2,4 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Grunnevågen ligg på sørvestsida av Tranøy og er ei langgrunn strandbukt omgitt av delvis attgrodd lyngmark som dominerer sjølve øya. Strandområdet inst i vågen er delvis avsnørt frå resten av Grunnevågen, og her gir finare lausmassar av grus og sand grunnlag for vegetasjonen. Plantesamfunna er i stor grad påverka av tidevatnet. Saltsiveng dominerer sterkt, og innanfor denne finst rustsivaks og fjøresivaks, samt ei rekkje vanleg strandplanter. Ovanfor tidevasssona finst nitrofile samfunn knytt til fuktig eng, med artar som mjødukt, hanekam og vendelrot. Ein liten, men ganske artsrik lokalitet med vegetasjon som ikkje er vanleg i Fitjar.

Noterte artar

Rustsivaks *Blysmopsis rufa*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, strandkjempe *Plantago maritima*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, knopparve *Sagina nodosa*, småengkall *Rhinanthus minor*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*, havbendel *Spergularia media*, skjorbuksurt *Cochlearia officinalis*, klengemaure *Galium aparine*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 10 Dyrholmen – Porsholmen

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 186 daa

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Dyrholmen ligg nordaust i Fitjar-skjergarden og er skild frå Porsholmen i nord med eit lite sund. Berre Dyrholmen vart undersøkt i 2004, men dei to holmane ser ut til å ha ganske lik vegetasjon. Heile øya er dominert av lynghei i god hevd med villsaudirft. Lyngbrenning i nyare tid har resultert i at mykje av lyngen er lågvaksen og lite forveda, og over store delar av øya er det homogen røsslynghei i svært god stand. Brannen har òg tatt knekken på det meste av eineren. Det er ganske mykje purpurlyng på Dyrholmen, særlig i dei sørvendte berga. Også mjølbær, ein karakterart i tørrhei, er vanleg. I nord er det mykje storbjønnskjegg, og forholdet mellom lynghei og bjønnskjegghei er omtrent 50:50. Blåtopp er det derimot lite av. Brenninga har truleg verka gunstig på heistorr som er svært utbreidd i både røsslyngheia og purpurlyngheia. I tørre berg veks det blankburkne, medan hinnebregne finst i nordvendte berg saman med oseaniske mosar.

Rundt nokre gamle grunnmurar er det litt naturbeitemark og jordnøtteng (tidlegare slåttemark). Her ligg det rydningsrøysar, og det veks lauvtre i kanten av marka, særleg selje, rogn og osp.

Nord på Dyrholmen ligg det ein lita strand med m.a. knortestorr *Carex otrubae*.

Porsholmen skal vere i tilsvarende god stand som Dyrholmen (Nøttveit 2005), og den er også inkludert av Fremstad et al. (1991).

Noterte artar

Krypvier *Salix repens*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, heistorr *Carex binervis*, kornstorr *C. panicea*, grønstorr *C. demissa*, stjernestorr *C. echinata*, slåttestorr *C. nigra*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heifrytle *Luzula congesta*, blåtopp *Molinia caerulea*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, raudsvingel *Festuca rubra*, finnskjegg *Nardus stricta*, bjønnekam *Blechnum spicant*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, kystmaure *Galium saxatile*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, tepperot *Potentilla erecta*, jordnøtt *Conopodium majus*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, kattefot *Antennaria dioica*, blåkoll *Prunella vulgaris*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing ved redusert bruk.

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde fram med tradisjonell bruk slik som i dag.

Litteratur

Fremstad et al. 1991.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 23.06.2004

Lokalitet 11 Ivarsøy nord

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 2,1 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i det gamle kulturlandskapet nord på Ivarsøy, og består av ein liten strandsump forbunden med sjøen gjennom ein tidevasskanal. Bekkesig renn inn til sumpen frå beitemarka omkring. Ved springflo blir heile flata oversvømt. I tørre periodar om sommaren tørkar sumpen delvis ut, og det oppstår saltpanner med lite eller ingen vegetasjon. Samfunn med saltsiv og rustsivaks dominerer, og går gradvis over i fukteng. Heile området er sterkt påverka av beite og trakk.

Noterte artar

Rustsivaks *Blysmopsis rufo*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, saltsiv *Juncus gerardii*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, myrsaulauk *T. palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 22.06.2004

Lokalitet 12 Ivarsøy sør

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 1085 daa

Undertype Kystlynghei (D07), kystmyr (A08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Søre del av Ivarsøy er eit stort utmarksområde dominert av lynghei og myr, men òg mykje impediment, i eit kupert terreng. Sure bergartar og lite lausmassar gir ein nøysam, artsfattig vegetasjon. Tilstanden til heivegetasjonen er variert med til dels grovvaksen lyng og mykje einer. I sørvendte skråningar er det parti med purpurlyng. I fukthei dominerer ein svært artsfattig vegetasjon med blåtopp og storbjønnskjegg. Det er spor etter fleire mindre brannar, - truleg har mykje myr og impediment gjort det vanskeleg å svi av større område. Brannane har gitt ein lyngvegetasjon med fleire suksesjonsstadium. I sør står det att ein del bjørk, furu og einer. Myrane ligg som store flater mellom kollane, ofte svært blaute attgroingsmyrar i kanten av små tjørn.

Noterte artar

Krypvier *Salix repens*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *Erica tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, kornstorr *Carex panicea*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heisiv *Juncus squarrosus*, blåtopp *Molinia caerulea*, rome *Narthecium ossifragum*, tepperot *Potentilla erecta*, heiblåfjor *Polygala serpyllifolia*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med tre og buskar.

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde fram med brenning og rydding.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 22.06.2004

Lokalitet 13 Store Eldøy

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 7 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lengst nord på Store Eldøy ligg det relativt mykje lausmassar i strandsona, slik at øya er forbunde med ein mindre holme lenger nord. Stranda vender mot sjøen både med ei eksponert side mot nordvest og ei leside mot søraust. Grus dominerer, truleg utvaska morenejord, og det er innslag av rullestrand. Vegetasjon er tildels glissen og er påverka av beite og trakk. Det er mange beitemarksartar her, men det er berre registrert vanlege artar. Lokaliteten har karakter av ei relativt stor og flat strandslette, og er ein sjeldan naturtype i Fitjar.

Noterte artar

Saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, kystarve *Cerastium diffusum*, tunarve *Sagina procumbens*, strandkryp *Glaux maritima*, saltbendel *Spergularia salina*, strandkjempe *Plantago maritima*, smalkjempe *P. lanceolata*, gåsemure *Potentilla anserina*, tirlunge *Lotus corniculatus*, fjørekoll *Armeria maritima*, skjørbuskurt *Cochlearia officinalis*, ryllik *Achillea millefolium*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2004

Lokalitet 14 Nordfonno

Hovudtype	Kulturlandskap	Areal	1300 daa
Undertype	Kystlynghei (D07)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Eit område med ein mosaikk av lynghei og myr finst nord og nordvest på Fonno. Dei beste områda med lynghei ligg på kollar eksponert mot havet, der røsslyngen kan vere kortvaksen og lite forveda. Lyngheia har fin naturleg avgrensing mot strandberg. Lokalt mykje purpurlyng i sørvendte berg og skråningar. Mellom kollane er det myr eller fukthei med pors, klokkeling, storbjønnskjegg og blåtopp. I rikare myrsig veks engstorr og loppestorr.

Fråvær av beitedyr har ført til attgroing med halvmeterhøg bjørk, spreidd furu og kratt med øyrevier. Det er lite einer, men ein del døde individ kan vere restar frå ein gammal brann.

Verdivurdering: Sidan lokaliteten er såpass stor blir verdien vurdert som viktig (B), trass i ei viss attgroing.

Noterte artar

Pors *Myrica gale*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, kornstorr *Carex panicea*, heistorr *C. binervis*, grønstorr *C. demissa*, engstorr *C. hostiana*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kattefot *Antennaria dioica*, tepperot *Potentilla erecta*, augnetrøst *Euphrasia* sp., blåknapp *Succisa pratensis*, rome *Narthecium ossifragum*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Det er laga tiltaksplan for istandsetting av kulturlandskapet med rydding og brenning (Nøttveit 2005). Villsau skal settast inn.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2004

Lokalitet 15 Ramnaberget

Hovudtype	Rasmark, berg og kantkratt	Areal	19 daa
Undertype	Sørvendt berg og rasmark (B01)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på vestsida av Ramnaberget der ei bratt bergvegg vender mot vest, og med ei relativt stor rasmark nedanfor. Det grovaste materialet av blokker ligg nedst ved Storavatnet, medan finare massar med grus og forvittringsjord ligg høgare oppe under berget. Her vekst det eit belte av lauvskog med kristtorn, hassel, selje og bjørk. Storvaksen og grov, gammal einer inngår i det ca. 5 m høge tresjiktet, og kristtorn er stadvis dominerande. Til dels tettvaksen skog med mykje skugge og dårleg utvikla feltsjikt, men oseaniske artar som kusymre, purpurlyng og storfrytle dominerer. I berg og på blokker veks bergflette og vivendel i mengder. Bergflette er svært vanleg og finst òg klatrande på trestammar. Mange tre er gamle, særleg eineren. Trea har truleg fått stå i fred grunna vanskeleg tilgjenge høgt oppe i grov rasmark.

Verdivurdering: Ein frodig og litt spesiell lokalitet med oseanisk skog og vegetasjon i rasmark som er sjeldan så langt ut mot havet. Lokaliteten blir difor vurdert som viktig (B), trass i at det ikkje er funne sjeldne artar her.

Noterte artar

Kristtorn *Ilex aquifolium*, hassel *Corylus avellana*, bergflette *Hedera helix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), vivendel *Lonicera periclymenum*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, kusymre *Primula vulgaris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majus*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, storfrytle *Luzula sylvatica*, hengeaks *Melica nutans*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2004

Lokalitet 16 Fonno aust

Hovudtype Skog

Areal 56 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Oseanisk edellauvskog som ligg vendt mot aust og nordaust, og dermed har eit noko kjølig lokalklima. Lokaliteten ligg på austsida av Fonno, med grense langs sjøen (Fitjarvika) og i øvre delen med grense til kulturlandskapet ved Sørfonno. Terrenget er bratt og stadvis steinete med berg og blokker. Relativt stort mangfald av treslag som osp, ask, eik, hassel og eit bestand med lind. Lindestammene er om lag 20-30 cm i diameter. Eika er noko større, med stammar på opptil 40 cm i diameter. Hasselen veks til dels under høgtragande eiker. Bergflette veks på berg og blokker og klatrande i lindestammar. Feltsjiktet har flekkvis karakter av rik edellauvskog, med karakterartar som myske, ramslauk, kusymre og vårmarihand, men òg parti med fattig grasvegetasjon med smyle og gulaks som skuldast beiting. Myskegras er ikkje vanleg i kyststrok, og derfor regionalt sjeldan. Det er beiting i all fall i delar av skogen i dag, og stadvis ein del trakk. I nord går det ein steingard opp frå sjøen, og her er det skarpt skilje i vegetasjonen mot fattig bjørkeskog lenger nord.

Noterte artar

Bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, myskegras *Milium effusum*, hengeaks *Melica nutans*, storfryste *Luzula sylvatica*, ramslauk *Allium ursinum*, kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, skogsalat *Mycelis muralis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, blåknapp *Succisa pratensis*, tirlunge *Lotus corniculatus*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, legeveronika *Veronica officinalis*, tveskjeggveronika *V. chamaedrys*, kusymre *Primula vulgaris*, liljekonvall *Convallaria majalis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogfiol *Viola riviniana*, vårmarihand *Orchis mascula*, myske *Galium odoratum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Eit mindre felt med granplanting ved sjøen i sør.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2004

Lokalitet 17 Storevikvatnet

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 19 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Storevikvatnet er eit langstrakt vatn ca. 1 km aust for Koløyhamn. Vatnet fyller dalbotnen og landskapet omkring er meir eller mindre skogdekt. Innløpet ligg i nord, og frå utløpet i sør renn vatnet sørover gjennom kulturlandskapet ved Storevika. Vatnet ligg berre 10 moh. og har truleg næringsrike marine sediment i botnen. Vatnet har vore større før, men er sterkt attgrodd i den sørlege bukta. Ei sone med elvesnelle dannar ei ca. 20 m brei sone ytst i vatnet. I storrbeltet dominerer flaskestorr med innslag av gråstorr og slåttestorr. Utløpet er ein stilleflytande bekk som renn gjennom ein sumpvegetasjon med m.a. soleihov og hanekam. Naturbeitemark på fastmarka innanfor. Eit etter tilhøva rikt tjørn med frodig sumpvegetasjon, men ingen sjeldne artar er registrert, og derfor lokal verdi.

Noterte artar

Flaskestorr *Carex rostrata*, gråstorr *C. canescens*, slåttestorr *C. nigra*, englodnegras *Holcus lanatus*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, soleihov *Caltha palustris*, grøfsoleie *Ranunculus flammula*, myrmaure *Galium palustre*, kjeldeurt *Montia fontana*, myrhatt *Potentilla palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, bekkestjerneblom *Stellaria alsine*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, andmat *Lemna minor*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 21.06.2004

Lokalitet 18 Midttjørn – Nordretjørn

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 64 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Nordretjørn og Midttjørn ligg i dalen mellom Storavatnet og Dåfjorden og tilhøyrrer kulturlandskapet sør for Rydland. Dei to tjørna ligg i nesten same høgdenivå (21 moh.), og bekken i sumpen imellom dei er derfor stilleflytande. Dreneringa går vidare sørover til Sørretjørn og Dåfjorden. Det avgrensa området inneheld ein stort samanhengande takrøyrforekomst som omfattar nordlege delen Midttjørn og heile Nordretjørn, samt sumpen imellom. Blant dei største førekomstane med takrøyr i kommunen.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 24.06.2004

Lokalitet 19 Rydland vest

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Naturbeitemark (D04)

Areal 71 daa
Verdi A- svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten tilhører kulturlandskapet ved Rydland. Austleg eksponering i vid dal avgrensa av traktorveg nedst, og med ei skråning som fører opp til ein rygg som ligg parallelt med nord-sør retninga til dalen. Høgdeforskjellen er på ca. 30 m. Bra dekning med lausmassar, truleg mest morenejord. På ryggen er det stadvis fjell i dagen og eit meir grunnlendt jordsmonn. I flate parti i sør og vest er det mindre førekomstar av fuktig beitemark og myr.

Området har karakter av gammalt, tradisjonelt kulturlandskap med lang kontinuitet. Etter tilhøva artsrik vegetasjon med ein rekkje indikatorar på naturbeitemark, slik som markfryttele, vanleg blåfjør, kattefot og kystmyrklegg. Stadvis parti med jordnøtteng. Vekslande lyngmark og grasmark, og som beiteplante har lyngen best verdi der den er kortvaksen og lite forveda. Fattige parti har mykje storbjønnskjegg. Einer veks spreidd, både som enkeltbusker og i tette kratt. Tydelege spor etter dyretrakk frå sau. Dette har gitt erosjon i bratte parti, noko som er gunstig for frøspiringa til kortlevde artar.

I fuktige sig finst tvebustorr, loppestorr og engstorr som indikerer kalk i jorda.

Tilstand: Heile lokaliteten kan ha vore slåttemark i eldre tid, men har gått over til å bli beitemark etter som storparten av området er ueigna til å drive på moderne vis. Framleis noko slått i den nedre delen langs traktorvegen. Eineren har kommen langt i attgroinga i enkelte parti. I andre parti har marka vore rydda for einer kombinert med hard sauebeiting. Tilstanden til lokaliteten som tradisjonelt kulturlandskap varierer mykje.

Skjøtsel: Beitinga må halde fram. I tillegg er det behov for rydding av einer, særleg der den dannar kratt. Kunstig gjødsling må unngåast.

Verdivurdering: Blant dei beste førekomstane med naturbeitemark i Fitjar. Artsrikt område, men utan sjeldne karplanter. Tre raudlista soppar i kategorien nær truga (NT) tilseier verdien svært viktig.

Noterte artar

Karplanter: Krypvier *Salix repens*, finnskjegg *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, knegras *Danthonia decumbens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, engrapp *Poa pratensis*, englodnegras *Holcus lanatus*, bråtestorr *Carex pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, slåttestorr *C. nigra*, harestorr *C. leporina*, tvebustorr *C. dioica*, loppestorr *C. pulicaris*, engstorr *C. hostiana*, grønstorr *C. demissa*, stjernestorr *C. echinata*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, engfryttele *Luzula multiflora*, markfryttele *L. campestris*, heisiv *Juncus squarrosus*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkeling *Erica tetralix*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, tepperot *Potentilla erecta*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, lyngaunetrost *Euphrasia micrantha*, kystmaure *Galium saxatile*, heibljåfjør *Polygala serpyllifolia*, vanleg blåfjør *P. vulgaris*, legeveronika *Veronica officinalis*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåknapp *Succisa pratensis*, kattefot *Antennaria dioica*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, hårsveve *Hieracium pilosella*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, ryllik *Achillea millefolium*, engfiol *Viola canina*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, kjeldeurt *Montia fontana*, rome *Narthecium ossifragum*

Sopp: Liten småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, *Entoloma atrocoeruleum* (NT), stjernspora raudskivesopp *E. conferendum*, silkeraudskivesopp *E. sericeum*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (NT), kjeglevokssopp *H. conica*, skjør vokssopp *H. ceracea*, liten møyjevokssopp *H. miniata*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, honningvokssopp *H. reidii*, seig vokssopp *H. laeta*, raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT)

Bjørn Moe, Per Fadnes og Arne Vatten (2005-

Registrert av 2007)

Dato 24.06.2004, 22.10.2005, 21.10.2006, 18.10.2007

Lokalitet 20 Rydland

Hovudtype Skog
Undertype Rik edellauvskog (F01)

Areal 4,6 daa
Verdi C – lokalt viktig

Områdeskildring

Liten skog med utstrekning på 200 m i vestvendt skråning i kanten av kulturlandskapet nord for garden Rydland, sørsida av Storavatnet. Frå ein bergvegg øvst i lia er det blitt danna rasmateriale som skogen veks på. Askedominert skog, til dels med grovvaksne tre og diameter opp til 70 cm. Også lind og sommareik førekjem som grove tre, medan hassel og hegg inngår i eit lågare tresjikt. Ein platanlønn er ca. 8 m høg. Eit par styvingstre førekjem, men dei fleste trea er ustyva.

Tresjiktet er ganske tettvakse etter attgroing med ask frå ein tidlegare opnare kulturfase.

Feltsjiktet er stadvis dominert av ramslauk, men også andre karakterartar for edellauvskog førekjem, slik som myske og kusymre.

Verdivurdering: Ein liten rest av intakt edellauvskog med oseaniske karaktertrekk. Ingen sjeldne artar er registrert, og derfor lokal verdi.

Noterte artar

Ask *Fraxinus excelsior*, lind *Tilia cordata*, sommareik *Quercus robur*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, jordnøtt *Conopodium majus*, myske *Galium odoratum*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, skogsalat *Mycelis muralis*, krattmjølke *Epilobium montanum*, markjordbær *Fragaria vesca*, skogfiol *Viola riviniana*, tågebær *Rubus saxatilis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 24.06.2004

Lokalitet 21 Øvrebygda

Hovudtype	Kulturlandskap	Areal	89 daa
Undertype	Naturbeitemark (D04)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten er ein stor haug like nord for Øvrebygda skole og vest for vegkrysset mellom vegen til Fitjar og Koløyholmen. Avgrensa i nordvest av ein traktorveg. Grasdominert område med triviell karplanteflora. Har truleg vore slått før i tida, men i dag nytta til sauebeiting. Tilstanden er god som naturbeitemark, i og med at det ikkje er teikn til attgroing med buskar. Ser ikkje ut til å ha blitt tilført kunstig gjødsling.

Verdivurdering: Interessant lokalitet for beitemarksopp med mange artar av vokssopp. Fem raudlisteartar, herav fire nær truga (NT) og ein sårbar (VU). Derfor er området vurdert til svært viktig.

Noterte artar

Gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU), ravneraudskivesopp *Entoloma corvinum* (NT), mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, grå vokssopp *H. irrigata*, skjør vokssopp *H. laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, kritt vokssopp *H. virginea*, seig vokssopp *H. laeta*, gulfovokssopp *H. glutinipes* (NT), russelærvokssopp *H. russocoreacea* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT), slimmorkel *Leotia lubrica*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugs mål

Attgroing ved opphør av beiting.

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde fram med sauebeiting.

Registrert av Per Fadnes og Arne Vatten (22.10.2005, 21.10.2006, 18.10.2007)

Lokalitet 22 Tveita sør

Hovedtype	Myr	Areal	8,8 daa
Undertype	Rikmyr (A05)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i eit delvis ope kulturlandskap med lynghei, myr og spreidd furu. Langs eit bekkefar nord for eit lite tjørn i hovudelva er det eit parti med rikmyr over ei strekning på drøgt 100 m. Artssamansettingen indikerer godt tilsig av næring frå gabbro og/eller lausmassar (morene). Mineraljorda ligg under eit tynt lag med torv. Myra har gradvis overgang til lynghei og naturbeitemark på sidene. Gode karakterartar for rikmyr er breiull, småsivaks, engstorr og fjellfrøstjerne.

Verdivurdering: Rikmyr av denne typen i låglandet er sjeldan i Fitjar, og fleire av artane er ikkje registrert andre stader i kommunen. Arealet er lite, og derfor lokal verdi.

Noterte artar

Pors *Myrica gale*, breiull *Eriophorum latifolium*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, særbustorr *Carex dioica*, engstorr *C. hostiana*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, blåknapp *Succisa pratensis*, smal soldogg *Drosera anglica*, rome *Nartheicum ossifragum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.06.2005

Lokalitet 23 Tveita

Hovedtype	Kulturlandskap	Areal	107 daa
Undertype	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg nord for saga, og følgjer ryggen som går i nordleg retning til kollen ovanfor Tveit. Kollen (115 moh.) ligg fritt eksponert på toppen av ein relativt høg bergvegg som vender mot vest. Terrenget er berglendt og knausete, og dette går igjen langs heile ryggen i jamn skråning ned til saga. Berggrunnen er hard og næringsfattig. Mellom knausane er det morene og noko betre dekning med jordsmonn. Lokaliteten er avgrensa av steingard i vest, og i aust går det ein traktorveg parallelt med ryggen. Veldrenert og tørre tilhøve på ryggen i vest, men fuktig og myrete i aust. Kulturlandskap i ganske god hevd med både lynghei og naturbeitemark, gjerne begge typane i blanding. Det var sauebeiting i området i september 2004. Ryggen var kraftig nedbeita og stadvis rydda for einer, særlig i den nedre delen. Den øvre delen er meir attgrodd, og stadvis med mykje einer. Den opptrer i 1 meter høge kratt og kan ha opp til 50% dekning. Purpurlyng er vanleg og er stadvis dominerande. Røsslyngen er kortvaksen og i god stand. Dette er ein av dei beste lokalitetane med purpurlyng i kommunen, utanom Fitjarøyene. Derfor vurdert til viktig.

Noterte artar

Krypvier *Salix repens*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *Erica tetralix*, bråtestorr *Carex pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, stjernestorr *C. echinata*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heisiv *Juncus squarrosus*, knegras *Danthonia decumbens*, engkvein *Agrostis capillaris*, smyle *Avenella flexuosa*, geitsvingel *Festuca vivipara*, finnskjegg *Nardus stricta*, bjønnekam *Blechnum spicant*, heibljåfjør *Polygala serpyllifolia*, storblåfjør *P. vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, kystmaure *Galium saxatile*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, småsmelle *Silene rupestris*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, blåknapp *Succisa pratensis*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Sitkagran planta i aust.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 15.09.2004

Lokalitet 24 Tveita vest

Hovedtype	Kulturlandskap	Areal	69 daa
Undertype	Slåttemark (D01), naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i ei vestvendt skråning på nedsida av garden Tveit. Grenser til innmarka øvst og mot Storavatnet nedst, der grensa følgjar vatnet ca. 1 km. Denne strandlinja er ei naturleg, gunstig avgrensing. Kulturlandskapet har innslag av gamle, opne marker som har vore drive på tradisjonelt vis med slått og beiting. Stein i rydningsrøys indikerer gammal slåttemark. Marka som har vore slått ligg innimellom partier med lauvskog, spesielt hasselkratt. Det veks eik spreidd i området, stadvis eikeskog. Osp og ask finst også, medan lind er sjeldnare.

Slåtten tok nok slutt for lang tid tilbake, etter kvart som marka vart for tungdriven. Lengst i sør finst eit velutvikla parti der prestekrage framleis veks i enga. Andre indikatorar for tradisjonelle kulturlandskap er småengkall, storblåfjør, markfrytle og engfiol. I dag er det sauebeitinga som held marka open. Artsrike jordnøttenger er fint utvikla, men det finst og parti med fattig sølvbunkeeng. Det er beiting også i skogen. Styvingstre manglar, og dermed også eldre tre. Mykje trakk og lite lys til skogbotnen har ført til dårleg utvikla feltsjikt i hasselskogen. Men stadvis finst det artar som jordnøtt, vivendel, skogfiol, hengeaks, lundrapp, stankstorkenebb, skogsalat, vårkål, brunrot og kusymre.

Deler av dei gamle markene er i attgroingsfase, med oppslag av osp, nyperoser og einer. Også edellauvtre spreier seg.

Verdivurdering: Eit interessant kulturlandskap med rester av opne marker som har vore drivne på tradisjonelt vis. Ganske artsrikt, men utan spesielt sjeldne artar. Med unntak av lengst i sør, er tilstanden ikkje særlig god. Godt potensiale til å rydde og setje inn tiltak for å halde området i stand som eit kulturlandskap med vekslande eng og småskog.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, vivendel *Lonicera periclymenum*, bleikstorr *Carex pallescens*, harestorr *C. leporina*, bråtestorr *C. pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, englodnegras *Holcus lanatus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, finnskjegg *Nardus stricta*, engrapp *Poa pratensis*, lundrapp *P. nemoralis*, raudsvingel *Festuca rubra*, hengeaks *Melica nutans*, engfrytle *Luzula multiflora*, markfrytle *L. campestris*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåkoll *Prunella vulgaris*, tirlunge *Lotus corniculatus*, kvitkløver *Trifolium repens*, raudkløver *T. pratense*, hvitveis *Anemone nemorosa*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, ryllik *Achillea millefolium*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, kystmaure *Galium saxatile*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, engsoleie *Ranunculus acris*, vårkål *R. ficaria*, grassestjerneblom *Stellaria graminea*, tepperot *Potentilla erecta*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, firkantperikum *H. maculatum*, småengkall *Rhinanthus minor*, skoggråurt *Omalotheca sylvatica*, prestekrage *Leucanthemum vulgare*, engfiol *Viola canina*, skogfiol *V. riviniana*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, kusymre *Primula vulgaris*, skogsalat *Mycelis muralis*, brunrot *Scrophularia nodosa*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål
Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Rydde framveksande kratt. Slått og beiting.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.06.2004

Lokalitet 25 Hellandsneset

Hovedtype Skog

Areal 22 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på vestsida av den midtre delen av Storavatnet. Mellom Hellandsneset og vatnet ligg det ein nord-sørgåande bratt skrent. Den er smal, men langstrakt og strekkjer seg ca. 500 m sørover frå Hellandsneset. Skrenten vender mot aust og inneheld lausmassar frå berget som finst i øvre kanten av lokaliteten. Jordsmonnet er godt drenert og gir grunnlag for edellauvskog, spesielt eikeskog. Stadvis grunnlendt jord og smalstamma eik, men fleire tre har diameter på 0,5 m eller meir. Det finst lind med denne dimensjonen også, men dette treslaget er sjeldnare. Hassel er vanleg, stadvis som ein underskog i eikeskogen. Grov bjørk med diameter på ca. 0,4 m inngår også. Skogen har grense til beitemark både på aust- og vestsida, og vegetasjonen inneheld venteleg beitetolerante artar som raud jonsokblom, skogkarse og nokså mykje gras, særleg engkvein og krattlodnegras. Feltsjiktet er ikkje særleg rikt, men inneheld ein del jordnøtt og kusymre. Verdivurdering: Tilsynelatande ein rest av relativt gammal skog (eller i alle fall nokså store tre) som står igjen i eit kulturlandskap. Vegetasjon med oseaniske karaktertrekk og mykje jordnøtt og kusymre, men elles ikkje typisk rik edellauvskog. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krattlodnegras *Holcus mollis*, hengeaks *Melica nutans*, engkvein *Agrostis capillaris*, kratthumleblom *Geum urbanum*, krattmjølke *Epilobium montanum*, sløke *Angelica sylvestris*, kvitbladtistel *Cirsium helenioides*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, kusymre *Primula vulgaris*, jordnøtt *Conopodium majus*, raud jonsokblom *Silene dioica*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, skogkarse *Cardamine flexuosa*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 13.08.2004

Lokalitet 26 Gåsakjelda

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 13 daa

Undertype Mudderbank (E02)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Gåsakjelda er ei avsnørt bukt på vestsida av Storavatnet, nord for Helland. Den avgrensa lokaliteten ligg nordaust i Gåsakjelda i eit fattig myr- og lyngheiområde dominert av pors og blåtopp. Botnen inneheld stein og mudder med innslag av sand og grus. Samfunnet med kortskotplanter er godt utvikla på den langgrunne stranda, som på seinsommaren kan vere tørrlagt ved lite nedbør. Denne dagen var vatnet 0,5 m lågare enn normalt med tørrlegging av ei ca. 4 m horisontal strandsone. Denne littoralsona er sterkt dominert av tjønngras, med spreidd botnegras og sylblad. Dette er tre typiske kortskotplanter i dette plantesamfunnet. Flytebladsone med tjønnaks og tusenblad lenger ute i vatnet. Verdivurdering: Ganske godt utvikla kortskotsamfunn. Naturtypen finst på langgrunn strand i ferskvatn, men er ikkje vanleg i Fitjar. Den er likevel vurdert til å ha lokal verdi. Finst truleg i andre viker av Storavatnet (som ikkje er godt nok undersøkt).

Noterte artar

Pors *Myrica gale*, flaskestorr *Carex rostrata*, slåttestorr *C. nigra*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypsiv *J. bulbosus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, tjønnaks *Potamogeton natans*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, tjønngras *Littorella uniflora*, botnegras *Lobelia dortmanna*, sylblad *Subularia aquatica*, tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 13.08.2004

Lokalitet 27 Åsen

Hovedtype Kulturlandskap
Undertype Naturbeitemark (D04)

Areal 29 daa
Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Åsen ligg nordaust for Storavatnet og 2 km sør for Fitjar sentrum. Beitemark for storfe dominerer kulturlandskapet i distriktet. Varierende beitetrykk frå hard nedtrakka jord og vegetasjon, til område med moderat påtrykk. Øvre del av Åsen er eit parti der vegetasjonen er mindre nedtrakka enn lengre nede kring gardsbruka. Ikkje (eller lite) kunstig gjødsla, og derfor finn vi ein rest av naturbeitemark med innslag av tradisjonelle kulturmarksartar. Relativt artsrike engsamfunn, bla. med ein god bestand av grov nattfiol. Variert jordsmonn frå parti med djup jord til grunnlendte parti med berg i dagen. Jordnøtteng er vanleg der jorda er relativt djup, og denne enga er meir artsrik enn eng med engsoleie og englodnegras som også veks i området. På magre parti finst lyngmark med klokkeling og røsslyng. Einer veks spreidd, og noko av den var død. Grasmark og lyngmark i blanding slik det finst i området er typisk for den tradisjonelle naturbeitemarka i distriktet.

Spor etter kyr, men jorda var ikkje hardt nedtrakka i 2004.

Lokaliteten er ein liten teig med rest av gammal naturbeitemark i eit kulturlandskap som er hardt driven. God lokalitet for grov nattfiol – arten er ikkje vanleg i Fitjar. Vurdert til lokal verdi.

Noterte artar

Klokkelyng *Erica tetralix*, krypvier *Salix repens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, englodnegras *Holcus lanatus*, finnskjegg *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Avenella flexuosa*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, grønstorr *C. demissa*, markfrytle *Luzula campestris*, heisiv *Juncus squarrosus*, tepperot *Potentilla erecta*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, kystmaure *Galium saxatile*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, myrfiol *Viola palustris*, kattedot *Antennaria dioica*, engsoleie *Ranunculus acris*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåknapp *Succisa pratensis*, tirlunge *Lotus corniculatus*, kvitkløver *Trifolium repens*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, grov nattfiol *Platanthera chlorantha*, bjønnekam *Blechnum spicant*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.06.2004

Lokalitet 28 Gamle Tjødnamyra

Hovedtype Ferskvatn/våtmark
Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Areal 23 daa
Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lite tjørn på austsida av vegen 1 km aust for Fitjar sentrum. Tjørnet ligg i nedkant av eit jordbruksområde med tilsig frå sør der det ligg ein beitemark. Bekkeinnløp frå nord. Botnsediment med marin leire (leira kan sjåast i eit oppgravd område av beitemarka) som er rik på næring. Tjørnet har karakter av både rik kulturlandskapssjø og attgroingsmyr. Frodig vegetasjon i og kring tjørnet. Storparten av tjørnet er dekt av flytebladplanter med takrøyr i bestand på vest- og søraustsida. Plantene er små, og dei er truleg i spreiding samtidig som tjørnet gror til med myr. Det opne vatnet blir derfor stadig mindre.

Eit godt døme på attgroingstjørn med takrøyr, men det er ingen sjeldne artar i tjørnet. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Pors *Myrica gale*, klokkeling *Erica tetralix*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, kvitlyng *Andromeda polifolia*, takrøyr *Phragmites australis*, trådstorr *Carex lasiocarpa*, dystorr *C. limosa*, flaskestorr *C. rostrata*, særbustorr *C. dioica*, blåtopp *Molinia caerulea*, botnegras *Lobelia dortmanna*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, rome *Narthecium ossifragum*, vanleg tjønna *Potamogeton natans*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, blåknapp *Succisa pratensis*, myrhatt *Potentilla palustris*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Bustadfelt i kanten av tjørnet på austsida.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 12.08.2004

Lokalitet 29 Landa

Hovedtype Kulturlandskap
Undertype Naturbeitemark (D04)

Areal 60 daa
Verdi B – viktig

Områdeskildring

Kulturlandskap i sør- og sørvestvendt skråning i lia ovafor gardsbruka ved Landa. Varierte tilhøve med sterkt nedbeita vegetasjon til parti i attgroing med buskar og kratt. Høgreist einer, til dels med søylefasong finst i området. Spreidde tre og småskog med hassel og rogn, samt småplanter av eik er karakteristisk. Mellom desse partia finst ein slitesterk og til dels sterkt nedtrakka grasvegetasjon med bla. dvergsmyle og mykje kystmaure. Marka er steinete og ueigna å drive på moderne vis, og rimelegvis derfor nytta til naturbeite i dag. Grunnlendte parti på og ved bergknausar med lyng, særleg røsslyng og klokkelying, medan purpurlyng finst ganske rikeleg høgare oppe. Lyngen har gode vekstvilkår i opningar mellom einer og bergene, og særleg samfunn med røsslyng og purpurlyng er fint utvikla.

Lyngen er stort sett lågvaksen og lite forveda etter dagens beiting. Det går skotske høglands-kveg på beite, i tillegg til sauer og hest.

Eineren er stadvis blitt klipt ned, noko som vitner om tettare kratt før, og at området kanskje har vore rydda frå eit kulturlandskap i forfall. Området har karakter av einerbakke, og høgare oppe grenser bakken til tette einerkratt. Eit interessant kulturlandskap men utan sjeldne artar. Derfor vurdert til viktig.

Noterte artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelying *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, heistorr *Carex binervis*, kornstorr *C. panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, heisiv *Juncus squarrosus*, knegras *Danthonia decumbens*, raudsvingel *Festuca rubra*, geitsvingel *F. vivipara*, dvergsmyle *Aira praecox*, engkvein *Agrostis capillaris*, finnskjegg *Nardus stricta*, englodnegras *Holcus lanatus*, smyle *Avenella flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, kystmaure *Galium saxatile*, kvitkløver *Trifolium repens*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, myrtistel *Cirsium palustre*, revebjølle *Digitalis purpurea*, tepperot *Potentilla erecta*, engsyre *Rumex acetosa*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, vivendel *Lonicera periclymenum*, blåknapp *Succisa pratensis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, kattedot *Antennaria dioica*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, myrfiol *Viola palustris*, heibläfjor *Polygala serpyllifolia*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, legeveronika *Veronica officinalis*, hårsveve *Hieracium pilosella*, tiriltunge *Lotus corniculatus*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.09.2004

Lokalitet 30 Skumsnes - Geitahaugane

Hovedtype Kulturlandskap
Undertype Kystlynghei (D07), naturbeitemark (D04)

Areal 242 daa
Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Skumsnes ligg vest for Tuftaland ytst på neset ved innløpet til Fitjarvika. Lang strandlinje og eksponering mot sjø gir eit vindutsett lokalklima med oseanisk preg. Terrenget har slak helling mot sjøen i sørvest, men området er etter tilhøva flatt. Eit skoglaust kulturlandskap der kystlynghei dekkjer storparten av arealet der det er sur og grunnlendt jordsmonn.

Purpurlynghei finst i sørvendte skråningar. Røsslyng er vanleg i heile området, og den var (i 2004) i fin tilstand med lågvaksne og lite forveda planter. I alle fall delar av lyngen har vore brent i nyare tid, noko som var lettast å sjå på dei tørre restane etter eineren.

I søraust ligg det eit parti med naturbeitemark (om lag ein femtedel av lokaliteten). Her finst kravstore (kalkkrevjande) vegetasjonssamfunn med kamgras og gjeldkarve, og i tillegg ein rekkje artar frå tradisjonell slåtte- og beitemark. Denne marka har truleg vore slått tidlegare, men blir i dag mest nytta til beiting. Samfunn med kamgras og gjeldkarve i kulturlandskap er sjeldne i Fitjar.

Geitahaugane som ligg mellom Bollestadvika og Nesvågen er naturbeitemark som i hovudsak blir beita av sau, men også eit par hestar går i området delar av året. Dette er eit av dei rikaste områda for beitemarksopp i Fitjar.

Lokaliteten blir rekna som svært viktig ut i frå naturbeitemarka med sjeldne vegetasjonssamfunn, kystlynghei i god stand med mykje purpurlyng og med førekomstar av åtte raudlista soppartar (ein sårbar VU og sju nær truga NT).

Noterte artar

Karplanter: Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *E. tetralix*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, kornstorr *Carex panicea*, heistorr *C. binervis*, slåttestorr *C. nigra*, stjernestorr *C. echinata*, bråtestorr *C. pilulifera*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Avenella flexuosa*, finnskjegg *Nardus stricta*, knegras *Danthonia decumbens*, blåtopp *Molinia caerulea*, geitsvingel *Festuca vivipara*, engkvein *Agrostis capillaris*, engrapp *Poa pratensis*, kamgras *Cynosurus cristatus*, dvergsmyle *Aira praecox*, engfrytle *Luzula multiflora*, heisiv *Juncus squarrosus*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, tepperot *Potentilla erecta*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, blåknapp *Succisa pratensis*, rome *Narthecium ossifragum*, gullris *Solidago virgaurea*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, småkjempe *Plantago lanceolata*, ryllik *Achillea millefolium*, følblom *Leontodon autumnalis*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, kystmaure *Galium saxatile*, raudkløver *Trifolium pratense*, fjellmarkåpe *Alchemilla alpina*, legeveronika *Veronica officinalis*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, blåkoll *Prunella vulgaris*, augnetrøst *Euphrasia* sp..

Sopp: Røykkøllesopp *Clavaria fumosa* (NT), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, blektuppet småkøllesopp *C. luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, silkeraudskivesopp *Entoloma sericeum*, mørktanna raudskivesopp *E. serrulatum*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT), vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU), svartlodnetunge *T. hirsutum*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mønjevokssopp *H. coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, grå vokssopp *H. irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, honningvokssopp *H. reidii*, kritt vokssopp *H. virginea*, skjør vokssopp *H. ceracea*, gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT), raudskivevokssopp *H. quieta* (NT), russelærvokssopp *H. russocoreacea* (NT), gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing ved redusert beiting

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde kulturlandskapet i hevd ved beiting og brenning.

Registrert av Bjørn Moe (12.08.2004), Per Fadnes og Arne Vatten (02.10.2004, 22.10.2005, 21.10.2006)

Lokalitet 31 Tuftlandstjørn

Hovedtype Ferskvatn/våtmark

Areal 49 daa

Undertype Rik kulturlandskapsjø (E08)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Tuftlandstjørn ligg i eit markert dalsøkk med bekkeutløp mot nord til Tveitevågen. Bekken er 2 – 3 m brei, stilleflytande og delvis meandreand i finkorna lausmassar gjennom den flate dalbotnen. Vatnet ligg under 10 moh. Havet har tidlegare gått inn som ein trong bukt og avsett finkorna leire som truleg ligg på botnen av vatnet i dag. Leira og tilsig frå sidene har gjort vatnet svært næringsrikt. Kring vatnet og i heile dalen veks det svartor frå ytst i vasskanten, langs bekken til inn i dalsidene. Til dels svært fuktig sumpskog på flytemattar oppå leirjorda.

Omtrent heile strandlina til Tuftalandsvatnet (90 %) er tilvaks med takrøyr. Den veks i belte frå eit par meter til opptil 20 m bredde, og stråa er opptil 3 m høge (storparten er ca. 2 m høge). Takrøyrbeltet er stort sett fattig på artar, men inneheld noko bukkeblad og myrhatt. Innanfor takrøyrbeltet veks det storbelte med flaskestorr og svartorsump. Kattehale og nøstepiggknopp er litt sjeldne artar som veks dels i takrøyrbeltet og dels i bekkekanten.

I sør veks den sjeldne butt-tjønnaks neddykka i vatnet.

Tuftlandstjørn er eit intakt og særdeles frodig våtmarksområde som fyller ein heil dalgang. Fint utforma sump med spesielle særtrekk. Næringsrikt vatn med eit svært frodig takrøyrbelte. Derfor vurdert som eit svært viktig område.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, ask *Fraxinus excelsior*, stjernestorr *Carex echinata*, flaskestorr *C. rostrata*, stolpestorr *C. juncella*, gråstorr *C. canescens*, takrøyr *Phragmites australis*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, krattlodnegras *Holcus mollis*, nøstepiggknopp *Sparganium glomeratum*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, butt-tjønnaks *P. obtusifolius*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, myrflol *Viola palustris*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, soleihov *Caltha palustris*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, åkermynte *Mentha arvensis*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, sløke *Angelica sylvestris*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, blåkoll *Prunella vulgaris*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, kattehale *Lythrum salicaria*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrmaure *Galium palustre*, myrmjølke *Epilobium palustre*, myrklegg *Pedicularis palustris*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 11.08.2004

Lokalitet 32 Tuftaland

Hovedtype Skog

Areal 9,6 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg nedafør gardstunet på Tuftaland med grense til våtmarka og sumpskog ved Tuftalandsvatnet. Eksponering mot søraust og parti med djup næringsrik brunjord i veksling med stein og blokker. Edellauvskog dominert av hassel, men og med innslag av eik og ask. Reine hasselkratt veks særleg i den nedre delen der det er brattast, medan eik står høgare oppe i overkant av nokre bergveggar. I berga veks vivendel. Skogen er liten, men har likevel innslag av fleire karakterartar for oseanisk edellauvskog, slik som kusymre og ramslauk. Breiflangre og sanikel er ikkje funnen på andre lokalitetar i Fitjar. Skogen har grense til kulturlandskap i overkant, og dette er dels halde i hevd med slått og dels attgroande med stornesle og andre staudar.

Ein liten, men ganske rik edellauvskog med artar som er sjeldne på denne delen av Stordøya. Lokal verdi.

Noterte artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, lundrapp *Poa nemoralis*, ramslauk *Allium ursinum*, jordnøtt *Conopodium majus*, myske *Galium odoratum*, breiflangre *Epipactis helleborine*, sanikel *Sanicula europaea*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kusymre *Primula vulgaris*, kratthumbleblom *Geum urbanum*, skogsalat *Mycelis muralis*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, gjerdevikke *Vicia sepium*, harematt *Lapsana communis*, raud jonsokblom *Silene dioica*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, tågebær *Rubus saxatilis*, vivendel *Lonicera periclymenum*, stornesle *Urtica dioica*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 11.08.2004

Lokalitet 33 Sandvikvåg

Hovedtype Skog

Areal 8,7 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på vestsida av Sandvikvågen. Kolle med skråning mot aust og nord. Nokså knausete terreng med fleire berg, men og parti med djupare jord under berga. Tresjikt av eik og osp, men også parti med lind. Etter tilhøva store osper med diameter på opp til 40 cm. Eikene er om lag 30 cm, med grovare enkelttre på opptil 40 cm. Grasrik vegetasjon med smyle, gulaks og krattnednegras tyder på kulturpåverknad frå tidlegare beiting. Skogen er avgrensa av ein steingard mot grasmark i vest.

Skogen er ikkje særleg rik, men er registrert fordi den inneheld mykje eik. Lokal verdi.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, osp *Populus tremula*, myskegras *Milium effusum*, hundegras *Dactylis glomerata*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, krattnednegras *Holcus mollis*, smyle *Avenella flexuosa*, storfrytle *Luzula sylvatica*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, vivendel *Lonicera periclymenum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, einstape *Pteridium aquilinum*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, blåknapp *Succisa pratensis*, legeveronika *Veronica officinalis*, tveskjeggveronika *V. chamaedrys*, kusymre *Primula vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 17.09.2004

Lokalitet 34 Sandvikvåg aust

Hovedtype Sørvendt berg og rasmark

Areal 0,7 daa

Undertype Nordvendt kystberg (B04)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Bergvegg på austersida av Sandvikvåg. Berget er om lag 20 m høgt og har i hovudtrekk nordleg eksponering, men rundar mot nordvest der det ligg eksponert mot sjøen. Nedanfor bergveggen er det rasmateriale av grove blokker, og her står det noko lauvskog. Både bergveggen og dei store blokkene har lenge vore kjend for ein rik lavflora med fleire sjeldne, kystbundne artar. Av desse er fire raudlista: Kystkorallav *Bunodophoron melanocarpum* (NT), kystblåfjelllav *Degelia atlantica* (VU), randprikklav *Pseudocypbellaria intricata* (EN) og kystprikklav *P. norvegica* (EN).

Verdivurdering: Den rike lavfloraen med førekomst av fleire høgt raudlista artar gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A).

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Utbygging av ferjekaien med tilhøyrande infrastruktur fører til press på lokaliteten.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 17.09.2004

Lokalitet 35 Færøya

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 61 daa

Undertype Kystlynghei (D07), naturbeitemark (D04)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Færøya ligg aust av Sandvikvåg på innsida av Langenuen. Skoglaus holme med kulturlandskap av lynghei og naturbeitemark. Røsslyngen er av varierende tilstand, frå høgvaksen, grov og forveda til småvaksen og saftig. I lun skråning i sør er det mykje purpurlyng, nesten like mykje som røsslyng. På skrinne knausar finst samfunn med mjølbær, geitsvingel, gråmose, kystreinlav og navlelav. I nord går det eit nokså markert skilje mot naturbeitemark med grasvegetasjon av englodnegras, engkvein, raudsvingel og lyssiv. Denne grasmarka er einsformig og artsfattig. Lyngheia er i bra stand etter at den har vore brent. Etter brannen står det att mykje restar av gammal einer som vitner om einerkratt tidlegare. Eieren har overlevd i fuktige parti der brannen ikkje har fått tak. Bjørk og furu finst som buskar. Det er sauebeiting på øya. Færøya er ein austleg lokalitet for kystlynghei i ganske bra stand. Mykje purpurlyng sør på øya er interessant såpass langt aust i Fitjar, men floraen er elles triviell. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Øyrevier *Salix aurita*, krypvier *S. repens*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, heistorr *Carex binervis*, stjernestorr *C. echinata*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, lyssiv *Juncus effusus*, knegras *Danthonia decumbens*, englodnegras *Holcus lanatus*, finnskjegg *Nardus stricta*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, engkvein *Agrostis capillaris*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, fuglevikke *Vicia cracca*, vegtistel *Cirsium vulgare*, revebjølle *Digitalis purpurea*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde skjøtsel med beiting og brenning.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 11.08.2004

Lokalitet 36 Nordre Levåg - Klårneset

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 86 daa

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på ryggen som går i nordvestleg retning frå Øvre Levåg. Kulturlandskap med open beitemark omgitt av lauvskog med eik, hassel, bjørk og andre lauvtre. Naturbeitemark dominert av gras er karakteristisk, stadvis med innslag av lyng, særleg røsslyng og klokkelyng. Lyngen er kortvaksen og i god stand. Jordnøtteng dekkjer truleg storparten av enga når den blømer i juni. Elles ei rekkje karakterartar for tradisjonell beitemark, slik som kystgrisyre, kattedot og ryllik.

Beitemarka har truleg long kontinuitet, men delar av området er/har vore attgrodd med einer, einstape og bjørnebær. Krattet er delvis rydda og eineren ser ut til å ha vore halda nede med brann eller sprøyting. På beitemarka finst einer med søylefasong. Det gikk storfe på beite (august 2004), og marka var stadvis sterkt beita. I fuktige parti er det einsformig sølvbunkemark. Den mest interessant delen er knytt til tørre parti på ryggene, omkring berg og knausar. Området har truleg vore slått før i tida, men blir i dag berre nytta til beiting. Delar av området ser ikkje ut til å ha vore kunstig gjødsla i særleg grad.

Det er registrert fire sårbare (VU) og seks nær truga (NT) soppartar i området, knytt til beitemarka og lauvskogen omkring. Den mest artsrike delen med tanke på sopp ligg i nord. I sør har det vore noko gjødsling på dei flate partia, men her veks likevel *Hygrocybe flavipes* på småhaugar. Klårneset som ligg litt lenger mot nord, er eit avsvidd lynglandskap som også inneheld nokre raudlista beitemarksopp, m.a. *Hygrocybe splendidissima* og *Entoloma cf. dichroum*.

Verdivurdering: Dette er den rikaste lokaliteten for beitemarksopp i kommunen, og det høge talet på raudlisteartar gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A).

Noterte artar

Karplanter: Røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelýng *Erica tetralix*, kornstorr *Carex panicea*, harestorr *C. leporina*, stjernestorr *C. echinata*, bråtestorr *C. pilulifera*, geitvingel *Festuca vivipara*, finnskjegg *Nardus stricta*, knegras *Danthonia decumbens*, smyle *Avenella flexuosa*, sølvbunke *D. cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, englodnegras *Holcus lanatus*, heisiv *Juncus squarrosus*, småsmelle *Atocion rupestre*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, tepperot *Potentilla erecta*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, blåknapp *Succisa pratensis*, augnetrøst *Euphrasia* sp., tiriltunge *Lotus corniculatus*, kvitkløver *Trifolium repens*, kattedot *Antennaria dioica*, kystmaure *Galium saxatile*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, ryllik *Achillea millefolium*, blåkoll *Prunella vulgaris*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, jordnøtt *Conopodium majus*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, krypsoleie *Ranunculus repens*.

Sopp: Svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (NT), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum*, *E. atrocoeruleum* (NT), *E. cf. dichroum* (VU), *E. scabropellis* (VU), mjølraudskivesopp *E. prunuloides* (NT), skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU), mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kantarellvokssopp *H. cantharellus*, gul vokssopp *H. chlorophana*, skjør vokssopp *H. ceracea*, kjeglevokssopp *H. conica*, grå vokssopp *H. irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, honningvokssopp *H. reidii*, krittivokssopp *H. virginea*, skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (NT), gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT), sauevokssopp *H. ovina* (VU), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Status pr. 2007 er at beiting av storfe ser ut til å vere opphøyr, men området har framleis sauebeiting.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitinga og motvirke attgroing. Unngå bruk av kunstgjødsel.

Registrert av Bjørn Moe (11.08.2004), Per Fadnes (23.09.2006, 09.10.2006, 25.09.2007)

Lokalitet 37 Storeklubben

Hovedtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 3,5 daa

Undertype Nordvendt kystberg (B04)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Storeklubben ligg ved Langenuen på nordsida av Grundnavika. I vika er det kulturlandskap med beitemark og slåttemark som grensar mot strandeng. Floraen er ganske triviell. På nordsida av vika ligg Storeklubben som ein markert kolle. På nokre mindre bergveggar vart det funne litt buktporelav *Sticta sylvatica* på ein stad og raudlistearten praktlav *Cetrelia olivetorum* (VU) på eit anna (Gaarder og Moe 2000).

Litteratur

Gaarder, G. & Moe, B. 2000.

Registrert av Ikkje undersøkt i 2004

Dato

Lokalitet 38 Vodlane

Hovedtype Skog

Areal 6,8 daa

Undertype Rikare sumpskog (F06)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Nedanfor vegen på søre del av Vodlane ligg ein lita svartorsumpskog tilknytt ein liten bekk. Floraen er triviell og prega av tidlegare kulturpåverknad med mykje gulaks, samt artar som tepperot, kvitveis, gaukesyre og skogstjerne. Av særleg interesse er raudlistearten skoddelav *Menegazzia terebrata* (VU) som førekjem i gode bestand på ca. 10 av svartortrea. Elles vart det funne orekjuke *Inonotus radiatus* på oretrea.

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Granplanting inntil svartorskogen på nordsida av bekken.

Litteratur

Gaarder, G. & Moe, B. 2000.

Registrert av Ikkje undersøkt i 2004

Dato

Lokalitet 39 Rishaugen sør

Hovedtype	Skog	Areal	12,8 daa
Undertype	Nordvendt kystberg (B04)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

I øvre del av den bratte lia ligg det ei trong skore med rasmarek nedanfor. Eit lite vassig renn ned skora. Det står bjørkeskog inntil, men sjølve skora og den storsteina rasmarka er open med frodig høgstaudevegetasjon og fuktige bergveggar. Berre den nedre delen er tilgjengeleg. Her er det ein relativt rik moseflora med innslag av fleire kravstore og fuktkevjande artar. Av størst interesse er ein sparsam førekomst av prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides*. Elles finst ei rekkje oseaniske artar som er typiske for denne typen fuktige habitat. Hinnebregne er ein karakterart i dette samfunnet. I tillegg finst gulsildre, stjernesildre og fjellsyre, som høyrer til på høgfjellet, men som følgjer bekkefar ned i låglandet.

Noterte artar

Gulsildre *Saxifraga aizoides*, stjernesildre *S. stellaris*, fjellsyre *Oxyria digyna*, rosenrot *Rhodiola rosea*, hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*. Prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, kystsotmose *Andraea alpina*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*.

Litteratur

Gaarder, G. & Moe, B. 2000.

Registrert av Ikkje undersøkt i 2004 **Dato**

Lokalitet 40 Rishaugen søraust

Hovedtype	Rasmarek, berg og kantkratt	Areal	9,7 daa
Undertype	Nordvendt kystberg (B04)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Liten lokalitet med ein trong kløft og nokre bergvegger som vender mot nordaust. Bergveggene ligg i bratt li med bjørkeskog. Samfunn med oseaniske mosar som dronningmose, pelssåtemose, gullhårmose og raudmuslingmose saman med hinnebregne er karakteristisk. I tillegg finst den sjeldne lavarten piggtrollskjegg *Bryoria smithii* (VU) sparsamt på ein av bergveggane.

Litteratur

Gaarder, G. & Moe, B. 2000.

Registrert av Ikkje undersøkt i 2004 **Dato**

Lokalitet 41 Raunholmselva

Hovedtype	Skog	Areal	30 daa
Undertype	Bekkekløft (F09)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Nedre del av elva dannar ei lita trong kløft med frodig lauvskog. Bjørk er dominerande treslag, men i tillegg finst svartor, rogn, hassel, ask og lind. Langs elva ligg det fuktige bergveggar og elva har fleire små fossefall. Floraen har nokre kravstore artar knytt til edellauvskog, slik som skogsvingel, junkerbregne og trollbær. Kattetoflav vart registrert ved basis av ei bjørk.

Noterte artar

Skogsvingel *Festuca altissima*, hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, junkerbregne *Polystichum braunii*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, trollbær *Actaea spicata*. Kattetoflav *Arthonia leucopellea*, vengemose *Douinia ovata*, krusfellmose *Neckera crispa*

Litteratur

Gaarder, G. & Moe, B. 2000.

Registrert av Ikkje undersøkt i 2004 **Dato**

Lokalitet 42 Hageelva**Hovedtype** Skog**Areal** 14 daa**Undertype** Bekkekløft (F09)**Verdi** C – lokal verdi**Områdeskildring**

Lokaliteten ligg der Hageelva går i bratt gjel i høgdelaget 100 – 200 moh. Berglendt skogsterreng med spreidde tre av bjørk og rogn. Gjelet vender mot nord-nordaust og har 5 – 10 m høge bergvegger på sidene. Kraftig fosserøyk ved høg vassføring som driv minst 30 m ut til sidene. Elva går delvis i djupt og vanskeleg tilgjengeleg gjel. I berg og på blokker finst oseaniske mosesamfunn, samt store mengder hinnebregne. Samfunnet er typisk i dette habitatet med nordleg eksponering og ikkje sjeldan i denne delen av Fitjar. Spesielt fint utvikla i denne kløfta, sjølv om det ikkje er registrert sjeldne artar. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, kystornemose *Mnium hornum*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, kystvebladmose *Scapania gracilis*, heimose *Anastrepta orcadensis*, storstylte *Bazzania trilobata*, småstylte *B. tricrenata*

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 12.08.2004**Lokalitet 43 Gjæsene****Hovedtype** Skog**Areal** 113 daa**Undertype** Kystfurskog (F12)**Verdi** C – lokal verdi**Områdeskildring**

Skogen ligg ved enden av traktorvegen som går opp frå Eide, nær kommunegrensa til Stord. Terrenget har helling mot nordaust med mindre, relativt flate platå i ulike nivå frå 200 til 300 moh. Skogen inneheld gamle furutre med flate kroner som tilhøyrer ein generasjon av spreidde overstandarar. Diameteren er 40 – 50 cm og trea har vide kraftige greiner. Parti med tettvaksen furu og gaddar utvikla etter sjølvtytning. Desse trea har diameter på 10 – 20 cm. Mest blåbærskog, stadvis med nokså mykje einer. Gamle bjørketre på 40 cm i diameter finst spreidd.

Skogen har stor aldersspreiing, men hovudgenerasjonen er yngre enn 150 år og dei eldste ligg truleg mellom 200 og 300 år. Området tilhøyrer den delen av Fitjar kommune som har den eldste skogen.

Noterte artar

Blåbær *Vaccinium myrtillus*, tyttebær *V. vitis-idaea*, blokkebær *V. uliginosum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, smyle *Avenella flexuosa*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*, linnea *Linnaea borealis*, maiblom *Maianthemum bifolium*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Traktorveg indikerer at skogen er truga av hogst.

Registrert av Bjørn Moe**Dato** 12.08.2004

Lokalitet 44 Tindane

Hovedtype	Fjell	Areal	433 daa
Undertype	Kalkrike område i fjellet (C01)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Tindane er den nordlege delen av Grønafjellet ovanfor Raunholm. Lokaliteten tilhører den nordaustvendte skråninga frå like over skoggrensa ved 500 moh. og opp til det høgste punktet ved Tindane som er 596 moh. Berggrunnen er av gabbro som er stadvis oppsprekka, og under berga ligg det små rasmakar og bergskårar som er meir eller mindre knytt til bekkefar. I mineraljorda og i sprekkar i berga finst ei rekkje meir eller mindre kalkkrevjande fjellplanter, deriblant fleire artar som er sjeldne så langt vest på kystfjella, slik som reinrose, fjellsmelle og fjellfrøstjerne. I tillegg veks det dvergbjørk i heia i den øvre delen av Tindane. Mykje talar for at desse fjellartane er gamle restar etter den tidlegaste floraen som etablerte seg der like etter istida. Denne pionerfloraen kan ha overlevd kuldeperioden i Yngre Dryas (11 – 10.000 år sida) fordi Stord ligg vest for dette breframstøytet. Fjellplantene kan ha klart seg her pga. det store gabbrofeltet i bratt fjellskrent der vegetasjonsdekket er lite samanhengande, og har lite jordsmonn, mykje berg i dagen og flekker med bar grus. Under disse tilhøva får reinrosa og dei andre fjellartane redusert konkurranse frå vegetasjonen i lyng- og beitemarka. Dette er ein føresetnad for at dei nemnte fjellartane har overlevd i lang tid, kan hende i årtusener. Fjellplantene på Tindane/Grønafjellet er vanlege i fjella lenger aust i fylket (f. eks. Hardangervidda), men lokaliteten er likevel svært interessant som ei mogleg gammal rest frå den tidlege pionervegetasjonen etter istida. Den klart beste lokaliteten for rik fjellvegetasjon på Stordøya, og eit døme på oseanisk reinrosehei som det ikkje finst tilsvarande av i Hordaland. Reinrose er ikkje funnen andre stader på øya. Lokaliteten er derfor vurdert som svært viktig.

Noterte artar

Dvergbjørk *Betula nana*, lappvier *Salix lapponum*, sølvvier *S. glauca*, musøyre *S. herbacea*, rypebær *Arctous alpinus*, greplyng *Loiseleuria procumbens*, reinrose *Dryas octopetala*, fjellbunke *Deschampsia alpina*, rabbesiv *Juncus trifidus*, stivstorr *Carex bigelowii*, loppestorr *C. pulicaris*, svarttopp *Bartsia alpina*, bjønnbrodd *Tofieldia pusilla*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, dverggråurt *Omalotheca supina*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, fjelljamne *Diphysastrum alpinum*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, fjellsmelle *Silene acaulis*, fjellsveve *Hieracium alpinum*, fjellsyre *Oxyria digyna*, fjelltistel *Saussurea alpina*, fjellaugnetrøst *Euphrasia frigida*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, stjernesildre *S. stellaris*, harerug *Bistorta vivipara*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Planar om steinbrot for økonomisk utnytting av gabbroen.

Litteratur

Sørheim K. (1969), Meyer, O. B. (1983)., Gaarder, G. & Moe, B. (2000), Helland-Hansen, W. (2004).

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 18.08.2000

Lokalitet 45 Svartavatnet sør

Hovedtype	Fjell	Areal	13 daa
Undertype	Kalkrike område i fjellet (C01)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i bratt fjellside søraust for Svartavatnet, ca 430 – 520 moh. og eksponering mot nord og nordvest. Eit bratt, 20 m høgt berg og ein kløft er dominerande trekk i landskapet. Tilhører gabbrofeltet nordaust i Fitjar, noko som gir grunnlag for ein relativt rik fjellvegetasjon. Bergskrenten har sprekkesoner og noko finkorna forvittringsjord med rike sig og bekkekant. Gulsildre er ein karakterart og veks saman med andre fjellartar som fjellfrøstjerne, bjønnbrodd, svarttopp, fjelltistel m.fl. Lokaliteten har relativt små nisjar for fjellplanter og grense mot oseanisk heivegetasjon med lyng- og grasmark og myr.

Dette er ein vestleg utpostlokalitet for fjellartar som er høgst alminnelege i fjella lenger aust i fylket. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Dvergbjørk *Betula nana*, greplyng *Loiseleuria procumbens*, heistorr *Carex binervis*, loppestorr *C. pulicaris*, gulstorr *C. flava*, kornstorr *C. panicea*, geitsvingel *Festuca vivipara*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, bjønnbrodd *Tofieldia pusilla*, fjelltistel *Saussurea alpina*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, svarttopp *Bartsia alpina*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, rosenrot *Rhodiola rosea*, småengkall *Rhinanthus minor*, fjellsyre *Oxyria digyna*, harerug *Bistorta vivipara*, kattedot *Antennaria dioica*, blåkoll *Prunella vulgaris*

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 14.09.2004

Lokalitet 46 Klovsการ์ดfjellet aust

Hovedtype Fjell

Areal 4,6 daa

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten er eit nordvendt gjel aust for Botnavatnet på austsida av Klovsการ์ดfjellet i høgdenivået 400 – 500 moh. Det er ein om lag 20 m høg bergvegg som utgjør gjelet på vestsida og med noko rasmark under. Rasmarka er tørr og fattig. Nokre sprekkesonar i gabbroen og med tilførsel av sigevatn som gir grunnlag for kravstore fjellartar som fjellfrøstjerne, gulsildre m.fl. Gjelet har relativt små nisjar for fjellplanter og grense mot oseanisk heivegetasjon med lyng- og grasmark og myr.

Dette er ein vestleg utpostlokalitet for eit fåtal fjellartar som er høgst alminnelege i fjella lenger aust i fylket. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Rabbesiv *Juncus trifidus*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, stjernesildre *S. stellaris*, fjellsyre *Oxyria digyna*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, fjelltistel *Saussurea alpina*, rosenrot *Rhodiola rosea*, hestespreng *Cryptogramma crispa*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, setermjølke *Epilobium hornemannii*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2004

Lokalitet 47 Klovsการ์ดfjellet nord

Hovedtype Fjell

Areal 16 daa

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten er ei nordvendt fjellside på nordsida av Klovsการ์ดfjellet i høgdenivået 330 – 480 moh. Vertikale berghamrar på 20 – 30 meters høgde i nivået ovafor Botnavatnet. Grønstein og grønskifer i berggrunnen gir grunnlag for ei relativt rik flora, knytt til bratte skrentar, fuktige sig og berghyller. Den bratte fjellsida er skoglaus, men bjørk og rogn finst spreidd som buskar og små tre. Storfrytle veks øvst oppunder berga der den finn feste i bergsprekkar. Fjellartar er knytt til opne parti der det ikkje veks tett storfrytle og andre låglandsartar. Dei finn nisjar i berga der den oseaniske heivegetasjonen manglar. Lokaliteten har ein blanding av fjellartar og oseaniske artar.

Dette er ein vestleg utpostlokalitet for eit fåtal fjellartar som er høgst alminnelege i fjella lenger aust i fylket. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Dvergbjørk *Betula nana*, loppestorr *Carex pulicaris*, kornstorr *C. panicea*, heistorr *C. binervis*, storfrytle *Luzula sylvatica*, fjelltistel *Saussurea alpina*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, svartopp *Bartsia alpina*, fjellsyre *Oxyria digyna*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, småengkall *Rhinanthus minor*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, rosenrot *Rhodiola rosea*, bjønnbrodd *Tofieldia pusilla*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, junkerbregne *P. braunii*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 14.09.2004

Lokalitet 48 Melsåta

Hovedtype Skog

Areal 399 daa

Undertype Brannfelt (F10)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Skogen på søraustsida av Melsåta vart råka av ein skogbrann i 1974 (denne våren var tørr og varm og dette utløyste fleire store skogbrannar i fylket). Brannområdet er avgrensa av Ytste Sørlivatnet i aust og store myrområde i sør og vest. Tretti år etter er det framleis tydelege spor etter brannen, spesielt der det har vore kraftig kronebrann. Slike stader er knytt til eksponerte ryggar med lite jordsmonn til å verne røtene til plantene. Nokre av gaddane etter dei daude trea står framleis att og er nokså intakt, medan andre har begynt å knekke i bitar frå toppen. Spettar og sopp bidrar til nedbrytinga. Gaddane har ein diameter frå 10 cm og opp til 40 cm (dei fleste ligg på 20 – 30 cm). Også læger førekjem. Røsslyng er blitt dominerande etter god forynging og spreiding. Den er høgvaksen, over 0,5 m. Einstape har spreidd seg i mengder der det er relativt djup jord. Av treslaga har det kome rikeleg med bjørk og furu, medan einer manglar heilt. Den nye generasjonen furu er jamaldra, ca 30 år gammal og ikkje særleg stor, om lag 5 m, sjeldnare 7 – 8 m høg, noko som vitner om låg bonitet og grunt jordsmonn. Osp finst i eit parti der brannen har triggja skota på røtene, og desse er 30 år gamle. Blåtopp finst det rikeleg av, stadvis saman med heistorr. Bjørnemose er restar frå pionerfasen dei første åra etter brannen. Også tirlunge og andre artar har truleg vandra inn tidleg og halde seg fram til i dag. Ein seks meter høg kristtorn spirte truleg i eit av dei første åra etter brannen.

Dette er eit intakt og ganske stort område med naturleg attgroing etter skogbrann. Spora etter brannen er framleis tydelege. Fint døme på ein tretti år gammal brannsuksesjon, og derfor vurdert som viktig.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, øyrevier *Salix aurita*, kristtorn *Ilex aquifolium*, vivendel *Lonicera periclymenum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, heistorr *Carex binervis*, blåtopp *Molinia caerulea*, einstape *Pteridium aquilinum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, blåknapp *Succisa pratensis*, tirlunge *Lotus corniculatus*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kusymre *Primula vulgaris*, gjerdevikke *Vicia sepium*, kvitbladistel *Cirsium helenioides*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, skogfiol *Viola riviniana*, tågebær *Rubus saxatilis*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Sitkagran er planta i kanten av området i sørvest.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 17.09.2004

Lokalitet 49 Store Tjødnadalen nord

Hovudtype Skog

Areal 190 daa

Undertype Gammal skog (F08), kystfurusog (F12)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i ei søraustvendt skråning ovanfor skogsvegen som går opp frå Børtveit. Relativt høgtliggande område frå 300 til 500 moh. Sør for Mattismyrane står det gamle furutre, truleg med alder på over 300 år. Dei er overstandarar frå ein eldre furugenerasjon. Trea er kortvaksne med høgder på 8-10 m, sjeldnare opp til 15 m og ein diameter på opp til 60 cm. Kronene er til dels flate i toppen og har ein typisk kystskogstruktur med skeive stammar. Også yngre tre finst, slik at skogen har stor spreiding i alder. Det er bra med gadd i området, og også noko læger. Furu dominerer opptil 440 moh., og høgare oppe overtek bjørkeskog. Også bjørka er gammal med fleire grovvaksne tre på 1 m i diameter. Einer er vanleg i busksjiktet, men dannar ikkje tette kratt. Feltsjiktet er dominert av blåbærskog og røsslyng-blokkebærskog med fleire oseaniske artar som klokkeling, bjønnekam, smørtelg, storfrytle, heisiv og heistorr. Innslag av grasartar indikerer kulturpåverknad, i dag mest beiting frå sau og hjort. Det er fleire fuktige myrdrag i området, med m.a. rome, stjernestorr og slåtestorr.

Verdivurdering: Området inneheld gamle tre av både furu og bjørk, og med eit visst kontinuitetspreg har lokaliteten potensiale for førekomst av raudlisteartar, kanskje først og fremst markbuande og vedbuande sopp. Området er kanskje den mest "urskogsprega" skogen på Stord, og slik skog er sjeldan så nært kysten. På grunnlag av dette blir verdien vurdert som svært viktig (A).

Noterte artar

Krekling *Empetrum nigrum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, blokkebær *V. uliginosum*, klokkeling *Erica tetralix*, bjønnekam *Blechnum spicant*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, heisiv *Juncus squarrosus*, finnskjegg *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Avenella flexuosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, stjernestorr *Carex echinata*, heistorr *C. binervis*, slåtestorr *C. nigra*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, rome *Narthecium ossifragum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Området ligg nær skogsveg og er truga av hogst.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 05.09.2003

Lokalitet 50 Børtveit

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 66 daa

Undertype Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Kulturlandskap i nordlege delen av garden Børtveit. Ryggforma terreng med austvendt skråning mot riksvegen. Børtveitelva går i gjel og kryssar lokaliteten i nord. Her ligg det lausmassar i form av morene og glasifluvialt materiale (sand, grus og stein) som gjev eit bra jordsmonn og godt vekstgrunnlag. Delvis open vegetasjon (naturbeitemark) og delvis skog (skogsbeite). Mange ulike artar lauvtre. Ask finst som nystuva tre. Svartor og hassel veks ved elva. I øvre delen er det et mindre ospesholt. Sentralt i området er det mest bjørkeskog. Gradvis overgang til open beitemark og spreidde tre med bjørk. Stadvis mykje einer, til dels med slank søylefasong. Grasbakkar er sterkt nebeita, og det går både sauer og storfe i området. Variasjon frå tett og fin grasbakke til nedslitne parti med mykje trakk og erosjon. I kantsoner gror det til med einstape og einer.

Solblom (*Arnica montana*) vaks tidlegare i kulturlandskapet, men er no utgått frå sjølve beitemarka. Men arten finst framleis i området i ein bergsprekk ved elvegjelet. Her var det sju rosettar i 2004, den eine med blome. Talet på rosettar var ikkje endra i 2007, men ingen blomstra. Dette litle bestandet av solblom står så vidt over flommålet ved høg vassføring, men plantene får ein del sprut. I bergsprekken har plantene ingen konkurranse frå den tilstøytande vegetasjonen. Artane som veks i ein kvadratmeter stor rute omkring solblom er hengeving, smyle, fjellmarikåpe, tågebær, gullris, hengeaks og ormetelg. Dette er ein svært liten og sårbar lokalitet for solblom, - den einaste kjende som finst att i Stord.

På Børtveit veks framleis den sjeldne arten betonie (*Stachys officinalis*), ei gammal kulturplante som har vore kjent der sidan 1927 (Sørheim 1969).

Verdivurdering: Børtveit er ein god lokalitet for beitemarksopp med ein sårbar og fire nær truga artar, og i tillegg ei rekkje typiske, men meir vanlege soppantar i kulturlandskap og i skog. Bra potensiale for at fleire sjeldne artar kan dukke opp. Derfor blir området vurdert som svært viktig (A).

Noterte artar

Karplanter: Svartor *Alnus glutinosa*, eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, engkvein *Agrostis capillaris*, knegras *Danthonia decumbens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, finnskjegg *Nardus stricta*, smyle *Avenella flexuosa*, bråtestorr *Carex pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, harestorr *C. leporina*, grønstorr *C. demissa*, stjernestorr *C. echinata*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, storblåfjør *P. vulgaris*, blåkklokke *Campanula rotundifolia*, legeveronika *Veronica officinalis*, myrfiol *Viola palustris*, kvitkløver *Trifolium repens*, tunarve *Sagina procumbens*, ryllik *Achillea millefolium*, solblom *Arnica montana* (VU), groblad *Plantago major*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, revebjølle *Digitalis purpurea*, tepperot *Potentilla erecta*, kystmaure *Galium saxatile*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, betonie *Stachys officinalis*.

Sopp: Raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, stanknarrevokssopp *Camarophyllopsis foetens* (VU), silkeraudskivesopp *Entoloma cericellum*, stjernespora raudskivesopp *E. conferendum*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT), gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, kjeglevokssopp *H. conica*, skjør vokssopp *H. ceracea*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, engvokssopp *H. pratense*, honningvokssopp *H. reidii*, skifervokssopp *H. lacmus* (NT), raudskivevokssopp *H. quieta* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing ved redusert beiting.

Aktuelle forvaltingstiltak

Unngå bruk av kunstig gjødsling.

Registrert av Bjørn Moe (05.09.2003, 16.07.2007), Per Fadnes (10.09.2004, 05.10.2005, 08.10.2006,)

Lokalitet 51 Agdestein

Hovudtype Skog

Areal 39 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Agdestein ligg langs E39, like nedanfor vegen og 2,5 km sør for ferjekaien på Jektevik. Skogen er eit fint døme på oseanisk eikeskog som det finst ein god del av langs sjøen (Langenuen) på austsida av Stord. Berggrunnen er kalkspatførande (meta)-sandstein. Området er avgrensa i sør mot ein liten bekk og i nord mot ei mindre elv. Sør for lokaliteten er det blandingsskog med stort innslag av hassel, og i nord grensar lokaliteten mot tresett, moserikt kulturlandskap som blir beita av sau heile året. Vest for området er det dyrka mark og nokre hus.

Området vender mot aust og har eit gunstig lokalklima i bratt terreng med nokre flate platå og hyller før det går bratt ned mot sjøen. Vanskeleg tilkomst har hatt mykje å seie for at eikeskogen er relativt intakt. Forutan eik er det bjørk og osp i tresjiktet. Ikkje spesielt rikt feltsjikt, men stadvis dominert av storfrytle og berre mindre parti med lågurtskog. Elles fattig lyngvegetasjon med blåbær, tyttebær og einstape. Førekomstar av einer indikerer at skogen har vore ein del av kulturlandskapet tidlegare, med m.a. beiting.

Svart trompetsopp er funnet i området som er det einaste kjente voksestaden for denne soppen i Stord/Fitjar.

Verdivurdering: Lokaliteten inneheld ein av dei mest intakte eikeskogane som er att på Stord, og blir derfor vurdert som viktig (B).

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, osp *Populus tremula*, vivendel *Lonicera periclymenum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, einstape *Pteridium aquilinum*, Svart trompetsopp *Craterellus cornucopioides*

Registrert av Per Fadnes

Dato 11.01.2008

Lokalitet 52 Heia

Hovudtype Myr

Areal 371 daa

Undertype Kystmyr (A08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Heia ligg i dalen mellom fjella Kattenakken og Agdesteinsbrunene, i høgdenivået 350 – 450 moh. Dalen har jamn helling mot sørvest. Heile dalbotnen er dekt av torv, for det meste terrengdekkjande torv. Myrkomplekset har dei største torvlaga i sør der mya er på det vidaste, med ca 300 m breidde. I vegskjeringa er torva 2 m tjukk, men truleg fleire meter djupare lenger inne på myra. Til dels sterkt omdanna og mørkfarga torv i dei nedre laga. Heile dalen får godt med tilsig frå fjellsidene, og dette saman med høg nedbør har gitt grunnlag for danninga av den terrengdekkjande myra. Myra har bygd opp høge tuer som har vakse saman til store parti med ombrogen torv, dvs. torv som berre får næring frå nedbøren (nedbørsmyr). Vegetasjonen er dominert av svært nøysame artar, slik som røsslyng, klokkeling, blokkebær, kvitlyng, blåtopp, rome, storbjønnskjegg og torvull. Studentar ved Høgskulen har målt pH til 4 – 4,5. Seintveksande bjørk og furu kan vere til stades, dei største trea er ca. 8 m høge. Minerogene parti i erosjonskanaler, med artar som tepperot, slåttestorr, kornstorr, sveltstorr og stjernestorr. Små bekkar drenerer mellom dei høge tuene fleire stader på myra. Attgroingsmyr omkring tjørnet Hetlesætertjørn som ligg på ei flate inne på myra. Her finst flaskestorr, bukkeblad og andre artar knytt til mjukmattar og lausbotn. Bekkeinnløp til tjørnet frå nordvest. I skråninga ovafor tjørnet er torva grunnare og tørrare med karakter av lynghei. Eit snitt viste ca. 1 m tjukk, kolsvart torv. Her inngår artar som heistorr, skrubbær, maiblom og bjønnekam. Smyle, finnskjegg og andre gras indikerer beiting. Det går sauer i området. Vestkanten av den øvre delen av myrkomplekset er brent i nyare tid. Dette er gunstig for beiteverdien, m.a. for å halde røsslyngen låg og lite forveda. Heia er eit fint døme på terrengdekkjande myr i god stand, utan særleg påverking frå torvtekt. Fin gradient frå tjukke ombrogene torvlag nedst til den meir lyngheiprega delen som ligg øvst i dalen.

Noterte artar

Klokkelyng *Erica tetralix*, røsslyng *Calluna vulgaris*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, blokkebær *V. uliginosum*, tyttebær *V. vitis-idaea*, krekling *Empetrum nigrum*, kvitlyng *Andromeda polifolia*, rypebær *Arctous alpinus*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, torvull *Eriophorum vaginatum*, slåttestorr *Carex nigra*, kornstorr *C. panicea*, stjernestorr *C. echinata*, sveltstorr *C. pauciflora*, gråstorr *C. canescens*, grønstorr *C. demissa*, flaskestorr *C. rostrata*, heisiv *Juncus squarrosus*, blåtopp *Molinia caerulea*, finnskjegg *Nardus stricta*, rome *Nartheicum ossifragum*, skogstjerne *Trientalis europaea*, molte *Rubus chamaemorus*, tepperot *Potentilla erecta*, kystmaure *Galium saxatile*, myrfiol *Viola palustris*, rundsoldogg *Drosera rotundifolia*, smal soldogg *D. anglica*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, skrubbær *Cornus suecica*, bjønnekam *Blechnum spicant*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, vanleg tjønnaks *P. natans*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, heigråmose *Racomitrium lanuginosum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Myra ligg tett ved vegen og parkeringsplassen, og er dermed sårbar dersom vegen eller parkeringa skal utvidast.

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde fram med sauebeiting for å hindre attgroing.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.07.2007

Lokalitet 53 Rusta – Låvadalen

Hovudtype Skog

Areal 370 daa

Undertype Gammal lauvskog (F07), rikare sumpskog (F06), kystfuruskog (F12)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Intakt og relativt stort skogsområde med stort mangfald av treslag. Kupert terreng med ryggar som går i nordaustleg – sørvestleg retning. I hovudtrekk furuskog med mykje hassel. Ryggar med gamle eikestuvar, særleg Rusta har ein stor samling av ganske grovvaksne eiketre med diameter på opp til 1 m. Også ustyva eik finst i området, i tillegg til lind og ask. Stadvis eik i høgde med furu, slik at dei to treslaga saman dannar tresjiktet. Furutrea kan vere høge og rettstamma med diameter på om lag 50 cm. I fuktige søkk og langs bekkar er det sumpskog med svartor, samt gamle bjørketre. Kristtorn er vanleg, og i sørvest er det registrert fleire barlindre. Variert vegetasjon etter jordsmonnet. Ein del blåbærskog på ryggar, medan lågurtskog finst på skiferjord, særleg der berget forvitrar i bratte skråningar. Her er kusymre, sanikel, skogfredlaus blant karakterartane. Stadvis sølvbunke og andre gras som indikerer beiting. Eit interessant og variert skogsområdet som ikkje er lett å plassere i naturtypesamanheng, men i hovudtrekk ein kystfuruskog med fleire oseaniske karaktertrekk, både i vegetasjonen og i tresjiktet. Typisk for middels rik furuskog og lauvskog på Stord. Vurdert til viktig.

Noterte artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, kristtorn *Ilex aquifolium*, barlind *Taxus baccata* (VU), svartor *Alnus glutinosa*, lind *Tilia cordata*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, hengeaks *Melica nutans*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, skogstorr *Carex sylvatica*, kusymre *Primula vulgaris*, skogfiol *Viola riviniana*, markjordbær *Fragaria vesca*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, sanikel *Sanicula europaea*, blåknapp *Succisa pratensis*, tågebær *Rubus saxatilis*, vivendel *Lonicera periclymenum*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogbingel *Mercurialis perennis*

17.11.2003

Registrert av Bjørn Moe

Dato 07.09.2004

Lokalitet 54 Botnabrotet

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 109 daa

Undertype Kalkrike område i fjellet (C01)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Bratte fjellsider på austsida av Ravatnet, frå Botnabakken i retning mot Steinsgilheddo i høgdenivået 340 – 480 moh. Bekkegjel, rasmark og skrentar med eksponering mot vest og nordvest. Næringsrik berggrunn av gabbro med kalkinnslag. I sprekkane i gabbroen sirkulerer ein del vatn som er viktig for plantelivet i bergene. Området ligg under skoggrensa, men trea (mest rogn) veks spreidd, og habitata er i hovudsak lysope. Overgangen mellom dei bratte berga og rasmarka som ligg nedafor har ein relativt rik flora med fleire fjellartar som er sjeldne i Stord kommune, slik som raudsildre, bergfrue, fjellfrøstjerne og svarttopp. Desse artane og fjellplanter generelt er sjeldne på kystfjella. Truleg den rikaste og mest varierte samlinga av fjellplanter i kommunen. Største førekomst av raudsildre i Stord. Fjellplantene er vanlege lenger aust i fylket, og derfor har området lokal verdi.

Noterte artar

Raudsildre *Saxifraga oppositifolia*, gulsildre *S. aizoides*, bergfrue *S. cotyledon*, rosenrot *Rhodiola rosea*, svarttopp *Bartsia alpina*, fjellkvann *Angelica archangelica*, fjelltistel *Saussurea alpina*, kattefot *Antennaria dioica*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, fjellsyre *Oxyria digyna*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, lodnebregne *Woodsia ilvensis*, skogvikke *Vicia sylvatica*

Registrert av Per Fadnes, Arne Vatten

Dato 04.07.1999

Lokalitet 55 Eskeland

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 45 daa

Undertype Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap mellom Nedre og Øvre Eskeland. Den ligg på begge sider av ryggen mellom dei to gardane. Den sørvendte skråninga er bygd opp med steinmurar for terrassering i bratt terreng. Sau går på beite og grasmarka var hardt nedbeita på seinsommaren. På kollen veks det stor eik (diameter 60 cm), samt hassel og bjørk. Spreidd tresjikt, men jamt over ganske ope med hardt beita vegetasjon (skogsbeite). Stadvis opne jordflekkar etter trakk frå beitedyra. Toppen av ryggen har ein beita bjørkeskog med tett mosedekke av etasjehusmose og nesten utan feltsjikt. Det vart registrert stubbar av lauvtre som var 10 år gamle då dei vart hogd, noko som indikerer rydding og tynning av attgroande skog. Dette, samt kvisthaugar etter rydding, vitnar om kulturlandskap i god hevd. Naturbeitemarka har ingen teikn på kunstig gjødsling, noko som gir grunnlag for artsrike parti med stort mangfald av gras og beitetolerante urter. Hjartegras og kamgras er nokså sjeldne, men interessante kalkkrevjande karakterartar. Fleire ugrasartar trivst godt der det er mykje trakk frå beitedyra. Eit interessant kulturlandskap som er vurdert til viktig.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, bjørk *Betula pubescens*, engkvein *Agrostis capillaris*, smyle *Avenella flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, knegras *Danthonia decumbens*, hjartegras *Briza media*, kamgras *Cynosurus cristatus*, finnskjegg *Nardus stricta*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, heisiv *Juncus squarrosus*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, hårsveve *Hieracium pilosella*, ryllik *Achillea millefolium*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, tusenfryd *Bellis perennis*, kattefot *Antennaria dioica*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, groblad *P. major*, tepperot *Potentilla erecta*, revebjølle *Digitalis purpurea*, blåknapp *Succisa pratensis*, legeveronika *Veronica officinalis*, krypsoleie *Ranunculus repens*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, jordnøtt *Conopodium majus*, kystmaure *Galium saxatile*, marikåpe *Alchemilla vulgaris*, fjellmarikåpe *A. alpina*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, raudkløver *Trifolium pratense*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, tirlunge *Lotus corniculatus*, markjordbær *Fragaria vesca*, småsyre *Rumex acetosella*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, augnetrøst *Euphrasia* sp., småsmelle *Silene rupestris*, rosettkarse *Cardamine hirsuta*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2004

Lokalitet 56 Nordre Tveita

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 4,2 daa

Undertype Beiteskog (D06)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på ein kolle nord for Tveita med grense mot hovudvegen. Liten eikeskog med 20 – 25 m høge tre der alle er ustyva. Kristtorn finst som inntil 1 m høge buskar. Feltsjiktet er grasdominert etter sterkt beitetrykk. Stadvis attgroande parti med krattodnegras. Urtene er meir eller mindre beitetålerante, eller ugras slik som guldå og vassarve. Liten lokalitet som er vurdert til lokal verdi.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, kristtorn *Ilex aquifolium*, bjørnebær *Rubus* sp., krattlodnegras *Holcus mollis*, englodnegras *H. lanatus*, smyle *Avenella flexuosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, engrapp *Poa pratensis*, bjørnkam *Blechnum spicant*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, blåkoll *Prunella vulgaris*, revebjølle *Digitalis purpurea*, jordnøtt *Conopodium majus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, krypsoleie *Ranunculus repens*, kvitveis *Anemone nemorosa*, vassarve *Stellaria media*, guldå *Galeopsis speciosa*, engsyre *Rumex acetosa*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2004

Lokalitet 57 Nordre Tveita sør

Hovudtype Skog

Areal 23 daa

Undertype Beiteskog (D06)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokalitet med eikeskog omgitt av ope beitemark. Relativt store, ustyva eiker med stammediameter på 30 – 40 cm, sjeldan over 50 cm. Sterkt beitepåverka skog med tydelege trakk og spor etter storfe i ein meir eller mindre leirhaldig moldjord. Dyra går fritt frå beitemarka og inn i skogen som fungerer som ein "øy" i kulturlandskapet. Grasdominert feltsjikt med smyle, gulaks, sølvbunke, engkvein og knegras. Beitetolerante urter som jordnøtt, blåknapp m.fl. er karakteristiske. Mange småplanter av eik, kristtorn, bjørk og eik blir truleg beita og veks ikkje opp. Unntaksvis finst busker på 50 cm, særleg av hassel og kristtorn. Liten lokalitet som er vurdert til lokal verdi.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Frangula alnus*, hassel *Corylus avellana*, bjørnebær *Rubus* sp., smyle *Avenella flexuosa*, sølvbunke *D. cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, knegras *Danthonia decumbens*, hårfrytle *Luzula pilosa*, storfrytle *L. sylvatica*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåknapp *Succisa pratensis*, skogfiol *Viola riviniana*, legeveronika *Veronica officinalis*, tepperot *Potentilla erecta*, liljekonvall *Convallaria majalis*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, blåkoll *Prunella vulgaris*, gullris *Solidago virgaurea*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, kvitbladtistel *Cirsium helenioides*, krypsoleie *Ranunculus repens*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, løvetann *Taraxacum* sp., kusymre *Primula vulgaris*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, gaukesyre *Oxalis acetosella*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2004

Lokalitet 58 Hovaneset – Sævarhagen

Hovudtype	Kyst og havstrand. Kulturlandskap. Skog	Areal	71 daa
Undertype	Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06), strandeng og strandsump (G05), rikt strandberg (G09),	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Avgrensa område er sjølve Hovaneset og den tilstøytande stranda og skogteigen på innsida ved Sævarhagen. Området omfattar og beitemarka på vestsida av steingard/gjerde mot garden på Haga. Hovaneset har i lang tid vore kjend som eit botanisk rikt område, grunna berggrunnen som inneheld kalkspatmarmor og langvarig bruk av kulturlandskapet. Den kulturbetinga vegetasjonen er framleis intakt og i bra stand. Forslag til avgrensing er omtrent som foreslått av Lundberg (1992).

Naturbeitemarka på Hovaneset er fint avgrensa mot dei kalkrike strandberga der det i bergsprekkar og i forvittringsjorda veks sjeldne artar som pusleblom, sandarve og vårrubblom, samt fjellplantene raudsildre og gulsildre. I sjølve beitemarka veks det ei rekkje kalkkrevjande gras og urter som hjartegras, kamgras og vill-lin. Variasjon frå tørr og skrinn mark med dvergsmyle og gjeldkarve til sigevasspåverka parti med engstorr og blåstorr.

Beitemarka har eit rikt mangfald av beitemarksopp med heile 10 raudlisteartar, der fleire er nyfunn for Stord og Hordaland. Det er registrert heile 20 ulike artar vokssoppar og 9 artar jordtungar. Kalkrik berggrunn og sauebeiting med lang kontinuitet er årsaka til dette mangfaldet som gjer Hovaneset til det rikaste området for beitemarksopp i Stord kommune. Med unntak av eit lite tre av kristtorn med beitefasong og noko einer, er det ikkje nemneverdig med buskar i beitemarka. I strandsona veks grisnestorr, som er sjeldan, saman med vanlige strandplanter.

I hydrolittoralsona i den langgrunne Sævarhagsvikjo har det vore kjend ein rik førekomst av den sjeldne planta dvergålegras (Lundberg 1992). Den vart i 2003 berre registrert i leirjorda der bekken renner ut, innanfor eit areal på 2 x 10 m. Lundberg påpekar at arten er sårbar overfor forureining og sikter til båthamna i Tynesvika. Dvergålegras veks også i ein av buktene i Hystad NR. Sævarhagsvikjo har eit rikt fugleliv med 19 ulike artar vadefuglar.

Innanfor stranda finst eit bestand med stor, grovaksen svartor. Trea veks enten frittstående eller i små grupper, og vegetasjonen er sterkt beitepåverka (skogsbeite). Skog av denne typen er ikkje representert i Hystad NR.

Hovaneset med tilstøytande strandområde er eit lite areal med eit stort mangfald av naturtypar og mange sjeldne artar. Området inneheld i tillegg to bronsealdergraver. Eit svært viktig område med rik flora og høgt mangfald av raudlisteartar, både av karplanter og beitemarksopp. Til saman heile 13 raudlisteartar er langt meir enn noko anna område i Stord og Fitjar.

Noterte artar

Karplanter: Knegras *Danthonia decumbens*, engkvein *Agrostis capillaris*, finnskjegg *Nardus stricta*, geitsvingel *Festuca vivipara*, dvergsmyle *Aira praecox*, hjartegras *Briza media*, kamgras *Cynosurus cristatus*, heisiv *Juncus squarrosus*, saltsiv *Juncus gerardii*, slåttestorr *Carex nigra*, kornstorr *C. panicea*, blåstorr *C. flacca*, engstorr *C. hostiana*, grisnestorr *C. distans*, bergskrinneblom *Arabis hirsuta*, kystarve *Cerastium diffusum*, kystmaure *Galium saxatile*, småstorkenebb *Geranium pusillum* kystbergknapp *Sedum anglicum*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, strandkjempe *P. maritima*, blåknapp *Succisa pratensis*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, hårsveve *Hieracium pilosella*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, ryllik *Achillea millefolium*, fjørekoll *Armeria maritima*, landøyda *Senecio jacobaea*, augnetrøst *Euphrasia* sp., svartknoppurt *Centaurea nigra*, vill-lin *Linum catharticum*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, knopparve *Sagina nodosa*, sandarve *Arenaria serpyllifolia*, raudsildre *Saxifraga oppositifolia*, gulsildre *S. aizoides*, blåkoll *Prunella vulgaris*, vassmynte *Mentha aquatica*, strandkryp *Glaux maritima*, vårrubblom *Erophila verna*, ålegras *Zostera marina*, pusleblom *Anagallis minima* (EN), dvergålegras *Zostera noltei* (EN), bustsivaks *Isolepis setacea* (EN, Sørheim 1969, ikkje attfunnen)

Sopp: Stanknarrevokssopp *Camarophyllopsis foetens* (VU), gul småfingersopp *Clavulilnopsis corniculata*, gul småkøllesopp *C. helvola*, blektuppet småkøllesopp *C. luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum*, ravneraudskivesopp *E. corvinum* (NT), bitterraudskivesopp *E. sericeum*, *Geoglossum elongatum*, skjelljordtunge *G. fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, vanleg jordtunge *G. starbeckii*, brunsvart jordtunge *G. umbratile*, sumpjordtunge *Geoglossum* cf. *uliginosum* (EN), kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, skjør vokssopp *H. ceracea*, gul vokssopp *H. chlorophana*, mønjevokssopp *H. coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, liten vokssopp *H. incipida*, grå vokssopp *H. irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, liten mønjevokssopp *H. minutata*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, honningvokssopp *H. reidii*, kritt vokssopp *H. virginea*, brun engvokssopp *H. colemanniana* (VU), sauevokssopp *H. ovina* (VU), raudskivevokssopp *H. quieti* (NT), russelervokssopp *H. russocoreacea* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT), bleikgrøn kragesopp *Stropharia pseudocyanea*, svartlodnetunge *Trichoglossum hrisutum*, vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT), vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Beitinga må halde fram for å hindre attgroing og oppretthalde dei biologiske verdiane på Hovaneset. Kunstig gjødsling trugar både karplanter og beitemarksopp. Båthamna på Tyneset er ei kjelde til forureining av Sævarhagsvikjo. Planar om ny ferjekai vil komme til å øydeleggje området.

Aktuelle forvaltingstiltak

Kunstig gjødsling må opphøre. Oppretthalde dagens beitetrykk.

Registrert av Bjørn Moe (03.09.2003), Per Fadnes (05.10.2003, 15.10.2004, 07.10.2005, 11.10.2006, 10.09.2007, 19.10.2007)

Lokalitet 59 Rognabekken

Hovudtype Myr

Areal 37 daa

Undertype Kystmyr (A08), rikmyr (A05)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Eit nokså stort myrområde som ligg heilt inn til vestsida av vegen mellom Ådlandsvatnet og Haugland. Utstrekning 300 m i sørvestleg retning, og myra har ei jamn breidde på ca. 200 m. Myra er omkransa av furuskog, og den er lågtliggende, 60 moh. Myra er flat og viser ulike stadium i attgroing av eit tidlegare større tjørn. Delvis tørrlagde blad av nøkkerose er eit tydeleg teikn på denne attgroinga. I dag er det berre vasshol igjen med tilgrensa lausbotn og mjukmattar. Vasshola er talrike, men små. Mange karakteristiske artar for blaut myr er representert, slik som dikesoldogg, sivblom og dystorr. Vegetasjonen er typisk intermediær med artar som brunmyrak, særbustorr og trådstorr. Areal med mjukmattar er store i dei sentrale partia, men i ytterkanten er det tuevegetasjon. Tuene er fattige med typiske artar som pors, klokkeling, blåtopp, torvull og kvitlyng.

Myra er stor og floristisk interessant med fleire relativt sjeldne artar, slik som brunmyrak, dvergjamne og myrkråkefot. Intakte myrar som ligg såpass lågt er sjeldne, og mange er blitt grøfta og påverka av landbruk og skogbruk, ikkje minst på Stord. Derfor vurdert som viktig.

Eit fint supplement til Sjoalemyra NR som ligg noko høgare oppe på ca. 100 moh.

Noterte artar

Pors *Myrica gale*, klokkeling *Erica tetralix*, kvitlyng *Andromeda polifolia*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, blåtopp *Molinia caerulea*, torvull *Eriophorum vaginatum*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, brunmyrak *R. fusca*, trådstorr *Carex lasiocarpa*, særbustorr *C. dioica*, dystorr *C. limosa*, flaskestorr *C. rostrata*, rome *Narthecium ossifragum*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, rund soldogg *D. rotundifolia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, myrflol *Viola palustris*, sivblom *Scheuchzeria palustris*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*, småpiggnopp *Sparganium natans*, nøkkerose *Nymphaea/Nuphar*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Grøfting og utnytting til skogbruk el. landbruk.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 04.09.2003

Lokalitet 60 Vatna

Hovudtype Skog. Kulturlandskap

Areal 20 daa

Undertype Beiteskog (D06)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på garden Vatna nord for Vatnavika ved Ådlandsvatnet. Skrånande terreng mot sørvest i den nedre delen, men gradvis utflating mot nordaust. Ein nokså stor eikeskog der dei fleste trea er ustyva, ca. 30 cm i diameter og høgder på 20 – 25 m. Nokre av eikene er gamle med stammediameter på ca. 1 m, og dei har vore styva. Hassel inngår, og høgare oppe er det små tre av kristtorn, samt ein del furu. Eikeskogen går her over i furuskog. Det går to steingardar gjennom skogen. Kalkhaldig berggrunn og forvittringsjord gir grunnlag for ein godt utvikla eikeskog med noko rikare lågurtvegetasjon og artar som liljekonvall, tågebær, kusymre, krossved og hengeaks. Dei vanlegaste typane er likevel blåbær-eikeskog og smyle-eikeskog, med ein vegetasjon som har karakter av sterk kulturpåverknad og mykje gras. Stadvis dominans av krattlodnegras og einstape.

Dette er ein stor og godt utvikla oseanisk eikeskog med stor grad av kulturpåverking, men med nokså fattig feltsjikt.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, furu *Pinus sylvestris*, kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Frangula alnus*, krossved *Viburnum opulus*, hengeaks *Melica nutans*, krattlodnegras *Holcus mollis*, blåtopp *Molinia caerulea*, vivendel *Lonicera periclymenum*, blåknapp *Succisa pratensis*, kvitveis *Anemone nemorosa*, liljekonvall *Convallaria majalis*, tågebær *Rubus saxatilis*, tepperot *Potentilla erecta*, markjordbær *Fragaria vesca*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogfiol *Viola riviniana*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kusymre *Primula vulgaris*, legeveronika *Veronica officinalis*, gullris *Solidago virgaurea*, linnea *Linnaea borealis*, maiblom *Maianthemum bifolium*, einstape *Pteridium aquilinum*, fugleteig *Gymnocarpium dryopteris*, hengeving *Phegopteris connectilis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, skogburkne *Athyrium filix-femina*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Mindre hogstflate midt i området, ein høgspenteine, samt uthus i sør. Plantefelt med gran.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 04.09.2003

Lokalitet 61 Ådlandsskogen

Hovudtype Skog

Areal 43 daa

Undertype Kystfuruskog (F12)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Ådlandsskogen ligg på ein ås nær vegen på austsida av Ådlandsvatnet. Kystfuruskog på svært høg bonitet. Grove og til dels gamle furutre, enkelte med stammediameter på over 50 cm, der den største er heile 80 cm. Høge, rettstamma tre med lite greinar på nedre del av stammen. Enkelte gaddar av furu. Dei eldste trea er truleg 2 – 300 år gamle, men hovudgenerasjonen er yngre enn 150 år. Stor aldersspreiing på trea. Innslag av lauvtre som eik, hassel og særleg kristtorn gir karakter av oseanisk furuskog på høg bonitet. Enkelte av kristtortrea er store. Svartor veks i sumpområde i nordvest. Blåbærskog dominerer, botnsjikt med lyngtorvmose og kystjammemose.

Skogens tresjikt har karakter av plukkhogst, og spor etter hogst er vanleg. Fleire stubbar etter hogst for om lag 10 år sidan.

Dette er ein liten, men etter tilhøva intakt furuskog med grove dimensjonar. Oseanisk preg og mykje kristtorn. Påverka i kantsonene. Verdifulle med eit slikt område i nærleiken av tettbygd strøk. Men utan sjeldne artar, og derfor vurdert til lokal verdi (botanisk vurdering). Det er registrert fleire raudlista fuglar, slik som hønehauk, sporvehauk, vendehals, gråspett.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, svartor *Alnus glutinosa*, rognasal *Sorbus hybrida*, kristtorn *Ilex aquifolium*, storfrytle *Luzula sylvatica*, hårfrytle *L. pilosa*, einstape *Pteridium aquilinum*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, skogstjerne *Trientalis europaea*, maiblom *Maianthemum bifolium*, linnea *Linnaea borealis*, kystmaure *Galium saxatile*, jordnøtt *Conopodium majus*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Hogst og granplanting i sør og nordvest. Lett tilkomst, og skogen er truga av hogst.

Registrert av Bjørn Moe, Arne Vatten, Kristen Benonisen og Per Fadnes

Dato 10.03.1997, 04.09.2003

Lokalitet 62 Ådlandsvatnet – Sageneset

Hovudtype	Ferskvatn / våtmark	Areal	16 daa
Undertype	Mudderbank (E02), rik kulturlandskapssjø (E08)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Ådlandsvatnet er eit stort ferskvatn som ligg 1 km nordaust for Leirvik, der utløpet av Frugardselva går ut i sjøen. Fordi vatnet ligg så lågt som 5 moh., må den marine fasen ha vart lenge, inntil for nokre få tusen år sidan då landhevinga isolerte vatnet frå havet. Vatnet inneheld derfor marine sedimenter som leire og skjelsand. Største djupne er 65 m. pH er målt til å ligge stabilt på 6,0 – 6,5. I dette store vatnet med mange buktar, varierer substratet frå grovsteina og berglendt habitat utan vegetasjon til finkorna grunn med tett vegetasjon eller open mudderbank. Utslepp av kloakk og tilsig frå tilgrensande landsbruksmark har påverka vegetasjonen og ført til attgroing med store sumpplanter. Det er kartlagd tre naturtypeområde som til saman fanger opp dei botanisk mest interessante strendene i Ådlandsvatnet.

Sageneset ligg i nord med ca. 500 m lang strandline. Ein vid og eksponert bukt i vest og ein trongare, roleg bukt i aust. Variasjon i vegetasjonen frå vest til aust. I vest langgrunn strand med finkorna sand og silt, iblanda organisk slam. Svartor dannar ei rand med skog innerst. Utanfor den ei sone med bustsivaks som står over normal vasstand, men blir neddykka ved høgt vatn. Planta toler ikkje konkurranse og er avhengig av opne jordflekkar på stranda, men den toler heller ikkje for mykje erosjon.

I sona litt lenger ute veks det trådbregne innfor eit areal på ca. 5 m², ein av tre lokalitetar i Ådlandsvatnet. Etter fleire veker utan nedbør var planta turlagd, og dette er ei føresetnad for at den skal kunne produsere sporekapslar. Den 10. juni 2008 fant Per Fadnes fertile individ, og det er første gong sida trådbregne vart ”attfunnen” i 2002.

Utanfor sona med trådbregne er det ei sone med flaskestorr, der soleigro inngår i den ytre delen. Soleigro går lengre ut, i alle fall til 1 meters djup, og planta har både flyteblad og vanlege rosettblad ved basis av stengelen. Plantene er fertile på grunt vatn nærmast land, men blir sterile utover i vatnet. Rosettane av soleigro står saman med andre kortskotsplanter som tjønngas og botnegras. Lenger ute kommer ein flytebladsone med flotgras og gul nøkkerose.

Soleigro veks og i den tronge bukta aust for Sageneset der det er rik sump med høge staudar som kattehale, gulldusk, elvesnelle, vassmynte og skogsivaks. Denne delen har ein vegetasjon med karakter av rik kulturlandskapssjø. Tre raudlisteartar i kategorien sterkt truga (EN), tilseier verdien svært viktig.

Vatnet er påverka av utslepp/tilsig frå landbruk og kloakk.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, soleigro *Baldellia repens* (EN), trådbregne *Pilularia globulifera* (EN), flaskestorr *Carex rostrata*, skogsivaks *Scirpus sylvaticus*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, bustsivaks *Isolepis setacea* (EN), krypsiv *Juncus bulbosus*, ryllsiv *J. articulatus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, tjønngas *Littorella uniflora*, botnegras *Lobelia dortmanna*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, kattehale *Lythrum salicaria*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, vassmynte *Mentha aquatica*, myrklegg *Pedicularis palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, flotgras *Sparganium angustifolium*, småpiggnopp *S. natans*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*, kysttjønna *Potamogeton polygonifolius*, vanleg tjønna *P. natans*, småblærerot *Utricularia minor*

Registrert av Bjørn Moe (04.09.2003) og Per Fadnes (10.06.2008)

Dato

Lokalitet 63 Ådlandsvatnet – N Lønning

Hovudtype	Ferskvatn/våtmark	Areal	15 daa
Undertype	Mudderbank (E02), rik kulturlandskapssjø (E08)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Ådlandsvatnet er eit stort ferskvatn som ligg 1 km nordaust for Leirvik (for generell omtale, sjå lok. 62). Det er kartlagd tre naturtypeområde som til saman fanger opp dei botanisk mest interessante strendene i Ådlandsvatnet.

Lokaliteten er avgrensa frå Stuvvika og ca. 400 m austover til vika der bekken frå Lønning har sitt utløp. Stuvvika ligg sørvest i Ådlandsvatnet. Godt verna bukt innanfor ei lita holme i vatnet. Mudra botn med finkorna materiale. Til dels gjørmete og mykje attgrodd med svartor og høge staudar, slik som kjempepiggnopp, kattehale, myrhatt og flaskestorr. Her veks soleigro på om lag 0,5 m djup (målt ved høg vasstand). Innanfor holmen litt lenger aust er det rolege vasstillhøve og difor grunnlag for attgroing med sumpplanter, og eit stort bestand med kattehale er etablert her.

Ved utløpet av bekken frå Lønning er det finkorna materiale av sand og grus. Også her går svartorskogen lang ut, men ei sone med fukteng ligg imellom skogen og vatnet. I denne sona inngår ei rekkje kulturmarksplanter (kvitkløver, blåkoll, harestorr, harerug, hjartegras) som truleg er restar frå ein kulturfase (slått og beiting) då det var langt mindre skog ved vatnet enn i dag. I vatnet utanfor denne enga er det kortskotstrand med tjønngas, og det vart registrert eit bra bestand med soleigro, og den veks i alle fall ned til 1,5 m djup. Noko lenger ute er det registrert trådbregne (Arne Vatten pers.medd.), men pga. høg vasstand vart ikkje planta funnen i 2007. I littoralsona ved Stuvvika veks også bustsivaks (Arne Vatten pers.medd.), men heller ikkje den vart funnen. Habitatet for bustsivaks er ugunstig, og planta er truga av den attgroande sumpvegetasjonen.

Dei tre raudlista og sjeldne sumpplantene i kategorien sterkt truga gjer at lokaliteten er vurdert som svært viktig.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, flaskestorr *Carex rostrata*, kornstorr *C. panicea*, harestorr *C. leporina*, ryllsiv *Juncus articulatus*, blåtopp *Molinia caerulea*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, hjartegras *Briza media*, tjønngras *Littorella uniflora*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, kattehale *Lythrum salicaria*, myrhatt *Potentilla palustris*, vassmynte *Mentha aquatica*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, harerug *Bistorta vivipara*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, knopparve *Sagina nodosa*, vass-slirekne *Persicaria amphibia*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, nyseryllik *Achillea ptarmica*, blåkoll *Prunella vulgaris*, kvitkløver *Trifolium repens*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, soleigro *Baldellia repens* (EN), bustsivaks *Isolepis setacea* (EN), trådbregne *Pilularia globulifera* (EN)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.07.2007

Lokalitet 64 Ådlandsvatnet – Grønevika

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 2,6 daa

Undertype Mudderbank (E02), rik kulturlandskapsjø (E08)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Ådlandsvatnet er eit stort ferskvatn som ligg 1 km nordaust for Leirvik (for generell omtale, sjå lok. 62). Det er kartlagd tre naturtypeområde som til saman fanger opp dei botanisk mest interessante strendene i Ådlandsvatnet.

Grønevika ligg på vestsida av Ådlandsvatnet, og lokaliteten har ein utstrekning på ca. 100 m av strandsona. Her veks soleigro i mengder i ein middels tett sumpvegetasjon med flaskestorr, kattehale og kjempepiggnopp. Soleigro inngår også i ein kortskotvegetasjon saman med tette rosettar av stivt brasmegras og tjønngras. Trådbregne vart ”attfunnen” i Ådlandsvatnet for første gang på lang tid nettopp her ved Grønevika (av Arne Vatten i 2002). Planta er konkurransesvak og veks så langt inn som 1 m frå fastmarka, og er avhengig av open sand og mudderbotn der det ikkje er anna vegetasjon. Den veks truleg utover i vatnet til eit par meters djup. Trådbregne er avhengig av finkorna, mudra habitat som i stor grad blir tilgrodd med sumpplanter. Eutrofiering og tilgroing av dei mudra strendene er ei sannsynleg forklaring på at arten har gått sterkt tilbake. Sørheim (1969) omtalar trådbregne som ”vanleg i Ådlandsvatnet, og planta er for det meste steril nede i vatnet, men på land set ho sporehopar. Attfunn av trådbregne dei seinaste åra skuldast truleg grundig leiting etter restar frå ei større utbreiing, og ikkje at planta er i ferd med å komme tilbake.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, flaskestorr *Carex rostrata*, krypsiv *Juncus bulbosus*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, tjønngras *Littorella uniflora*, kattehale *Lythrum salicaria*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, vassmynte *Mentha aquatica*, soleigro *Baldellia repens* (EN), trådbregne *Pilularia globulifera* (EN)

24.06.2003

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 10.09.2004

Lokalitet 65 Lønning

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 5 daa

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Området tilhøyrer kulturlandskapet ved Lønning/Kattaveit på sørsida av Ådlandsvatnet, like ved E39. Lokaliteten er ein del av eit større beiteområde med grense til furuskog i aust og nord. I vest er området avgrensa med gjerde mot ein del av kulturlandskapet på Lønning som er kunstig gjødsling og drevet på moderne vis. Lokaliteten ser ut til å vere ugjødsling, og den har vore delvis tresatt, men dei fleste trea vart hogd i 2006. Blir i dag beita av sau. Til tross for eit lite areal på nokre få dekar, er det registrert eit høgt mangfald av beitemarksopp med mange karakteristiske og til dels sjeldne artar. Dette tyder på beitemark med lang kontinuitet, og den blir derfor vurdert til svært viktig.

Noterte artar

Gul narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), stanknarrevokssopp *C. foetens* (VU), ametystkantarell *Cantharellus amethysteus* (NT), røykkøllesopp *Clavaria fumosa* (NT), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, *Entoloma exile*, beiteraudskivesopp *E. sericeum*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, kantarellvokssopp *H. chantarella*, gul vokssopp *H. chlorophana*, kjeglevokssopp *H. conica*, grå vokssopp *H. irrigata*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (NT), raudskivevokssopp *Hygrocybe quieti* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT), vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugssmål

Gjødsling og attgroing

Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde beitinga.

Registrert av Per Fadnes (04.10.2005, 10.10.2006, 22.08.2007)

Lokalitet 66 Holmedalsvatn

Hovudtype Skog

Areal 161 daa

Undertype Kystfuruskog (F12)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på nordsida av Holmedalsvatnet (162 moh.), med utstrekning opp i fattig hei på ca. 380 moh. Lia er bratt og berglendt i midtpartiet vestover mot Geitura. Parti med furuskog av purpurlyng-type i den austlege og øvre delen, der purpurlyng inngår saman med røsslyng og blåtopp. Andre karakterartar er mjølbær, klokkelyng, heiblåfjør, kystmyrklegg og storbjønnskjegg. Den smalstamma og glisne skogen er seintveksande, men inneheld gamle tre på 2 – 300 år. I eit særleg fint parti med gamle tre i nordaust finst noko gadd og furu med diameter på opp til 40 cm. Rasmaterialet under bratte berg er steinete, tørt og veldrenert. På betre bonitetar veks kristtorn, mest som buskar, og i nedre delen ganske mange småplanter, i tillegg til nokre tre av kristtorn på 5 – 10 meters høgde. Jamt over svært mykje einer som tette høge kratt. Mindre parti med rikare vegetasjon med karakterartar som kusymre, tågebær, liljekonvall og fagerperikum. Men vegetasjonen er jamt over sparsamt fordi skogbotnen inneheld mange grove blokker. Her i den nedre delen som har lett tilgjenge er alderen på furu yngre, med ein hovudgenerasjon på opp til 130 år. Trea er ikkje særleg grovvaksne, ca. 30 cm i diameter. Nokre gamle bjørker finst spreidd i området.

Ein ganske fin oseanisk furuskog som er urørt av moderne skogbruk. Fleire oseaniske artar, men generelt dårlig utvikla feltsjikt pga. tett einer. God avgrensing mot vatnet.

Noterte artar

Kristtorn *Ilex aquifolium*, rognasal *Sorbus hybrida*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelyng *E. tetralix*, røsslyng *Calluna vulgaris*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, blåtopp *Molinia caerulea*, hengeaks *Melica nutans*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, kusymre *Primula vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, skogfiol *Viola riviniana*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, tågebær *Rubus saxatilis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, gjerdevikke *Vicia sepium*, nikkevintergrøn *Orthilia secunda*, vivendel *Lonicera periclymenum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, markjordbær *Fragaria vesca*, liljekonvall *Convallaria majalis*, einstape *Pteridium aquilinum*, bjønnekam *Blechnum spicant*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.09.2004

Lokalitet 67 Stordalen

Hovudtype Skog

Areal 191 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01), kalkskog (F03)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i Stordalen i den langstrakte fjellsida som dannar eit skarpt skilje mellom låglandet søraust på Stord og fjellområdet i nordvest. Dette dominerande landskapstrekket er resultatet av ei forkasting. Variert berggrunn, med innslag av grønstein og konglomerat som gir grunnlag for godt jordsmonn og rik skog. Jorda inneheld svært mykje stein og blokker som har rast ut frå berga ovanfor. Det meste er dekt med skog, men litt open rasmark med stein og blokker finst. Stort mangfald av treslag med både edellauvskog og furuskog. Skogen inneheld mykje lind, stadvis med gamle lindestuvar, og i tillegg fleire askestuvar. Også hassel er svært vanleg som underskog både i lauvskog og furuskog. Eik er sjeldnare. Det er fleire barlinder, særleg høgt oppe i lia. Kristtorn veks både i tre- og busksjiktet og gir skogen eit oseanisk særpreg. Variert alder på skogen frå grovvaksne stammer, truleg på over 200 år til ungskog med smale stammer. Furu er ofte høgtragande og kan ha ein diameter på over 80 cm. Bjørk og einer vitner om restar av parti frå skogens kulturfase og pionerstadier.

Vegetasjon med karakter av både rik edellauvskog og oseanisk lågurtfuruskog. Store mengder bergflette veks både på steinblokker, bergveggar og i trestammar. Lundgrønaks, skogfredlaus og kusymre er vanlege karakterplanter som finst i mengder i heile området. Skogfaks veks i eit fint bestand i hasselkratt (KM 9932, 3490), medan bergfaks vart funnen sparsamt 200 m lengre nord. I fuktige sig veks kystmaigull, sumphaukeskjegg og skogstorr. Ramslauk er registrert, men den er ikkje vanleg, kanskje pga. registrering seint på året. Krusfellmose veks i mengder på bergvegger.

Eit interessant og sjeldant skogsområde med restar av gamle tre. Den bratte lia er lite påverka av hogst i nyare tid og granplanting, men for øvrig er den tilstøytande lågareliggande delen av Stordalen hardt dreva av moderne skogbruk. Rik vegetasjon inngår i skog med mangfaldig tresjikt av furu, lind, kristtorn og andre lauvtre som gir skogen eit oseanisk særpreg. Derfor er dette store skogområdet vurdert til svært viktig.

Noterte artar

Barlind *Taxus baccata* (VU), lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, kristtorn *Ilex aquifolium*, krossved *Viburnum opulus*, bergflette *Hedera helix*, bergfaks *Bromopsis ramosa* (NT), skogfaks *Bromopsis benekenii*, skogsvingel *Festuca altissima*, knegras *Danthonia decumbens*, hengeaks *Melica nutans*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hjartegras *Briza media*, storfrytle *Luzula sylvatica*, skogstorr *Carex sylvatica*, fingerstorr *C. digitata*, sanikel *Sanicula europaea*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, legeveronika *Veronica officinalis*, ramslauk *Allium ursinum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, skogsalat *Mycelis muralis*, kvitbladtistel *Cirsium helenioides*, tågebær *Rubus saxatilis*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, skogfiol *Viola riviniana*, jordnøtt *Conopodium majus*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, enghumleblom *Geum rivale*, markjordbær *Fragaria vesca*, gjerdevikke *Vicia sepium*, myske *Galium odoratum*, vivendel *Lonicera periclymenum*, kusymre *Primula vulgaris*, junkerbregne *Polystichum braunii*, bjønnekam *Blechnum spicant*, svartburkne *Asplenium trichomanes*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Granplanting i enkelte parti.

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge ut grana.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.09.2004

Lokalitet 68 Stuvasetraåsen

Hovudtype Skog

Areal 31 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01), gammal, fattig edellauvskog (F02)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Stuvasetraåsen ligg mellom Hjartaåsen og Sætraåsen i ein liten dal som går parallelt med Storedalen. Dalen har retning sørvest mot nordaust. Området ligg i den søraustlege skråninga på den lågare delen av åsen og på flata nedafor. Den sørvendte dalsida har rik edellauvskog av lind, hassel og eik. I sør er det ca. 10 svært store linder med kraftige og til dels krokete stammar. To svære eiketree står her også, og minst ei er hol. Eikene veks i den nordaustlege delen der området går over i furuskog. Også fleire av furutrea har store dimensjonar. Dei store lindene har vore lauva i eldre tid, ei årsak til at dei har blitt såpass omfangsrike (namnet Stuvasetraåsen kjem truleg frå dei stuva trea). Det er mykje død ved av varierende alder og dimensjonar på lokaliteten, både læger og høgstubbar med merke etter hakkespettar. Feltsjiktet ber preg av at området har vore nytta som haustingsskog/kulturlandskap, med grasartar som krattlodnegras og gulaks, men det er fleire tiår sidan området var i bruk, så det har etablert seg ei rekkje bregner og staudar, slik som einstape, ormetelg, smørtelg, sauetelg, mjødurt og fleire andre. Området har parti med rik, oseanisk edellauvskog med karakterartar som ramslauk, sanikel, kusymre, myske og skjellrot.

Det er ein del lungenever og kystnever på trestammar i området, men epifyttfloraen er ikkje vidare undersøkt.

Eit særprege område med gamle og store tre og rik edellauvskog. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B).

Noterte artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, bjørk *Betula pubescens*, furu *Pinus sylvestris*, kristtorn *Ilex aquifolium*, selje *Salix caprea*, sommerek *Quercus robur*, svartor *Alnus glutinosa*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, bjørnebær *Rubus* sp., bringebær *R. idaeus*, tågebær *R. saxatilis*, bråtestorr *Carex pilulifera*, fingerstorr *C. digitata*, skogstorr *C. sylvatica*, slakkstorr *C. remota*, hårfrytle *Luzula pilosa*, storfrytle *Luzula sylvatica*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, hengeaks *Melica nutans*, krattlodnegras *Holcus mollis*, einstape *Pteridium aquilinum*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, falkbregne *Polystichum aculeatum*, junkerbregne *P. braunii*, geittelg *Dryopteris dilatata*, broddtelg *D. carthusiana*, ormetelg *D. filix-mas*, raggtelg *D. affinis*, sauetelg *C. expansa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, hengeving *Phegopteris connectilis*, jordnøtt *Conopodium majus*, enghumleblom *Geum rivale*, engsyre *Rumex acetosa*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, geitrams *Epilobium angustifolium*, gjerdevikke *Vicia sepium*, krattmjølke *Epilobium montanum*, kusymre *Primula vulgaris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, kystmaure *Galium saxatile*, myske *G. odoratum*, legeveronika *Veronica officinalis*, snauveronika *V. serpyllifolia*, tveskjeggveronika *V. chamaedrys*, markjordbær *Fragaria vesca*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, perlevintergrøn *Pyrola minor*, nikkevintergrøn *Orthilia secunda*, ramslauk *Allium ursinum*, sanikel *Sanicula europaea*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, skjellrot *Lathraea squamaria*, skogfiol *Viola riviniana*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, skogsalat *Mycelis muralis*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, stankstorkenebb *G. robertianum*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, krusfellmose *Neckera crispa*, kystnever *Lobaria virens*, lungenever *L. pulmonaria*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Skogen ligg i eit skogbruksområde påverka av hogst og granplanting.

Aktuelle forvaltningstiltak

I skogbruksplanar bør området og særleg dei gamle trea vernast.

Registrert av Per Fadnes

Dato 22.05.2005

Lokalitet 69 Ulvatjørn

Hovudtype Myr

Areal 57 daa

Undertype Kystmyr (A08), rikmyr (A05)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Ulvatjørn (46 moh.) ligg i eit skogs- og myrområde nordaust for Myra. Tjørnet tilhøyrrer eit låglandsvassdrag og ligg nedstrøms Iglatjønn (NR - verneområde for myr). I tillegg fleire mindre bekkeinnløp. Tjørnet er omkransa av myr, særleg med intermediær næringsstatus. Mindre område med rikmyr, særleg nær skytebana sørvest for tjørnet, der det veks samfunn med brunskjene, engstorr, loppestorr, myrsaulauk og særbustorr. Storrbelte med trådstorr og flaskestorr i kanten av tjørnet. Ofte ei sone med elvesnelle utanfor. Parti med fuktig attgroingsmyr med dystorr, kvitmyrak, sivblom, nøkkesiv og dikesoldogg, men også fastmattemyr med pors og blåtopp er vanleg heilt i vasskanten og innover. Til dels store tuer med pors, blåtopp, torvull og kløkkelyng. Stadvis noko svartorskog innanfor, men det er furuskog som dominerer i området. Mindre parti med rikmyr finst omkring tjørnet, men ikkje så artsrik som den ved skytebana. Evjestorr, brunmyrak, nøkkesiv er nokså sjeldne myrartar på Stord.

Eit relativt intakt område med fleire typar myrsamfunn og innslag av rikmyr. Vurdert til viktig, men kjem ikkje opp mot kvalitetane til Iglatjønn lengre opp i vassdraget.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, øyrevier *Salix aurita*, kløkkelyng *Erica tetralix*, pors *Myrica gale*, sjøsvaks *Schoenoplectus lacustris*, brunskjene *Schoenus ferrugineus* (NT), evjestorr *Carex bergrothii* (VU), trådstorr *C. lasiocarpa*, flaskestorr *C. rostrata*, dystorr *C. limosa*, stjerne-storr *C. echinata*, kornstorr *C. panicea*, grønstorr *C. demissa*, loppestorr *C. pulicaris*, engstorr *C. hostiana*, særbustorr *C. dioica*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, brunmyrak *R. fusca*, torvull *Eriophorum vaginatum*, nøkkesiv *Juncus stygius*, ryllsiv *J. articulatus*, blåtopp *Molinia caerulea*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, sivblom *Scheuchzeria palustris*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, rundsoldogg *D. rotundifolia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, grøstesoleie *Ranunculus flammula*, tjønnaks *Potamogeton natans*, vanleg myrklegg *Pedicularis palustris*, tettegras *Pinguicula vulgaris*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Litt av skytebanen på Isdal (Dale) ligg innanfor området.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2004

Lokalitet 70 Dalaelva (Osastykket)

Hovudtype Ferskvatn

Areal 12 daa

Undertype Viktig bekke- og drag (E0603)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten høyrer til kulturlandskapet på nordsida av Storavatnet, der Dalaelva renn gjennom ei gammal slåttemark. Sølvbunke og andre gras er restar frå kulturfasen. Elva er om lag 3-4 m brei, delvis meandrerande og har frodig kantvegetasjon i eit område som tidlegare vart slått og beita. Vegetasjonen er blitt særleg tettvaksen etter at drifta har opphørrt eller er redusert og marka gror att med høge staudar og gras, samt lauvskog med svartor og øyrevier. Den nedre delen har kraftig dominans av sverdlilje langs heile elvebreidda, og innslag av kjempepiggnopp. Svartor utgjer ein kantskog innanfor sona med sverdlilje. Fuktenga og sumpvegetasjonen har naturleg overgang til Storavatnet.

Litt uvanleg naturtype med svært frodig sumpvegetasjon langs ei intakt, meandrerande elv. Litt vanskeleg å plassere som naturtype. Viktige bekke- og drag er valgt, sidan lokaliteten ligg langs og omfattar ein bekk med frodig kantvegetasjon, og lokaliteten er truleg noko for attgrodd til klassifisering under fuktig/våt, næringsrik eng (D0112/D0412).

Lokaliteten er svært frodig, men ingen sjeldne artar er registrert, difor blir verdien vurdert som lokalt viktig.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, øyrevier *Salix aurita*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engsvingel *Schedonorus pratensis*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, englodnegras *Holcus lanatus*, skogrøyrkvein *Calamagrostis purpurea*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, flaskestorr *Carex rostrata*, sumpsvaks *Eleocharis palustris*, åkermynte *Mentha aquatica*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, mjøddurt *Filipendula ulmaria*, engsoleie *Ranunculus acris*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, grasstjerneblom *Stellaria graminea*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, myrtistel *Cirsium palustre*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, soleihov *Caltha palustris*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 03.09.2003

Lokalitet 71 Utslettefjellet

Hovudtype	Skog	Areal	937 daa
Undertype	Brannfelt (F10)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Utslettefjellet ligg nord for Sagvåg i høgdelaget 150 – 252 moh. Kupert terreng med kollar og små dalsøkk og ein del myr. Harde bergartar og tynt jordsmonn. Fjellet vart råka av ein storbrann som gjekk frå Utslettefjellet i sør til Altersfjell i nord i tida 2. – 4. juni 1992. Brannen skjedde etter ein svært tørr og varm periode (i tida 13. mai – 12. juni kom det berre 2,8 mm nedbør). Samla areal innanfor ytre grensene av brannfeltet er om lag 1130 daa. Skrinn lyngdominert furuskog med mykje fjell i dagen, og det er lite produktiv skog (ca. 10 daa) innanfor brannfeltet. Forutan furu var det noko granskog og litt lauvskog, mest bjørk. Tynt jordsmonn dominert av råhumus rett på berget, og denne vart mest påverka der brannen gjekk tvers igjennom den tynne jorda. På seinsommaren i 1992 hadde selje og bjørk sett nye rotskott. Brannskadane på skogen er avgrensa, og delar av området kan truleg karakteriserast som lyngbrann.

Denne omtalen er basert på rapport frå Arne Knutsen datert 26. august 1992, altså kort tid etter brannen. Ikkje undersøkt under biologisk mangfald-kartlegginga. Suksesjonar (attvekst) etter brannen er ikkje blitt undersøkt, men området kan brukast til langsiktige studiar av vegetasjonsutviklinga, dersom det ikkje er gjort inngrep i form av hogst, gjødsling og skogplanting. Brannen skjedde samtidig med storbrannen på Hopsfjellet i Sveio, og ei samanlikning av dei to områda vil vere av interesse.

Registrert av Arne Knutsen **Dato** 26.08.1992

Lokalitet 72 Utslettefjellet sør

Hovudtype	Skog	Areal	17 daa
Undertype	Kalkskog (F03), kystfuruskog (F12)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg på sørsida av Utslettefjellet, ved foten av den bratte bergveggen. Bergarten er konglomerat i "Utsletteformasjonen" med varierende innslag av bollar. Det finst truleg kalkstein som gir grunnlag for ein artsrik vegetasjon med fleire kravstore artar. Området har gunstig eksponering mot sør og sørvest. Skogen er ein furuskog med stort innhald av blokker som har rast ut frå berget, samt ein del berg i dagen. Nokså grovvaksen furu med stammediameter på opp til 50 – 60 cm. Spreidde edellauvre av alm og ask, samt noko platanlønn. Dette gir grunnlag for ein spesiell vegetasjon med mange kantsoner og typiske artar som purpurlyng og blodstorkenebb. Sistnemnte er ein karakterart for kalkskog, men det finst og fleire typiske artar frå kalkskog, som raudflangre, falkbregne, sanikel, samt mykje bergflette på berg og blokker. Lundgrønaks er dominerande i feltsjiktet i storparten av skogen. Stadvis noko meir finkorna materiale i små rasskråningar. Mykje kratt av bjørnebær gjer skogen vanskeleg å ta seg fram i. Ein nokså liten, men artsrik furuskog på kalkhaldig berggrunn. Karakter av både kystfuruskog og kalkskog. Skogar av denne typen er sjeldne på Stord. Lite areal og derfor vurdert til lokal verdi.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, ask *Fraxinus excelsior*, alm *Ulmus glabra*, bergflette *Hedera helix*, trollhegg *Frangula alnus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krossved *Viburnum opulus*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), lundrapp *Poa nemoralis*, fingerstorr *Carex digitata*, heistorr *C. binervis*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, raudflangre *Epipactis atrorubens*, breiflangre *E. helleborine*, skogfiol *Viola riviniana*, sanikel *Sanicula europaea*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, falkbregne *Polystichum aculeatum*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 05.09.2003

Lokalitet 73 Limbuvik

Hovudtype	Skog	Areal	3,5 daa
Undertype	Rik edellauvskog (F01)	Verdi	B – viktig

Områdeskildring

Limbuvik er ei lita bukt på austsida av Dyvikvågen. Sonene med skifer inneheld kalkstein frå Ordoviciumtida (lime tyder kalk). På nordsida av bukta er det ei lita edellauvskog på den kalkhaldige berggrunnen. Fin naturleg avgrensing langs sjøen. Det er mest ask og hassel i tresjiktet, men også nokre bjørker. Bergflette er dominerande både på bakken og klatrande i trestammar, typisk for skog på kalkstein. Karakterartar for kalkrik grunn, både i skogen og i kantsona er blåstorr, vill-lin og stortveblad. Austsida av Dyvikvågen er kjend som eit klassisk og rikt fossilområde, kartlagd av geolog Hans Reusch i 1880-åra (Helland-Hansen 2004). Området er mykje brukt til ekskursjonar. Sjeldne fossilfunn og kalkrik lauvskog, men området er lite og påverka. Derfor vurdert til viktig.

Noterte artar

Ask *Fraxinus excelsior*, rognasal *Sorbus hybrida*, krossved *Viburnum opulus*, bergflette *Hedera helix*, vårmarihånd *Orchis mascula*, vill-lin *Linum catharticum*, tågebær *Rubus saxatilis*, markjordbær *Fragaria vesca*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kusymre *Primula vulgaris*, fuglevikke *Vicia cracca*, skogvikke *V. sylvatica*, stortveblad *Listera ovata*, breiflangre *Epipactis helleborine*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåknapp *Succisa pratensis*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, fingerstorr *Carex digitata*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Bygging av naust med tilhøyrande veg på vestsida av skogen er ein trugsel både mot skogen og fossila. Litt av området er gått tapt med utsprenging til veg.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 24.06.2003

Lokalitet 74 Vasspollen

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1,7 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Vasspollen er ein bukt av Storavatnet ved Sagvåg. Botnen er nokså steinrik og har jamn skråning utover i vatnet, delvis påverka av fyllinga frå vegen som ligg like ved. Det er god sikt i vatnet. Takrøyr veks i eit ca. 20 m bredt belte. Det er kransalgar i vatnet (*Chara* sp.). Det er i tillegg fleire artar av neddykka karplanter, særleg tusenblad, grastjønnaks og småtjønnaks. Stivt brasmegrass veks på botnen mellom steinane.

Noterte artar

Takrøyr *Phragmites australis*, grastjønnaks *Potamogeton gramineus*, vanleg tjønnaks *P. natans*, småtjønnaks *P. berchtoldii*, flotgras *Sparganium angustifolium*, tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, stivt brasmegrass *Isoetes lacustris*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, kransalge *Chara* sp.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 05.09.2003

Lokalitet 75 Nestjødno

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 38 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08), mudderbank (E02), rikare sumpskog (F06),

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Nestjødno er eit næringsrikt tjørn søraust for Sagvåg og har avløp i den retninga til Sjøpollen. Tjørnet ligg berre 12 moh. og har vore dekt av havet tidlegare, truleg med marin leire i botnen som gir næring til vatnet. Vatnet er stort sett omkransd av lauvskog; i søraust ligg det ein rik svartorsumpskog med svartor og sverdlilje, men svartor veks stort sett rundt heile vatnet. I nord er det litt furu. I vasskanten er det store mengder sjøsvivaks som også veks utover i vatnet. Innanfor er det storbelt med flaskestorr, trådstorr, mjøurdurt, myrhatt og andre store sumpplanter. Tilhøva langs vasskanten er varierte, stadvis med fast, langgrunn botn og kortskotstrand (mudderbank) med botnegras og tjønngras. Stadvis er det torvkant med attgroande myr og mykje pors, særleg i nordvest og i sør der det er veksling av myr og frodig sump. I kantsona av tjørnet er det også fukteng, kanskje som restar av gammal kulturmark med grov nattfiol, jåblom, blåkoll og vill-lin. I nordvest er det eit stort bestand med kjevlestorr, samt evjestorr (VU).

I tillegg til det botaniske er det registrert ein sjeldan ferskvassnegl og kanskje vasspissmus.

Eit variert tjørn med stort mangfald og fleire sjeldne artar.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, pors *Myrica gale*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, mjøurdurt *Filipendula ulmaria*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, myrklegg *Pedicularis palustris*, tjønnaks *Potamogeton natans*, myrhatt *Potentilla palustris*, vassmynte *Mentha aquatica*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, blåknapp *Succisa pratensis*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, jåblom *Parnassia palustris*, grov nattfiol *Platanthera chlorantha*, blåkoll *Prunella vulgaris*, vill-lin *Linum catharticum*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, soleihov *Caltha palustris*, botnegras *Lobelia dortmanna*, tjønngras *Littorella uniflora*, tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, flotgras *Sparganium angustifolium*, sjøsvivaks *Schoenoplectus lacustris*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, flaskestorr *Carex rostrata*, trådstorr *C. lasiocarpa*, grønstorr *C. demissa*, kjevlestorr *C. diandra*, dystorr *C. limosa*, evjestorr *C. bergrothii* (VU), blåtopp *Molinia caerulea*, ryllsiv *Juncus articulatus*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 03.09.2003

Lokalitet 76 Hestatjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 51 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Hestatjørdno (23 moh.) tilhører kulturlandskapet ved Nedre Litlabø. Omkransa av beitemark og blir beita av storfe. Mest open mark, men også noko småskog med svartor og øyrevier. Tilsig frå gjødsla markar omkring gir næring til vatnet og god vekst i vegetasjonen. Gjødselsig kjem mest frå nord og sørvest. Naturtypen er dels ei rik kulturlandskapssjø og dels ei attgroingsmyr, med mjukmatte ytst og gradvis overgang til fastare torv lenger inne. Myrvegetasjonen er stadvis rikmyr med ein del myrsaulauk, men arealmessig er det mest av fattigmyr og intermediærmyr. Pors og rome er blant dei dominerande myrplantene i fastmatte, i mjukmatte sivblom og dikesoldogg. I sumpvegetasjonen er det store staudar som kjempepiggnopp, sverdlilje, myrhatt, åkersvinerot og grøftsoleie. I storrelte inngår flaskestorr, trådstorr, dystorr og den sjeldne kjevelstorr. Eit belte med elvesnelle er også karakteristisk. I fukteng og skogkantar veks hanekam og myrmaure.

Eit nokså artsrikt og variert område med myr- og sumpvegetasjon. Også insektfaunaen skal vere rik.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, øyrevier *Salix aurita*, pors *Myrica gale*, røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkeling *Erica tetralix*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, kjempepiggnopp *Spartanium erectum*, småpiggnopp *Spartanium natans*, sivblom *Scheuchzeria palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, åkersvinerot *Stachys palustris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, myrhatt *Potentilla palustris*, sløke *Angelica sylvestris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, rome *Narthecium ossifragum*, grøftsoleie *Ranunculus flammula*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, myrmaure *Galium palustre*, smalsoldogg *Drosera anglica*, dikesoldogg *D. intermedia*, småblærerot *Utricularia minor*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, sjøsvaks *Schoenoplectus lacustris*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, torvull *Eriophorum vaginatum*, flaskestorr *Carex rostrata*, dystorr *C. limosa*, trådstorr *C. lasiocarpa*, kjevelstorr *C. diandra*, krypkvein *Agrostis stolonifera* og mannasøtgras *Glyceria fluitans*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 03.09.2003

Lokalitet 77 Landåsen

Hovudtype Skog

Areal 35 daa

Undertype Kystfurskog (F12)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Kartlagt som MiS-område (miljøregistrering i skog) i 2003. Området ligg på søraustsida av Landåsen, der eit bestand med storstamma furu har blitt ståande att i eit område som elles er påverka av moderne skogbruk, med hogst, granplanting og grøfta myrar. Skogsvegen går rett forbi. Trea er relativt gamle, men truleg ikkje over 200 år. Skogtypen er ein oseanisk blåbærskog med ein del kristtorn.

Verdt å ta vare på som eit restområde med naturskog i eit skogbruksområde.

Registrert av Sigbjørn Hauge og Bjørn Moe

Dato 17.11.2003

Lokalitet 78 Landåsvatn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 0,4 daa

Undertype Mudderbank (E02)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved skogsvegen i sørenden av Landåsvatnet. Tatt med i naturtypekartlegginga pga. ein stor førekomst av den sjeldne og sterkt truga (EN) bustsvaks (funnen av Per Fadnes i 2006). Planta veks der ein liten bekk frå furskogen renn ut i Landåsvatnet. Like før utløpet renn bekken forbi eit lite parti med open grus og finsand, som eit lite minidelta. Lokaliteten er ca. 50 x 10 m, og om lag 60 % er utan vegetasjon. Den vegetasjonslause flaten skuldast flaum og erosjon når bekken renn utover sidene etter mykje nedbør. Det er nettopp desse tilhøva med periodisk fuktig jord og finkorna open sand som er grunnlaget for at bustsvaks kan vekse her (habitatet er noko avvikande frå ei mudderbank). I vegetasjonen inngår andre artar som helst veks i open grus og sand, slik som tunrapp, groblad og paddesiv, samt typiske artar i fuktig jord, som krypsiv, ryllsiv, blåknapp, blåtopp, kornstorr, grønstorr og stjernestorr. Ein interessant og rik førekomst av den sjeldne bustsvaks som veks på ein utsett stad og som skogbruket og andre arealplanleggjarar må vite om og vise omsyn til.

Noterte artar

Bustsvaks *Isolepis setacea* (EN), grøftsoleie *Ranunculus flammula*, groblad *Plantago major*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, følblom *Leontodon autumnalis*, myrflol *Viola palustris*, blåtopp *Molinia caerulea*, tunrapp *Poa annua*, kornstorr *Carex panicea*, grønstorr *C. demissa*, stjernestorr *C. echinata*, krypsiv *Juncus bulbosus*, ryllsiv *J. articulatus*, paddesiv *J. bufonius*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Skogsvegen går rett forbi, og skogbruksaktivitet kan vere ein trugsel mot lokaliteten.

Registrert av Per Fadnes (22.06.2006) og Bjørn Moe (16.07.2007)

Lokalitet 79 Tveitavatnet

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 4,3 daa

Undertype Rik kulturlandskapssjø (E08)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Tveitavatnet (37 moh.) ligg dels i eit skogsområde i nord og dels i eit jordbruksområde i sør. Lokaliteten omfattar den sørvestlege delen av Tveitavatnet, med grense til kulturlandskapet på sidene, der vegetasjonen er beitepåverka. Vatnet har torvkant inn mot land, og det er ein del myr- og sumpvegetasjon mellom vatnet og fastmarka der det er litt småskog og kratt med øyrevier. Middels næringsrikt og humuspåverka vatn med stabil pH (6 – 7).

Her ligg den klassiske lokaliteten for storak, der planta vart funnen for første gong på Vestlandet i 1922 (Holmboe 1924). Storak veks i eit stort bestand utover det ca. 50 m lange neset ("Kalverumpa"), og dekkjer heile sørsida i eit belte på ca. 50 x 3 m. Planta står i overgangen mellom torv og opent vatn. Storak har klart seg bra dei siste åra og produsert godt med fertile strå. I 2007 var talet svært høgt, kanskje så mykje som eit tusen. Stråa var velutvikla og høge, om lag 1,5 m. Men det har ikkje alltid vore slik: på 1960-talet vart vasstanden senka med 1,25 m, og med kunstig låg vasstand i ca. 20 år vart rotstenglane tørrlagde og plantene slutta å blomstre. Dei siste ti-åra har vatnet vore heva ein del, og tilstanden har betra seg. Dette viser at storak er følsam for endringar i miljøet, og som ei varmekjær plante er den rekna som relik (rest) for ei større utbreiing i den postglasiale varmetida. Planta spreier seg ikkje med frø, og den har altså stått på same staden i tusenar av år. Etter at storak vart oppdaga i Tveitavatnet, er den blitt funnen på ein ny stad på Stord (Iglatjønn) og to på Bømlo (Moe 1994, Helland-Hansen 2004). Med to veksestader ved Kristiansand er det seks kjende lokalitetar i Noreg. I myrområdet innanfor storak-førekomsten er det intermediær-myr med ein lokalitet for den sjeldne kjevlestorr. Evjestorr er også kjend herifrå, men ikkje funnen i 2007.

Tveitavatnet og storakførekomsten har vore brukt til undervisning, ekskursjonar og forskning i mange år. Det bør vere ei høgt prioritert oppgåve å verne om dette unike våtmarksområdet.

Noterte artar

Øyrevier *Salix aurita*, pors *Myrica gale*, klokkeling *Erica tetralix*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, myrmaure *Galium palustre*, myrhatt *Potentilla palustris*, sløke *Angelica sylvestris*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, gulldusk *Lysimachia thyrsiflora*, rund soldogg *Drosera rotundifolia*, smalsoldogg *D. anglica*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, blåknapp *Succisa pratensis*, rome *Narthecium ossifragum*, dikeminneblom *Myosotis laxa*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, åkersvineblom *Stachys palustris*, amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*, myrmjølke *E. palustre*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, tjønnaks *Potamogeton natans*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, brunmyrak *R. fusca*, duskull *Eriophorum angustifolium*, storak *Cladium mariscus* (VU), evjestorr *Carex bergrothii* (VU, ikkje funnen i 2007), flaskestorr *C. rostrata*, dystorr *C. limosa*, trådstorr *C. lasiocarpa*, kornstorr *C. panicea*, kjevlestorr *C. diandra*, blåtopp *Molinia caerulea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.07.2007

Lokalitet 80 Sponavikjo

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 3,3 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Sponavikjo ligg sør for Leirvik og er den mest populære badeplassen i Stord. Strandenga ligg på kalkhaldige lausmassar, truleg med innhald av skjelsand, og vegetasjonen blir slått regelmessig om våren og sommaren. Dette, saman med bruken av stranda, gjer at strandenga held seg som ei open grasmark i ei sone på ca. 100 m frå sjøen og inn på land, og det er ingen kunstig gjødsling. Dermed er det gode tilhøve for beitemarksopp, og området har ein spesielt rik førekomst av mange artar raudskivesopp, særleg i kantområda mot skogen i vest.

Fordi Sponavikjo er ein offentleg badeplass må vi rekne med at skjøtsel vil halde fram, og slik sett er dette området ikkje avhengig av tradisjonelt landbruk slik som andre område med naturbeitemark.

På grunnlag av dei seks raudlista beitemarksoppene er verdien av området vurdert til svært viktig.

Noterte artar

Grå dufraudskivesopp *Entoloma ameides* (NT), *E. atrocoeruleum* (NT), melraudskivesopp *E. pruneloides* (NT), *E. scabropellis* (VU), svartblå raudskivesopp *E. chalybaeum*, *E. exile*, tjereraudskivesopp *E. polyopus*, mørktanna raudskivesopp *E. serrulatum*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, limvokssopp *H. glutinipes*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, raudnande lutvokssopp, *H. ingrata* (NT), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing dersom skjøtsel opphører.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde skjøtselen som i dag.

Registrert av Per Fadnes (27.09.2006, 12.10.2006, 22.08.2007)

Lokalitet 81 Gullberg

Hovudtype Skog

Areal 20 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01), kalkskog (F03)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Store Gullberg er den austlege delen av eit skogsområde som ligg mellom bustadområdet ved Leirvik i nord og vest og industriområdet ved Aker Stord i sør. Naturleg, fin avgrensing mot sjøen i aust. Ryggen med næringsrik berggrunn av grønstein, grønskifer m.fl. går aust-vest med ei bratt bergvegg som vender rett mot sør. Frå denne har det rast ut store steinblokker som ligg i skråninga og på flaten framfor. Gunstig lokalklima og gode tilhøve for varmekjær flora. Tett edellauvskog av alm, hassel, kristtorn og ask, men furuskog finst på grunnlendt jord, særleg i aust. I aust veks også barlind og lind. Dei grove blokkene er sterkt tilgrodd med bergflette, og planta kryp utover skogbotnen og opp i trestammene. Skogen kan karakteriserast til rik edellauvskog på rasmateriale og kalkskog på berg og grunnlendt jord. Variert skog der kalkskogen med furu er lysopen med artar som blodstorkenebb og gjeldkarve, medan edellauvskogen er skuggefull men inneheld mange karakterartar for rik skog.

Gullberg har i lang tid vore kjend for å vere Noregs rikaste lokalitet for skjellporelav (funnen av B. Lyng i 1927), og laven veks framleis i mengder på dei store blokkane, oftast saman med bergflette. Det er fleire hundre eksemplar skjellporelav på Gullberg, og dette gir grunnlag for vern av lokaliteten (Tønsberg et al 1996). I seinare tid er gode førekomstar av skjellporelav blitt funnen på Føyno (lok. 85), Spissøy og andre stader i Bømlo. I Noreg er denne sjeldne laven berre kjend frå kommunane Stord, Bømlo og Austevoll. Dei to andre raudlista artane kystblåfiltlav og kyststry er meir utbreidd, men også dei er oseaniske og særleg knytt til det vintermilde klimaet i Sunnhordland.

Gullberg er ein rik og klassisk lokalitet for sjeldne lavartar som har vore mykje brukt til ekskursjonar. Derfor vurdert til svært viktig.

Noterte artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, kristtorn *Ilex aquifolium*, barlind *Taxus baccata* (VU), alm *Ulmus glabra* (NT), bergflette *Hedera helix*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, ramslauk *Allium ursinum*, sanikel *Sanicula europaea*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, kransmynte *Clinopodium vulgare*, kusymre *Primula vulgaris*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, murburkne *A. ruta-muraria*, svartburkne *A. trichomanes*, raggteig *Dryopteris affinis*, storfrytle *Luzula sylvatica*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, skogsvingel *Festuca altissima*, hengeaks *Melica nutans*, fingerstorr *Carex digitata*, blåstorr *C. flacca*, skogstorr *C. sylvatica*.

Tillegg frå NBF ekskursjon 18.09.94: Maurarve *Moehringia trinervia*, åkermåne *Agrimonia eupatoria*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, myske *Galium odoratum*, breiflangre *Epipactis helleborine* (Salvesen 1995).

Lav: Skjellporelav *Sticta canariensis* (EN), kystblåfiltlav *Degelia atlantica* (VU), kyststry *Usnea fragilesceus* (VU)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 03.09.2003

Lokalitet 82 Midthaugen N

Hovudtype	Skog	Areal	13 daa
Undertype	Rikare sumpskog (F06)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved Midthaugen nær vegen, og tilhøyre eit større skogsområde nord for Digernes. Terrenget er kupert med furuskog på dei veldrenerte kollane, medan flatane er fuktige og inneheld sumpskog. Små bekkar og sigevatn samlar seg i søkka, grunnvatnet står høgt, og det er blitt danna svartorskog mange stader. Skogen nord for Midthaugen er eit av dei større områda med rik svartorskog, og den har også dei eldste trea. Karakterarten slakkstorr dominerer, og elles finst andre storrartar som stjernestorr, grønstorr, samt soleihov og mannasøtgras. Artar som blåkoll og myrtistel er teikn på beiting. I ein stilleflytande bekk veks kysttjønnaks. Hodeskoddelav *Menegazzia terebrata* (VU) veks på stammar av svartor.

Denne skogen vart registrert som verneverdig under planleggingsfasen av "Trekantsambandet" (Moe et al. 1996). Området er framleis intakt, men ligg ikkje langt frå vegen. Såpass store areal med rik svartorsumpskog er sjeldne.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, myrtistel *Cirsium palustre*, blåkoll *Prunella vulgaris*, grøtsoleie *Ranunculus flammula*, soleihov *Caltha palustris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, slakkstorr *Carex remota*, stjernestorr *C. echinata*, grønstorr *C. demissa*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypsiv *J. bulbosus*, lyssiv *J. effusus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 16.07.2007

Lokalitet 83 Digernes

Hovudtype	Skog	Areal	5,4 daa
Undertype	Kalkskog (F03)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved Digernes, i skogen nedanfor kulturlandskapet med grense til sjøen ved Digernessundet. Gunstig eksponering mot sør gir eit relativt varmt lokalklima. Bratt terreng med skog som klorar seg fast til hyller og skrentar med rasmateriale og forvittringsjord. Eikeskog og furuskog veks i blanding, men også ein del berglendt terreng og gode forhold for lyskrevjande artar som t.d. blodstorkenebb. Kvit skogfrue har vore kjent frå denne skogen sidan slutten på 1980-talet, og er den vestlegaste førekomsten i Hordaland. Studie av planta på Digernes har vist at populasjonen har hatt ein storleik på om lag 20 individ kvart år i lengre tid (17 individ i 2004). Juvenile planter viser at arten reproduserar gjennom spiring frå frø.

Verdivurdering: Kvit skogfrue er kjent frå omlag ti lokalitetar i fylket. Dei fleste førekomstane er ganske små og må reknast som svært sårbare i forhold til påverknad, som t.d. skogbruk og beiting. På bakgrunn av dette blir lokaliteten vurdert som svært viktig (A), trass i at kvit skogfrue i den nasjonale raudlista "berre" blir vurdert som nær truga – NT.

Noterte artar

Eik *Quercus robur*, furu *Pinus sylvestris*, bergflette *Hedera helix*, skjellrot *Lathraea squamaria*, vårmarihand *Orchis mascula*, breiflangre *Epipactis helleborine*, sanikel *Sanicula europaea*, ramslauk *Allium ursinum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, jordnøtt *Conopodium majus*, kusymre *Primula vulgaris*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, hengeaks *Melica nutans*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, fingerstorr *Carex digitata*, kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia* (NT)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Sauebeiting med trakk og slitasje kan virke negativt inn på populasjonen med kvit skogfrue.

Aktuelle forvaltingstiltak

Halde sauene unna med hjelp av gjerde, noko som har fungert tilfredsstillande.

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 24.06.2004

Lokalitet 84 Steinsholmen

Hovudtype	Rasmark, berg og kantkratt. Kyst og havstrand	Areal	3,4 daa
Undertype	Kantkratt (B02), rikt strandberg (G09)	Verdi	A- svært viktig

Områdeskildring

Steinsholmen (ca. 20 dekar) ligger nord i Nautøysundet og nær Føyno. Holmen vart undersøkt i 1995 i samband med planleggingsfasen av veganlegget i "Trekantsambandet". Feste til kabel for Stordabrua vart bygd nord på holmen, medan resten er intakt. På Steinsholmen er det ein spesiell blandingsskog med furu og lauvtre i forskjellige sjikt, særleg hassel, eik, kristtorn og fagerrogn. Holmen står fram som eit artsrikt område noko forskjellig frå dei andre øyane, særleg fordi kulturpåverknaden har vore mindre. Det vart registrert 133 artar av karplanter, noko som er høgt for eit så lite areal. Fleire av artane er knytt til dei kalkrike strandberga og kantsoner langs stranda, slik som strandlauk, vårskrinneblom, steinstorkenebb, blodstorkenebb og blodtopp. To raudlista kryptogamar vart funne på strandberga: kystblåfilitlav *Degelia atlantica* og *Porella obtusata* (Moe et al 1996). Rik flora og tre raudlistartar, derav ein sårbar og ein sterkt truga, tilseier verdien svært viktig (A).

Noterte artar

Fagerrogn *Sorbus meinichii*, kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krossved *Viburnum opulus*, dvergsmyle *Aira praecox*, hjartegras *Briza media*, knegras *Danthonia decumbens*, markfrytle *Luzula campestris*, heifrytle *L. congesta*, heistorr *Carex binervis*, blåstorr *C. flacca*, engstorr *C. hostiana*, loppestorr *C. pulicaris*, strandlauk *Allium vineale*, vårskrinneblom *Arabidopsis thaliana*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, kystmaure *Galium saxatile*, steinstorkenebb *Geranium columbinum*, blodstorkenebb *G. sanguineum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, vassmynte *Mentha aquatica*, vårmarihand *Orchis mascula*, kusymre *Primula vulgaris*, rosenrot *Rhodiola rosea*, knopparve *Sagina nodosa*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, sanikel *Sanicula europaea*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *S. acre*, smørbukk *Hylotelephium maximum*, strandsmelle *Silene uniflora*
Raudlisteartar: Purpurling *Erica cinerea* (NT), kystblåfilitlav *Degelia atlantica* (VU), glansteppepose *Porella obtusata* (EN)

Litteratur

Moe, Heegaard & Ihlen 1996.

Registrert av	Bjørn Moe, Einar Heegaard og Per Gerhard Ihlen	Dato	Juli 1995
----------------------	--	-------------	-----------

Lokalitet 85 Føyno

Hovudtype	Skog	Areal	7,9 daa
Undertype	Rik edellauvskog (F01)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg nord på Føyno og er knytt til den bratte berghammaren som går mellom Longkjølsvikjo i vest og Nordavikjo i aust. Berget ligg på sørsida av ein rygg med furu- og eikeskog og framfor dette er det skarp overgang til ein stor flate med grasmark. Om lag 200 m av dette berget frå Longkjølsvikjo og austover inneheld ein edellauvskog som vender rett mot sør og har eit gunstig og lunt lokalklima med lite frost og lang vekstseson. Terrenget er berglendt med tynt jordsmonn, og treslaga er lind, hassel, sommereik, ask og kristtorn. Enkelte av trea er grovvaksne og gamle, spesielt ein lind som vart målt til ein diameter på 0,7 m. Linden gir ein del skugge, men elles er skogen stadvis lysopen og prega av mange kantsoner. Vegetasjonen på bakken er lite utvikla, og stort sett knytt til forvittringsjord i bergsprekkar og liknande. I periodar med høg nedbør er berga fuktige og påverka av sigevatn.

Den sjeldne og sterkt truga arten skjellporelav veks i mengder på berg og grove trestammar (mest ask) på lokaliteten. Den veks dels i tett hasselskog og dels i skogkanten. Dette er det andre funnet på Stord av denne arten. Arten er òg funnen på Gullberg (lok. 81). Den store førekomsten av skjellporelav gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A).

Noterte artar

Lind *Tilia cordata*, hassel *Corylus avellana*, sommereik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, kristtorn *Ilex aquifolium*, vivendel *Lonicera periclymenum*, lundrapp *Poa nemoralis*, hengeaks *Melica nutans*, ramslauk *Allium ursinum*, skogsalat *Mycelis muralis*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, legeveronika *Veronica officinalis*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, haremat *Lapsana communis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*
Lav: Skjellporelav *Sticta canariensis* (EN), kystblåfilitlav *Degelia atlantica* (VU)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det er hytter i området, og meir utbygging vil kunne verke negativt inn på lokaliteten.

Registrert av	Bjørn Moe	Dato	16.07.2007
----------------------	-----------	-------------	------------

Lokalitet 86 Korsvikane

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Rikt strandberg (G09)

Areal 10 daa
Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten er eit ca. 1,5 km langt strandberg med relativt bratte skråningar mot sjøen (Langenuen) sørvest for ferjekaien på Nord-Huglo. Eksponering mot sør og sørvest. Området grensar til ein strandsump med svartorskog mot aust. Bergarten er fyllitt med svartskiferlag. Fyllitten inneheld kalk, særleg lengst nord i området. Jordsmonnet er grunt eller mangler heilt. Den søre delen har eit stor innslag av karakteristiske fjellplanter som bergfrue, gulsildre og mot nord raudsildre. Funnet av raudsildre er det tredje i kommunen, og arten er ny for Huglo. Stort innslag av vårmarihand der berget er skifrig.

Strandberg med fjellplanter er kjend frå Hovaneset, men elles er det sjeldan desse hardføre artane veks med sjøen. Det er rikeleg med bergfrue i området, medan raudsildre er nokså fåtallig.

Eit interessant område, men utan sjeldne artar og derfor vurdert til lokal verdi.

Noterte artar

Raudsildre *Saxifraga oppositifolia*, gulsildre *S. aizoides*, bergfrue *S. cotyledon*, rosenrot *Rhodiola rosea*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, bitterbergknapp *S. acre*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, strandlauk *Allium vineale*, kattefot *Antennaria dioica*, vårmarihand *Orchis mascula*, bergskrinneblom *Arabis hirsuta*, kusymre *Primula vulgaris*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, svartburkne *A. trichomanes*, hengeaks *Melica nutans*

Registrert av Arne Vatten, Kristen Benonisen og Per Fadnes

Dato 30.05.1999

Lokalitet 87 Leiro

Hovudtype Kyst og havstrand
Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Areal 103 daa
Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Leiro ligg sør for det grøderike jorbruksområdet på Nord-Huglo og er ei vid bukt med ei stor leirstrand omgjeven av beitemark, strandskog og strandberg. Stranda ligg i ei sone med kalkspatmarmor, men det er først og fremst dei store mengdene med leire som har forma naturtypen av ei stor langgrunn strand som er sjeldan i Hordaland. Den låge helningsvinkelen gjer at store areal blir tørrlagde ved fjøre sjø. I nedste del av tidevass-sona veks det rikeleg med dvergålegras, den nordlegaste førekomsten i verda og den største i Hordaland. Planta har vore kjend frå Leiro sidan den vart oppdaga av Jens Holmboe i 1922, og bestanden er framleis stor og talrik. Ovafor tidevatnet, i geolittoral sone finst nitrofile plantesamfunn med havstorr og rustsivaks, og lenger inne mot land er det svartor-strandskog med slakkstorr og høge staudar som åkersvinerot, klengemaure m.fl.

Leiro er eit stort strandområde der eit stort og livskraftig bestand av dvergålegras framleis er intakt. Planta har blitt borte frå fleire lokalitetar i fylket den har vore kjend frå tidlegare. Dette er den største førekomsten som er att i Hordaland, og Leiro blir derfor vurdert som svært viktig (A). Stranda er tidlegare verdsett til svært stor verneverdi (Lundberg 1992).

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, rustsivaks *Blysmopsis rufa*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, havstorr *Carex paleacea*, slakkstorr *C. remota*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, markrapp *Poa trivialis*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, klourt *Lycopus europaeus*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, klengemaure *Galium aparine*, mjørdurt *Filipendula ulmaria*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, vass-slirekne *Persicaria amphibia*, mynte *Mentha* sp., gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, åkersvinerot *Stachys palustris*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, dvergålegras *Zostera noltei* (EN)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Planar om røyrledning.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten. (Arne Vatten og Per Fadnes 23.05.1999)

Dato 24.06.2003

Lokalitet 88 Ørevik

Hovudtype	Skog	Areal	13 daa
Undertype	Rikare sumpskog (F06)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i vika nord for Ørevik, og frå stranda er det slak skråning ca. 200 m nordover ein liten dal. På den finkorna leirjorda i dalen er det sumpjord med svartorskog. Forutan svartor er det hassel og hegg i tresjiktet. Skogen veks heilt ut til stranda, og der finst nitrofil strandvegetasjon over flomålet med artane klourt, klengemaure og åkersvinerot. Dreneringa går delvis gjennom ein bekk, og det er varierte tilhøve for sumpvegetasjon. Karakterarten for rikare sumpskog, slakkstorr finst i skogen, men er ikkje vanleg. Partier med mykje gras, særleg krattlodnegras og sølvbunke tyder på at det har vore beitemark her tidlegare. På tørre tuer er det blåbærlyng.

Dette er eit stort bestand med svartor, men berre mindre parti med rikare sumpvegetasjon. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, hassel *Corylus avellana*, hegg *Prunus padus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, slakkstorr *Carex remota*, lyssiv *Juncus effusus*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, krattlodnegras *Holcus mollis*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, markrapp *Poa trivialis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, geittelg *Dryopteris dilatata*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, skogsnelle *Equisetum sylvaticum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogstjerne *Trientalis europaea*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, engsyre *Rumex acetosa*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, åkersvinerot *Stachys palustris*, klengemaure *Galium aparine*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, klourt *Lycopus europaeus*, engsoleie *Ranunculus acris*, krypsoleie *R. repens*, myrflol *Viola palustris*

Registrert av	Bjørn Moe og Arne Vatten	Dato	25.06.2003
----------------------	--------------------------	-------------	------------

Lokalitet 89 Huglahammaren

Hovudtype	Rasmark, berg og kantkratt	Areal	6,9 daa
Undertype	Sørvendt berg (B01), kantkratt (B02)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Huglahammaren ligg på sørspissen av Huglo. Lokaliteten omfattar dei bratte, sørvendte berga som har ei utstrekning på ca. 300 langs sjøen og går omlag opp til 30 m koten. Berga har vertikale veggjar og er delvis overhengande. Det går ei vertikal kløft ned gjennom berget med tilkomst frå furuskogen ovafor. Den midtre delen har eit lite platå med bergknausar og blokker ca. 10 moh., og her er det ca. 20 m frå sjøen og inn til bergveggen. Berga er eksponert mot vind og sjø frå sør, men godt verna mot nordavind. Det går ei smal kalksone (1-2 m brei) mellom ein overliggjande kvartskeratofyr (rhyolitt) og ein nedanforliggjande gneis. Kalkåra går like over havnivå midt på lokaliteten og under havnivå mot vest og aust. Vegetasjonen er rikast på platået like over havnivået. Kratt av bjørnebær og roser dominerer, men det finst òg kristtorn, barlind og asal, samt ei stor bergflette som klatrar i berget i sørvest.

Dei to hyperoseaniske artane havburkne og purpurlyng indikerer vintermildt klima med lite frost. Særleg for havburkne er Huglahammaren ein lokalitet som ligg uvanleg langt inn frå ope hav. Den er nokså talrik med ca. 55 individ som veks i berg med overheng både aust (10 individ) og vest på lokaliteten (45 individ), men manglar i den midtre delen. Nokre individ veks på den harde rhyolitten (Fadnes et al. 2000).

Havburkne vart funnen på Huglohammaren første gang av Aske Røskeland i 1930 og er den einaste lokaliteten i Stord kommune (Sørheim 1969). Plantene står framleis fint her, og veksestaden er vanskeleg tilgjengeleg og "vernar seg sjølv". Verdivurdering: Lokaliteten representerer ein litt sjeldan naturtype. Det er registrert tre raudlisteartar her, derav ein sårbar art (barlind), og i tillegg nokre litt uvanlege artar, m.a. norsk asal. Det mest interessante med lokaliteten er likevel førekomsten av havburkne. Arten er nokså talrik her, og i tillegg er dette ein isolert, austleg førekomst som er plantegeografisk interessant. På bakgrunn av dette blir lokaliteten vurdert som svært viktig (A).

Noterte artar

Kristtorn *Ilex aquifolium*, barlind *Taxus baccata* (VU), norsk asal *Sorbus norvegica*, rognasal *S. hybrida*, bergflette *Hedera helix*, steinnype *Rosa canina*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krossved *Viburnum opulus*, knegras *Danthonia decumbens*, hengeaks *Melica nutans*, heistorr *Carex binervis*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, smørbukk *Hylotelephium maximum*, strandkjempe *Plantago maritima*, smalkjempe *P. lanceolata*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, blåknapp *Succisa pratensis*, kusymre *Primula vulgaris*, skogsalat *Mycelis muralis*, fuglevikke *Vicia cracca*, murburkne *Asplenium marinum*, blankburkne *A. adiantum-nigrum*, havburkne *Asplenium marinum* (NT), purpurlyng *Erica cinerea* (NT)

Registrert av	Bjørn Moe og Arne Vatten (25.06.2003), Arne Vatten, Anders Haug og Per Fadnes (29.07.1999).
----------------------	---

Lokalitet 90 Kuhidlervika

Hovudtype	Skog	Areal	28 daa
Undertype	Rik edellauvskog (F01), kystfuruskog (F12)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg inntil eit bratt berg som kan fylgjast meir eller mindre samanhengande frå Kuhidlervika og vidare mot nord og nordvest. Geologisk ligg området på grensa mellom kalkspatmarmor og kvartskaratofyr. Eksponering mot aust og nordaust, med edellauvskog på gunstige stader, særleg der det er forvittringsjord og rasmateriale. Høgt oppe under bergveggar veks det store almar. På den harde rhyolitten veks det mest furu, og området er ein blanding av edellauvskog og furuskog. Feltsjikt med preg av rikare oseanisk lågurtskog med artar som sanikel, fingerstorr, vårmarihand, kusymre og skogfredlaus. Lengst i nord fins store blokker med hinnebregne på nordsida.

Nedanfor skråninga, ovafor eit felt med granplanting er det eit fuktig sig der det veks ormetunge i eit ganske stort bestand på ca. 20 m². Habitatet er noko uvanleg for denne arten som vanlegvis veks på havstrand. Ormetunge er svært sjeldan i Hordaland og har truleg forsvunnen frå fleire av lokalitetane på strand, - kanskje pga. attgroing.

Eit spesielt område av blandingsskog med innslag av den sjeldne og sårbare ormetunge som ikkje er kjend frå andre lokalitetar i Stord og Fitjar. Derfor svært viktig.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, alm *Ulmus glabra* (NT), krossved *Viburnum opulus*, fingerstorr *Carex digitata*, skogstorr *C. sylvatica*, storfrytle *Luzula sylvatica*, sanikel *Sanicula europaea*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, jordnøtt *Conopodium majus*, myske *Galium odoratum*, skogsalat *Mycelis muralis*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, vårmarihand *Orchis mascula*, kusymre *Primula vulgaris*, trollurt *Circaea alpina*, skogvikke *Vicia sylvatica*, markjordbær *Fragaria vesca*, ramslauk *Allium ursinum*, junkerbregne *Polystichum braunii*, grønburkne *Asplenium viride*, hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, ormetunge *Ophioglossum vulgatum* (VU)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Granfeltet nedanfor skogen vil kunne gi skugge og står som eit trugsmål mot ormetunge.

Aktuelle forvaltingstiltak

Hogge ut grana på ein skånsam måte utan å skade ormetunge.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 25.06.2003

Lokalitet 91 Vassvika

Hovudtype	Ferskvatn/våtmark. Skog	Areal	34 daa
Undertype	Rik kulturlandskapsjø (E08), rikare sumpskog (F06)	Verdi	C – lokal verdi

Områdeskildring

Vassvika er eit stort sumpområde på sørsida av Tveitvatnet. Vatnet ligg berre 4 moh., og botnen inneheld truleg næringsrik marin leire. Vatnet er naturleg kalkrikt fordi det ligg midt i kalkbeltet på Søre Huglo. Det får i tillegg tilført næringsstoff frå landbruksmarka i austre delen av nedslagsfeltet. Det er målt stabil høg pH på nær 8, og dette er den einaste kalksjøen i kommunen. Vassvika er den delen av vatnet som har mest sumpvegetasjon. Mange stader er det bratte kalkberg og for djupt og derfor lite vegetasjon i vatnet og i sona innanfor.

Vassvika er ein stor takrørsump, og det veks svartor i den indre delen, som spreidde tre ute i sumpen og tett skog lengre inne. I denne skogen inngår indikatorar for rik sumpskog, slik som slakkstorr, sverdlilje og gulldusk. Svartora er fleirstamma og nokre av trea er relativt gamle, men dei fleste er yngre, truleg etter attgroing ved mindre bruk av beitedyr i utmarka. Skogen veks på leirjord av marine sedimenter.

Eit interessant våtmarksområde med rik sumpskog og gradvis overgang til open vassvegetasjon. Men ingen sjeldne artar er registrert. Derfor lokal verdi.

Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, takrør *Phragmites australis*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, flaskestorr *Carex rostrata*, stjernestorr *C. echinata*, slakkstorr *C. remota*, lyssiv *Juncus effusus*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, myrhatt *Potentilla palustris*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, myrmaure *Galium palustre*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, sløke *Angelica sylvestris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.09.2004

Lokalitet 92 Tveitmarka

Hovudtype Skog

Areal 23 daa

Undertype Kalkskog (F03)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Den nordlige delen av Tveitmarka ligg nord for den delen av skogen som har vegutløysing. Furuskogen her vender mot nord, og har naturleg fin avgrensing langs Tveitvatnet. Trea er kraftige, med diameter på ca. 60 cm, noko som tyder på god vekst på den kalkrike jorda. I tresjiktet inngår også kristtorn og barlind. Det er mykje bergflette både i furutrea og på bakken. Feltsjiktet er for øvrig blåbærdominert og ikkje særleg rikt, men lokalt med karakterartar for kalkskog, slik som sanikel, lundgrønaks og stortveblad.

Eit interessant område med grovvaksen furu på kalkgrunn, men med lite kravstor vegetasjon. Dette kan skuldast eksponering mot nord. Sjeldan naturtype som er vurdert til viktig.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, barlind *Taxus baccata* (VU), kristtorn *Ilex aquifolium*, ask *Fraxinus excelsior*, eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, rognasal *Sorbus hybrida*, bergflette *Hedera helix*, krossved *Viburnum opulus*, tågebær *Rubus saxatilis*, markjordbær *Fragaria vesca*, stortveblad *Listera ovata*, sanikel *Sanicula europaea*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Skogsvegen går nesten fram til området, og skogen er truga av hogst.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 25.06.2003

Lokalitet 93 Kvernahaugen

Hovudtype Skog

Areal 29 daa

Undertype Kalkskog (F03)

Verdi A – svært viktig

Områdeskildring

Kvernahaugen ligg i austenden av Tveitvatnet, og har fin naturleg avgrensing ca. 400 m langs vatnet. Frå bukta går grensa aust for avløpsbekken til Kvernavika. Området ligg i beltet med kalkstein som grensar til grønstein, og skiljet i bergartane går i Kvernabekken. I kalksteinen er det karstlandskap, særleg i søraust. Vegetasjon i karstgropar og i sprekkar i kalksteinen. Furuskog dominerer, men med førekomst av barlind, fagerrogn og edellauvtre som hassel og ask.

Furuskogen er lysopen, særleg der det er kalkberg i dagen og lite jordsmonn. På slike stader veks det blodstorkenebb, kantkonvall, bergperikum og andre artar som ikkje trivst i tett skog. Skogen er svært artsrik, og ei rekkje av artane er nokså sjeldne og/eller gode kalkindikatorar, slik som vaniljerot, vill-lin, hjartegras og blåstorr. Det er registrert fem orkidéartar, også dei meir eller mindre kalkkrevjande, slik som brudespore, raudflangre, breiflangre, vårmarihand og stortveblad. For raudflangre er dette den største førekomsten på Stord. Bergflette er vanleg i berga og klatrande i trestammar. Vegetasjonen er rikast i aust, nær bekken mot Kvernavika.

Kvernahaugen er eit særdeles viktig og verdifullt område med oseanisk kalkfuruskog, med ein vegetasjon som i Noreg er særeigen for Sunnhordland. Liknande vegetasjon finst på Storsøy. Nasjonal verneinteresse.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, barlind *Taxus baccata* (VU), hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, vill-apal *Malus sylvestris*, fagerrogn *Sorbus meinichii*, rognasal *S. hybrida*, bergflette *Hedera helix*, krossved *Viburnum opulus*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, sanikel *Sanicula europaea*, storblåfjor *Polygala vulgaris*, tågebær *Rubus saxatilis*, skogfiol *Viola riviniana*, markjordbær *Fragaria vesca*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kantkonvall *Polygonatum odoratum*, tirltunge *Lotus corniculatus*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, bergperikum *Hypericum montanum*, raudflangre *Epipactis atrorubens*, breiflangre *E. helleborine*, vårmarihand *Orchis mascula*, stortveblad *Listera ovata*, vaniljerot *Monotropa hypopitys*, vill-lin *Linum catharticum*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, hjartegras *Briza media*, knegras *Danthonia decumbens*, blåstorr *Carex flacca*, engstorr *C. hostiana*, fingerstorr *C. digitata*, trollnype *Rosa pimpinellifolia* (VU), brudespore *Gymnadenia conopsea* (NT), lodnefølblom *Leontodon hispidus* (EN, ikkje funnen i 2003)

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det er skogbruksaktivitet på nordsida av Kvernahaugen og skogen er truga av hogst. Granplanting på toppen av åsen på grensa til lokaliteten. Hyttebygging er også ein mogleg trugsel.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 25.06.2003

Lokalitet 94 Tveit gruver

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 4,7 daa

Undertype Skrotemark (D15), gruve (D16)

Verdi C – lokal verdi

Områdeskildring

Tveit gruver ligg sør for garden Tveit og tilhører den geologiske formasjonen som går nordaust for Tveitvatnet. Kopargruvene på Tveit har ikkje vore i drift på over hundre år, men hustufter og spor etter veg og trallebane er framleis synlege. Gruveinnslaget ligg ved foten av ein knaus av hard kvartsitt omgitt av marmor og glimmerskifer. Dei lengste gangane når 35 m inn i fjellet. Koparkisen er helst å finne i lag med kvite kvartsårer. Førekomsten er danna ved at varme løysingar av kopar- og kvartshaldig vatn har avsett kis og kvarts på opne sprekkar i berget. Gruvedrifta tok truleg til i slutten av 1860-åra og i 1885 var det slutt med hovuddrifta. Den vart nedlagt i 1903. Det ligg slaghaugar utanfor gruva og ned mot bukta i Tveitvatnet. Gruveområdet har i dag skilta informasjon (Helland-Hansen 2004).

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 25.06.2003

Lokalitet 95 Tveitbrota

Hovudtype Skog

Areal 9,4 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Tveitbrota ligg på nordsida av Tveitvatnet, og utgjør ei smal, ca. 30 m brei og 400 m lang sone mellom kulturlandskapet på Tveit og vatnet. I denne sona går det bratte berg og skrentar rett i vatnet, og ein ulendt topografi er årsaka til at området ikkje er oppdyrka. Særleg i vest er det stupbratte berg ned i vatnet. Skogen har fin naturleg avgrensing langs vatnet, og enkelte tre heng utover vatnet. Berggrunn av kalkspatmarmor og området har rik brunjord utvikla i gunstig sørvendt skråning med varmt lokalklima. Arealet er lite, men inneheld ein rik edellauvskog med stort mangfald. Særleg tresjiktet er artsrikt med til dels grovvaksen eik med stammediameter på opptil 40 cm og bergflette klatrande i stammen. Eik når også høgast i trekrunene, medan ask, lind og hassel utgjør eit lågare sjikt. Dette gir eit tett tresjikt, med mykje skugge, men med lysopningar i bergskårar ved vatnet. Godt utvikla våraspekt med mykje ramslauk og nyresoleie. I aust er det mykje trakk og slitasje etter beitedyra, og derfor er vegetasjonen lite utvikla. Heile skogen har beitepreg. Men eit gjerde utgjør eit skilje, og med rikare vegetasjon i vest. Den sjeldne og raudlista bergfaks veks i ei bratt skåre under ein bergvegg med bergflette.

Tveitbrota har ein rik skog med store lauvtre som har fått stå i fred pga. vanskeleg tilgjenge i bratt terreng.

Noterte artar

Barlind *Taxus baccata* (VU), hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, alm *Ulmus glabra* (NT), lind *Tilia cordata*, svartor *Alnus glutinosa*, ask *Fraxinus excelsior*, rognasal *Sorbus hybrida*, sølvasal *S. aria*, fagerrogn *S. meinichii*, kristtorn *Ilex aquifolium*, hagtorn *Crataegus* sp., hegg *Prunus padus*, bergflette *Hedera helix*, kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, breiflangre *Epipactis helleborine*, vårmarihand *Orchis mascula*, stortveblad *Listera ovata*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogbingel *Mercurialis perennis*, ramslauk *Allium ursinum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, tågebær *Rubus saxatilis*, kusymre *Primula vulgaris*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, jordnøtt *Conopodium majus*, kratthumbleblom *Geum urbanum*, bergfaks *Bromopsis ramosa* (NT), lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, slakkstorr *Carex remota*

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten (25.06.2003), Arne Vatten og Per Fadnes 26.06.2001

Dato

Lokalitet 96 Litla Brandvikneset

Hovudtype	Skog	Areal	77 daa
Undertype	Kalkskog (F03)	Verdi	A – svært viktig

Områdeskildring

Litla Brandvikneset ligg mellom dei to buktene Litla Brandvika og Store Brandvika. Nokså lang strandlinje og naturleg fin avgrensing mot strandberg og sjøen i aust. Intakt område som er urørt av hytter, naust og liknande. Avgrensing mot vest går omtrent ved skiljet i bergartar der kalkspatmarmor grenser til kvarts. Den kalkrike berggrunnen på Litla Brandvikneset dannar eit karstlandskap med gropar og mindre formasjonar i eit småkupert terreng. Her er bergveggar med småbregnar som grønburkne, svartburkne og hinnebregne og flate parti med rik skog, ofte med bergflette i store mengder, både på bakken og klatrande i trestammar. Skogen er ein variert blandingsskog av bar- og lauvskog. Stadvis med grovaksen furu, med diameter på over 1 m for dei største trea. Furu er typisk ut mot strandberga der den får godt med lys. I tett skog blir furua skugga ut av lauvskogen. Store delar er hasselskog, også den med store tre på ca. 50 cm i diameter. Dette tyder på at hasselen er gammal, og skogen er kanskje restar av ein skog som har vært drevet som hasselkratt, der det har blitt tatt ut hassel etter behov. Hasselen veks i klynger med god avstand, og dette tyder på skjøtsel av trea, og det gjekk truleg dyr på beite i skogen som var meir open før. I dag er skogen gjenvaksen, og det er i stor grad kristtorn og ask som har vakse til, og det er ask som rager høgast. Store osper med diameter på 60 cm finst og. Mange tre i skogen har svært store dimensjonar. Enkelte parti har rein kristtornskog, og det finst eit kjempetre med ei fire-delt stamme med diameter på heile 90 cm like under delingspunktet. Lauvet frå kristtorn blir langsamt nedbrote, og akkumulert på bakken slik at feltsjiktet er dårleg utvikla fleire stader. Men parti med rikt feltsjikt av kalkkrevjande artar finst også, t.d. artar som raudflangre, sanikel og hjartegras.

Eit svært viktig og verdifullt område med oseanisk kalkskog og kristtornskog, med ein vegetasjon som i Noreg er særeigen for Sunnhordland.

Noterte artar

Barlind *Taxus baccata* (VU), hassel *Corylus avellana*, furu *Pinus sylvestris*, ask *Fraxinus excelsior*, kristtorn *Ilex aquifolium*, krossved *Viburnum opulus*, bergflette *Hedera helix*, vivindel *Lonicera periclymenum*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, jordnøtt *Conopodium majus*, kusymre *Primula vulgaris*, skogbingel *Mercurialis perennis*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, sanikel *Sanicula europaea*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, vill-lin *Linum catharticum*, smørbutikk *Hylotelephium maximum*, kattedot *Antennaria dioica*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, tågebær *Rubus saxatilis*, strandlauk *Allium vineale*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, breiflangre *Epipactis helleborine*, raudflangre *E. atrorubens*, vårmarihand *Orchis mascula*, hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*, grønburkne *Asplenium viride*, svartburkne *A. trichomanes*, murburkne *A. ruta-muraria*, skjørlok *Cystopteris fragilis*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hjartegras *Briza media*, fingerstorr *Carex digitata*, blåstorr *Carex flacca*, engstorr *C. hostiana*, skogstorr *C. sylvatica*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Eit frøtre av platanlønn må fjernast. Frø frå dette treet har allereie produsert mange ungplanter. Området vil kunne vere aktuelt til hyttebygging, med kort avstand til sjøen. Kan også vere truga av skogbruk.

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten (26.06.2003), Arne Vatten, Kristen Benonisen, Per Fadnes (01.04.1997)

Lokalitet 97 Store Brandvik

Hovudtype	Rasmark, berg og kantkratt. Kyst og havstrand	Areal	5,5 daa
Undertype	Kantkratt (B02), rikt strandberg (G09)	Verdi	B - viktig

Områdeskildring

Lokaliteten ligg i bratt skråning på nordsida av Store Brandvik. Gunstig eksponering mot sør. Berggrunn av kalkspatmarmor, og eit karstlandskap er fint utforma med mykje kalkberg og relativt lite jordsmonn. Til dels nakne strandberg med kalkflora av gjeldkarve, vill-lin, murburkne, blodstorkenebb, steinstorkenebb og hjartegras. Det er mykje berflette på berga, og fleire stader dekker den berget i store flak. På berghyller og der det er bra med jordsmonn veks det kratt med artar som trollhegg, einer, kristtorn og krossved, samt ei rekkje treslag. Her veks også bergfaks. På toppen av lia er det noko småskog med furu (fragmenter av kalkskog), medan hassel og ask finn rotfeste i den bratte lia. I den vestlege delen (vest for stranda) er det litt eikeskog av lågurttype. Rik flora med fleire regionalt sjeldne artar.

Eit område med høgt mangfald av kalkkrevjande artar, med både oseaniske og varmekjære karaktertrekk.

Noterte artar

Barlind *Taxus baccata* (VU), kristtorn *Ilex aquifolium*, eik *Quercus robur*, furu *Pinus sylvestris*, ask *Fraxinus excelsior*, fagerrogn *Sorbus meinichii*, norsk asal *S. norvegica*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, trollhegg *Frangula alnus*, steinnype *Rosa canina*, bergflette *Hedera helix*, steinstorkenebb *Geranium columbinum*, blodstorkenebb *G. sanguineum*, stankstorkenebb *G. robertianum*, jordnøtt *Conopodium majus*, liljekonvall *Convallaria majalis*, kantkonvall *Polygonatum odoratum*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, vårmarihand *Orchis mascula*, breiflangre *Epipactis helleborine*, raudflangre *E. atrorubens*, stortveblad *Listera ovata*, bitterbergknapp *Sedum acre*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, stormaure *Galium mollugo*, raudkløver *Trifolium pratense*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, skogbingel *Mercurialis perennis*, vill-lin *Linum catharticum*, storblåfjor *Polygala vulgaris*, prikkperikum *Hypericum perforatum*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, bergfaks *Bromopsis ramosa* (NT), hengeaks *Melica nutans*, engrapp *Poa pratensis*, hjartegras *Briza media*, raudsvingel *Festuca rubra*, lunggrønaks *Brachypodium sylvaticum*, blåstorr *Carex flacca*, fingerstorr *C. digitata*

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten

Dato 26.06.2003

Lokalitet 98 Haukanes

Hovudtype Skog. Kulturlandskap

Areal 92 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01), naturbeitemark (D04)

Verdi B – viktig

Områdeskildring

Haukanes ligg ved vegg ende på nordaustsida av Huglo. Geologisk ligg området på grensa mellom kalkspatmarmor i aust og gneis i vest. I vest ligg området opp mot vegen, og i aust er det naturleg fin avgrensing mot fjorden. Terrenget skråner mot aust og søraust og har ein bratt skrent øvst og rasmateriale og forvittringsjord nedanfor. Edellauvskog med tresjikt av alm, hassel og ask. Lind er sjeldnare. Store eiker finst spreidd på grensa til innmarka. Barlind og kristtorn finst som buskar og mindre tre. Gunstig eksponering med varmt lokalklima, lite frost og lang vekstsesong. Bergknausar med mykje bergflette, ofte saman med mattar av krusfellmose. Kalktuffar er utvikla etter utfelling av kalk, og her veks det kalkfjormose. Rik flora med mange karakterartar for oseanisk edellauvskog. Ramslauk finst i mengder heilt ned til strandsona, og det er stort innslag av vårmarihand i heile skogen. Den raudlista fuglereir vart registrert på to stader i 2002 (A. Vatten pers. medd.), men ikkje funnen i 2003. Det er normalt at denne saprofyttiske orkidéen kan leve underjordisk i fleire år. I fuktig sump veks slakkstorr, gulstorr og kystmaigull.

Skogen har vore meir open tidlegare, noko eineren er ein god indikasjon på. Det er framleis opne parti med restar etter det gamle kulturlandskapet ved Haukanes. Slike område står i dag fram som delvis attgrodde markar, og dei er restar etter slåttemark og naturbeitemark. Slåttemarka er ikkje lenger i hevd, men kanskje i bruk som naturbeitemark. Her finst karakterartar som hjartegras, kamgras, markfrytle, harerug, jordnøtt, svartknoppurt, kystgrisorøyre og blåkoll.

Haukanes er eit interessant botanisk område med rik edellauvskog, restar av gammalt, tradisjonelt kulturlandskap og artsrik kalkflora. Fleire kalktippar og ein godt bevart kalkomn.

Noterte artar

Barlind *Taxus baccata* (VU), alm *Ulmus glabra* (NT), kristtorn *Ilex aquifolium*, hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, bergflette *Hedera helix*, kusymre *Primula vulgaris*, gjerdevikke *Vicia sepium*, fuglevikke *V. cracca*, markjordbær *Fragaria vesca*, jordnøtt *Conopodium majus*, ramslauk *Allium ursinum*, skogfiol *Viola riviniana*, liljekonvall *Convallaria majalis*, skogsalat *Mycelis muralis*, skjellrot *Lathraea squamaria*, kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, spansk kjørvel *Myrrhis odorata*, sanikel *Sanicula europaea*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, soleihov *Caltha palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, blåkoll *Prunella vulgaris*, kystmaure *Galium saxatile*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, storblåfjor *Polygala vulgaris*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåknapp *Succisa pratensis*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kattefot *Antennaria dioica*, kystgrisorøyre *Hypochaeris radicata*, harerug *Bistorta vivipara*, stortveblad *Listera ovata*, vårmarihand *Orchis mascula*, breiflangre *Epipactis helleborine*, grov nattfiol *Platanthera chlorantha*, fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT), svartburkne *Asplenium trichomanes*, lundrapp *Poa nemoralis*, skogsvingel *Festuca altissima*, geitsvingel *F. vivipara*, hengeaks *Melica nutans*, hjartegras *Briza media*, kamgras *Cynosurus cristatus*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, markfrytle *Luzula campestris*, skogstorr *Carex sylvatica*, slakkstorr *C. remota*, gulstorr *C. flava*, harestorr *C. leporina*, kornstorr *C. panicea*, kalkfjormose *Ctenidium molluscum*, krusfellmose *Neckera crispa*

Registrert av Bjørn Moe og Arne Vatten (26.06.2003), Arne Vatten og Per Fadnes (23.05.1999)

Lokalitet 99 Kaldedalen

Hovudtype Skog. Myr

Areal 462 daa

Undertype Kystfuruskog (F12), rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring

Kaldedalen tilhører den nordlege delen av Huglo i feltet med næringsfattige kvartsbergartar. Derfor er det påfallande sterk kontrast mellom dette området med mykje impediment og lite vegetasjon og den frodige skogen som veks på kalkgrunn. Sør og aust for Høgafjellet (218 moh.) går det ein bratt fjellskrent med eksponering mot søraust. Her veks det ganske mykje furuskog, skogen har høgare bonitet enn elles på denne geologiske formasjonen. Det er innslag av gamle furutre, samt mykje kristtorn og einer. Enkelte furutre har stammediameter på opptil 70 cm. I vegetasjonen er det blåbærskog med furu og hassel på den beste jorda og ein blåtopp-pors-dominert skog i fattigare og fuktige parti. Purpurlyng er påfallande vanleg, særleg inntil bergskorar der det er varmt lokalklima og ein open skog med mykje lys. Den veks i blåtopp-pors samfunnet, men ikkje i blåbærskog. Elles er heistorr, bjønnekam og rome typiske oseaniske innslag i kystfuruskogen. Murburkne i bergsprekkar tyder på at det finst litt kalkhaldig berg også i dette området. Det same inntrykket får ein av fleire parti med rikmyr som finst i dei fuktige partia av dette hei- og skogsområdet. Indikatorar på rikmyr er breiull, loppestorr, engstorr og brunmyrak. Desse områda er små og ikkje kartlagd, men finst fleire stadar på lokaliteten.

Kaldedalen er eit interessant område med kystfuruskog i mosaikk med fattig hei, impediment og myr (rikmyr). Kanskje det finaste området av denne skogtypen i Stord. Mykje purpurlyng og kristtorn. Skogen er ikkje påverka av moderne skogbruk, og store, gamle tre gir karakter av ein "urørt" skog, som er sjeldan i kommunen.

Noterte artar

Furu *Pinus sylvestris*, hassel *Corylus avellana*, einer *Juniperus communis*, kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Frangula alnus*, pors *Myrica gale*, vivendel *Lonicera periclymenum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), blåtopp *Molinia caerulea*, heistorr *Carex binervis*, loppestorr *C. pulicaris*, engstorr *C. hostiana*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, breiull *Eriophorum latifolium*, brunmyrak *Rhynchospora fusca*, rome *Narthecium ossifragum*, skogfiol *Viola riviniana*, bjønnekam *Blechnum spicant*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.09.2004

Vedlegg 1: Registrerte karplanter i Fitjar og Stord (595 taxa)

I "Floraen på Stord" (Sørheim 1969) er det presentert ei liste over alle karplantar som er registrert på Stordøya. Sidan floraen er i endring, både fordi bruken av utmarka har endra seg og fordi klimaet har blitt mildare, har det vore behov for ein revisjon av denne ca. 40 år gamle floralista. I samband med kartlegginga av naturtypar har det difor blitt laga ein ny floraliste for Fitjar og Stord. Mange artar er framleis med på lista sjølv om dei ikkje er funne att i seinare tid (merka med stjerne), men ein har valgt å ta ut kortlevde og tilfeldig førekommande artar og forvilla hageplantar, om lag 100 i talet. Data til den nye floralista er òg henta frå skriftlege kjelder som Vevle (1981), Meyer (1983), Odland & Fremstad (1989), Lundberg (1992), Odland (1992), Moe (1995), Salvesen (1995), Ihlen (1996), Moe m.fl. (1996), Fadnes m.fl. (2000), Gaarder & Moe (2000), Haug & Fadnes (2000) og Fadnes (2007).

Frekvens på naturtypane: 1=sjeldan/spreidd, 2=vanleg, 3=svært vanleg/stadvis dominant

	Myr	Rasmark og berg	Fjell	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand
	A	B	C	D	E	F	G
TRE, BUSKAR, LYNG							
<i>Abies</i> spp.				1		1	edelgran
<i>Acer pseudoplatanus</i>				2		2	platanlønn
<i>Alnus glutinosa</i>				2	2	3	2 svartor
<i>Alnus incana</i>						1	gråor
<i>Andromeda polifolia</i>	2						kvitlyng
<i>Arctostaphylos uva-ursi</i>				1		1	mjølbær
<i>Arctous alpinus</i>			2				rypebær
<i>Berberis vulgaris</i>				1			berberiss
<i>Betula nana</i>			1				dvergbjørk
<i>Betula pendula</i>				1			hengebjørk
<i>Betula pubescens</i>	1	2	1	3	1	3	bjørk
<i>Calluna vulgaris</i>	1	2	3	3		3	røsslyng
<i>Corylus avellana</i>		1		2		3	hassel
<i>Cotoneaster bullatus</i>		1		1		1	bulkemispel
<i>Cotoneaster</i> sp.				1			mispel
<i>Crataegus monogyna</i>				1			hagtorn
<i>Crataegus rhidophylla</i>				1			korallhagtorn
<i>Empetrum nigrum</i>		1	3	2		2	kreking
<i>Erica cinerea</i>				2		1	purpurlyng
<i>Erica tetralix</i>	3		1	2		1	klokkelyng
<i>Fagus sylvatica</i>				1		1	bøk
<i>Frangula alnus</i>				1	1	1	trollhegg
<i>Fraxinus excelsior</i>		1		2		3	ask
<i>Hedera helix</i>		1				2	bergflette
<i>Humulus lupulus</i>				1			humle
<i>Ilex aquifolium</i>		1		2		2	kristtorn
<i>Juniperus communis</i>		1	3	3		3	einer
<i>Larix decidua</i>				1		1	lerk
<i>Loiseleuria procumbens</i>			1				greplyng
<i>Lonicera periclymenum</i>		2		2		2	vivendel
<i>Malus sylvestris</i>				2		1	vill-apal
<i>Myrica gale</i>	3			1		1	pors
<i>Oxycoccus microcarpus</i>	2						småtranebær
<i>Picea abies</i>				2		3	gran
<i>Picea sitchensis</i>				2		2	sitkagran
<i>Pinus sylvestris</i>	1	1		1		3	furu
<i>Populus tremula</i>		1		1		2	osp
<i>Prunus avium</i>				1			morell
<i>Prunus domestica</i> ssp. <i>insititia</i>				1			kreke
<i>Prunus padus</i>		1		2		2	hegg
<i>Quercus petraea</i>				1		1	vintereik
<i>Quercus robur</i>		1		2		2	sommereik
<i>Ribes rubrum</i>				1			hagerips
<i>Rosa canina</i>		1		2		2	steinnype
<i>Rosa dumalis</i>		1		2		2	kjøttnype
<i>Rosa majalis</i>		1					kanelrose
<i>Rosa pimpinellifolia</i>		1		1		1	trollnype
<i>Rosa villosa</i> ssp. <i>Mollis</i>				1			bustnype
<i>Salix aurita</i>	1				2	2	øyrevier

	Myr	Rasmark og berg	Fjell	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	C	D	E	F	G	
<i>Salix caprea</i>		2		2	1	2		selje
<i>Salix cinerea</i>		1						gråselje
<i>Salix glauca</i>			1					sølvvier
<i>Salix herbacea</i>			2					musøyre
<i>Salix lapponum</i>			1					lappvier
<i>Salix myrsinifolia</i>					1			svartvier
<i>Salix repens</i>		1		2		2		krypvier
<i>Sambucus nigra</i>				1		1		svarthyll
<i>Sambucus racemosa</i>				1		1		raudhyll
<i>Sorbus aucuparia</i>		2	1	2		2		rogn
<i>Sorbus hybrida</i>						1		rognasal
<i>Sorbus meinichii</i>				1		1		fagerrogn
<i>Sorbus norvegica</i>						1		norsk asal
<i>Sorbus rupicola</i>		1						bergasal
<i>Taxus baccata</i>				1		1		bårlind
<i>Tilia cordata</i>		1				1		lind
<i>Ulmus glabra</i>		1		1		1		alm
<i>Vaccinium myrtillus</i>		1	3	2		3		blåbær
<i>Vaccinium uliginosum</i>	1		3	1	1	2		blokkebær
<i>Vaccinium vitis-idaea</i>		2	2	2		2		tyttebær
<i>Viburnum opulus</i>		1		1		1		krossved
GRAS OG GRASLIKNANDE								
<i>Agrostis canina</i>		1						hundekvein
<i>Agrostis capillaris</i>		2		3		2	1	engkvein
<i>Agrostis gigantea *</i>				1				storkvein
<i>Agrostis stolonifera</i>				1	1		1	krypkvein
<i>Agrostis vinealis</i>		1						bergkvein
<i>Aira praecox</i>							1	dvergsmyle
<i>Alopecurus geniculatus</i>				1	1			knereverumpe
<i>Alopecurus pratensis</i>				2				engreverumpe
<i>Anthoxanthum odoratum</i>		1	2	3		1		gulaks
<i>Arrhenatherum elatius</i>							1	hestehavre
<i>Avenella flexuosa</i>		2	2	3		2	1	smyle
<i>Avenula pubescens</i>				1				dunhavre
<i>Blysmopsis rufa</i>							2	rustsivaks
<i>Bolboschoenus maritimus</i>							2	havsivaks
<i>Brachypodium sylvaticum</i>						2		lundgrønaks
<i>Briza media</i>				1				hjarTEGRAS
<i>Bromopsis benekenii</i>						1		skogfaks
<i>Bromopsis ramosa</i>						1		bergfaks
<i>Bromus hordeaceus*</i>				1				lodnefaks
<i>Calamagrostis epigejos</i>		1						berggrøyrkvein
<i>Calamagrostis phragmitoides</i>						1		skoggrøyrkvein
<i>Carex arenaria</i>							1	sandstorr
<i>Carex atrata</i>			1					svartstorr
<i>Carex bergrothii</i>	1							evjestorr
<i>Carex bigelowii</i>			3					stivstorr
<i>Carex binervis</i>				2		1		heistorr
<i>Carex brunnescens</i>			1					seterstorr
<i>Carex canescens</i>					2			gråstorr
<i>Carex capillaris</i>			1					hårstorr
<i>Carex chordorrhiza*</i>	1							strengstorr
<i>Carex demissa</i>				1	2		1	grønstorr
<i>Carex diandra</i>					1			kjevlestorr
<i>Carex digitata</i>						1		fingerstorr
<i>Carex dioica</i>	1							særbustorr
<i>Carex distans</i>							1	grisnestorr
<i>Carex echinata</i>	1		1	2	1	2	1	stjernestorr
<i>Carex flacca</i>	1			1		1		blåstorr
<i>Carex flava</i>	1		1					gulstorr
<i>Carex hostiana</i>	1							engstorr
<i>Carex juncella</i>					1			stolpestorr

	Myr	Rasmark og berg	Fjell	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	C	D	E	F	G	
